



ULSTEIN KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2014



Foto: Himmelhøgt

ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGAR OG POSITIVE ENDRINGAR FOR
INNBYGGARAR OG REGIONALT NÆRINGS LIV. ULSTEIN SAMFUNNET SI FORANKRING
LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE
MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.



ULSTEIN - *der baug bryt bære*



ULSTEIN KOMMUNE

VERDIGRUNNLAG

Nyskaping
Omsorg
Rausheit
Mangfald



STYRINGSMÅL

Nøgde brukarar
Motiverte og kvalifiserte
medarbeidarar
Godt omdøme
God ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar
og motiverer innbyggjarar,
organisasjonar og næringsliv som
viser visjonar, vilje og pågangsmot
til beste for eiga utvikling,
medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

Arbeider etter verdigrunnlaget
Set brukaren i fokus
Representerer jobben og
kommunen og gjer jobben sin på
ein profesjonell måte
Følgjer lojalt opp vedtak og
styringssignal



VÅRE LEIARAR

Er utviklingsorienterte
Kommuniserer godt
Har endringsvilje
Er lojale
Har evne og vilje til leiing



Ulstein - ein god stad for
menneske i alle livsfaser

INNLEIING	SIDE 4
HELSING FRÅ ORDFØRAREN	SIDE 6
ORGANISASJON OG ØKONOMI	SIDE 8
HMS-prisen	Side 10
Organisasjon	Side 12
Driftsresultat, Ulstein kommune	Side 16
Investeringsrekneskap, Ulstein kommune	Side 19
Balanserekneskap, Ulstein kommune	Side 20
Fond	Side 21
Driftsresultat, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF	Side 22
Investeringsrekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF	Side 24
Finansforvaltning	Side 26
ETATSVISE OVERSIKTER	SIDE 30
Sentraladministrasjon	Side 32
Helse- og omsorgsetaten	Side 34
Oppvekst- og kulturetaten	Side 36
Teknisk etat	Side 38
Årshjul	Side 40
Organisasjonskart	Side 41
AVDELINGSVISE OVERSIKTER	SIDE 42
Folkevalde	Side 44
Økonomi og organisasjon	Side 46
IT-avdelinga	Side 48
Kommunikasjonsavdelinga	Side 50
Helse og omsorg – sone 1	Side 52
Helse og omsorg – sone 2	Side 54
Helse og omsorg – sone 3	Side 56
Helse og omsorg – sone 4	Side 58
NAV	Side 60
Legetenesta	Side 62
Helsestasjonstenesta	Side 64
Haddal skule	Side 66
Hasund skule	Side 68
Ulstein skule	Side 70
Ulsteinvik barneskule	Side 72
Ulstein ungdomsskule	Side 74
PPT	Side 76
Ulstein kompetansesenter	Side 78
Flyktning og innvandrarak	Side 80
Sundgotmarka barnehage	Side 82
Kulturavdelinga	Side 84
Ulstein kulturskule	Side 86
Ulstein bibliotek	Side 88
Sjøborg kulturhus og kino	Side 90
Ulstein brannvesen	Side 92
Anlegg og drift	Side 94
Plan- og bygningsavdelinga	Side 96
VA - Vatn og avløp	Side 98
Veg og hamn	Side 100
Vedlegg: Interkommunalt barnevern	Side 102

Innleiing

Vi vart vertskap for over 200 nye innbyggjarar siste året, eit privilegium vi ikkje skal ta for gitt. Det å finne gode løysingar i møte mellom alle våre 8300 innbyggjarar – både brukarar, frivillige og næringsdrivande – er framleis vår viktigaste drivkraft for å utvikle kommunen og lokalsamfunnet. Døma på gode og nyskapande prosjekt er mange også i 2014, både i smått og stort. GPS-sporing av spreke demente illustrerer dette, samarbeidsavtalane for nye anlegg på Høddvoll likeså.



Samspel i praksis handlar om å utvikle ein kultur der fokus på gode løysingar vert ein ryggmargsrefleks. Vi er komne langt i Ulstein på dette området. Dette gjeld også trepartssamarbeidet mellom tillitsvalde, arbeidsgjevar og politisk leiing. Det var til dømes her at idéen om tilstandsrapport for helse- og omsorg, lik den kommunen årleg utarbeider for oppvekst, hadde sitt utspring. Også gjennom dei mange møta med lokalt arbeidsliv har gode idéar blitt konkrete samarbeid, slik som tanken om eit læringssenter tilknytt vårt nye bibliotek. Det same gjeld på mange område der fylkeskommunen er naturleg samarbeidspartnar, til dømes storprosjektet Sjøgata og det nye innføringstilbodet ved Ulstein vidaregåande skule.

Frå trekant til mangekant. Ved å stadig jakte på smarte løysingar og samarbeid, har særskilt helse- og omsorgstenestene gjort ein formidabel innsats med omstilling under samhandlingsreforma. Også stab utmerkar seg med eit tydeleg fokus på ressurseffektivisering, og oppvekst løftar seg stadig i sitt utviklingsarbeid. Det er flott, for det er primært på tenesteutvikling vi no skal jakte meir på gode trekantsaker, ja gjerne mangekanta samarbeid. Truleg er vår

veksande arbeidskraftreserve av friske pensjonistar og eit vitalt organisasjonsliv to aktuelle kjelder til nye samarbeid for rasjonelle tenester framover.

Hald fokus. Betre folkehelse er ein stadig meir integrert del av kommunens utviklingsarbeid, og dette har vist igjen både gjennom infrastrukturtiltak og lavterskeltilbod gjennom 2014. Det same gjeld innbyggardialogen, med 13 brukarundersøkingar på tenestene. Men arbeidet med det fleirkulturelle Ulstein har vore avgrensa til møtet med førstelinja, i skulane, på helsestasjonen, m.v. Systematisk integreringsarbeid har fått lite fokus, og med den internasjonale samansetnad vår kommune har, bør dette løftast mykje meir fram med systematikk og langsiktig fokus.

Stram kostnadsstyring og kontinuerleg fokus på omstilling er ingen ny resept, men må ha tydelegare prioritet framover. I 2014 kjem vi greitt frå det fordi meirinntekter og meirkostnader følger kvarandre, men det er ikkje gitt for tida framover. Vi må også vidareføre vårt forbedringsarbeid som ein politisk målstyrt kommune med bevisst prioritering. Resultata frå KS kommunekompass viser ei positiv utvikling her, og vi set oss nye mål slik


at utviklingsarbeidet vert ein integrert del av vår praksis.

Overskotet krympar. Til tross for gode skatteinntekter og lave renter er netto driftsresultat altså svakare enn føregående år. Nokre tendensar peikar seg ut: Stigande pensjonsutgifter bind opp stadig meir av drifta. Det same gjeld tilskot til private barnehagar, der føresetnadene for tilskotsutrekning har endra seg i fleire omgangar. I tillegg bør nemnast at arbeidet med barn i risiko gjennom vårt interkommunale barnevern, framleis viser bratt kostnadsvekst. Kommunen styrkar driftsfondet med om lag 2,6 million, halvparten av opprinneleg budsjett. Men det er eit lyspunkt at kommunen i 2014 har rimeleg god kostnadskontroll innanfor dei store kjerneoppgåvene, sjølv om marginane er små. Dersom den sterke folkeveksten bremsar opp på grunn av lavare sysselsetting framover, vil reknestykket kunne rakne og tiltak må settast i verk raskt.


Stor takk til våre 611 tilsette, som har løfta i flokk, funne løysingar og hjulpet kvarandre til nytte for innbyggjarane, og med basis i rammene vi har. Det har de gjort godt også i 2014!

Einar Vik Arset
rådmann

Kommunekompasset 2015 og 2013



Kommunen har fått evaluert sin forvaltningspraksis av KS i 2013 og 2015. Grafen viser fin utvikling på område “3. Politisk styring og kontroll”, område “5. Resultatfokus og effektivitet” og område “7. Utviklingsstrategi og lærende organisasjon”.



Auken frå 361 poeng i 2013 til 433 poeng i 2015 er betydeleg ettersom det er krevjande å løfte ein kommune meir enn 30 poeng årleg i kommunekompasset. For kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar scorar Ulstein høgst av dei kommunane som er evaluert i kommunekompasset.

Ulstein vs alle kommuner evaluert med Kommunekompasset 2.0



Som vi ser av diagrammet skårar Ulstein godt over landsgjennomsnittet på samtlige område. Størst er det positive avviket på område 3 Politisk styring og kontroll, område 7 Utviklingsstrategi og lærende organisasjon og område 8 Kommunen som samfunnsutviklar.

Helsing frå ordføraren

Ulstein kommune - framleis ein utviklingsorientert kommune!

Året 2014 vart nok eit godt år for Ulstein kommune, med stor aktivitet og full sysselsetting også i næringslivet. Samarbeid og informasjonsutveksling mellom kommune og næringsliv har vorte utvikla vidare, og kommunen si toppleiiing har gjennomført om lag 30 næringslivsbesøk i løpet av året. Ordføraren si oppfatning er at desse besøka er svært nyttige for begge partar. I Økonomiplanen for 2015 – 2019 er det planfesta at det skal gjennomførast minst 15 næringslivsbesøk pr. år. Befolkningsutviklinga har framleis vore god i kommunen, og kommunen nærma seg 8300 innbyggjarar i 2014. Det er vel ingen kommune i vårt fylke som relativt sett har hatt større befolkningsvekst enn Ulstein, kanskje med unntak av eit par randkommunar til Ålesund. Ein slik sterk befolkningsauke over så mange år gir ein liten kommune som Ulstein store utfordringar, men samstundes også store moglegheiter. Spørsmålet framover vert kor vidt denne auken vil avta på grunn av svakare konjunkturar i næringslivet, eller om «tyngdekrafta» i ulsteinsamfunnet no er blitt så vidt sterk at utviklinga vil halde fram.

Stortinget har vedteke å sette i gang ei stortilt kommunereform i inneverande stortingsperiode, med utgreiingsplikt for alle kommunar. Ulstein kommune gjorde sitt 1. retningsvedtak i mai 2014. I utgangspunktet ser Ulstein kommunestyre føre seg ein «Ytre Søre kommune», men er heller ikkje framand for å sjå føre seg ein storkommune på heile Søre Sunnmøre. Endeleg vedtak skal gjerast i kommunestyra i juni 2016. Eg registrerar at det etter kvart er stor aktivitet kring om i kommunenorge, og at det er vanskeleg i dag å spå kva som vert den endelege konklusjonen i vår region. I denne prosessen skal også alle innbyggjarane ha høve til å få seie sitt. Åra 2015 og 2016 vert spennande år for

heile kommunenorge!
2014 var eit bra år for Ulstein kommune også reint økonomisk. Kommunen har kontroll på driftsøkonomien innan kjerneoppgåvene, med nokre særskilde utfordringar innan barnehage, barnevern og pensjon. Grunnlovsjubileet 2014 vart gjennomført med stil i kommunen med god hjelp både frå historielag, kyrkje og frivillige organisasjonar. Elles er eg fornøgd med kommunen si satsing på skulen gjennom KS-prosjektet «Den gode skuleeigar», der representantar frå Ulstein kommune var aktive medspelarar gjennom heile prosjektperioden. Gjennom dette prosjektet har skuleeigar, både politisk og administrativt, teke ei mykje meir aktiv rolle i høve både kvalitet og utvikling i skulen. Særskilt har skulen si forankring i det politiske miljøet blitt monaleg forsterka, og kommunestyret har mellom anna vedteke at det skal gjennomførast minst to temamøte innan oppvekstområdet kvart år. Eg føler meg ganske sikker på at dette på sikt vil heve både struktur- og resultatkvalitet i ulsteinskulen.

Ulstein kommune ligg strategisk plassert i ei næringsklynge som er sterkt konkurranseutsett og internasjonalt retta. Næringslivet vårt må heile tida vere på offensiven for å styrke si eiga konkurransekraft både nasjonalt og internasjonalt gjennom innovasjon og nye utviklingsprosjekt. I ein slik setting er eg også svært nøgd med at kommunen sjølv har sett innovasjon og utviklingsfremjande tiltak systematisk på dagsorden, og at kommunestyret har peika ut Ulstein formannskap som «innovasjonsstyre». Etter mitt syn er det like viktig for offentleg sektor som for det private å finne nye og framtidsetta løysingar på utfordringar innan alle dei kommunale tenestoområda.




Eg er no inne i mitt siste år som ordførar og ønskjer difor å «takke for meg». Gjennom meir enn 30 år i lokalpolitisk arbeid i kommunen og tre periodar som ordførar har eg opplevd ein kommune i eventyrleg vekst. Eg har opplevd eit lokalpolitisk miljø i Ulstein som har vore ekstremt opptatt av å finne dei gode kollektive løysingane, og eg har knappast opplevd personkonfliktar i det politiske arbeidet gjennom alle desse åra. Dette er truleg eit av dei suksesskriteria som gjer at vi har kome så langt som vi faktisk har gjort i vår kommune. Eg har også opplevd ein administrasjon og tilsette med svært god kompetanse og kunnskap innan sine fagfelt, og som har vore lojale overfor politiske vedtak. Dette har vore viktige føresetnader for ei god utvikling i kommunen. Med desse avsluttande orda vil eg takke alle våre tilsette og alle mine politiske kollegaer for god innsats og godt samarbeid gjennom mange år, også i 2014, og ønskje Ulstein kommune alt godt for framtida.

Jan Berset
ordførar




Ulsteinhallen: Mange av kommunen sine investeringsprosjekt vart ferdigstilt vinteren 2014/15 og har kravd betydeleg kapasitet til oppfølging. Ulsteinhallen utmerkar seg som eit mangekant samarbeid mellom offentlig, privat og frivillig sektor.

Folketal 2000-2014 og framskriving 2015-2024 med og utan nettoinnvandring



Innpendling i prosent av sysselsette



Organisasjon og økonomi





ULSTEIN

ULSTEINHALLEN

BILLETTKONTOR

HMS-prisen

Årets arbeidsplass 2014

HMS-pris for 2014 i Ulstein kommune – Ulsteinvik barneskule

Arbeidsmiljøutvalet deler kvart år ut ein pris til ein arbeidsplass/etat/avdeling/enkeltperson eller gruppe i Ulstein kommune som har gjort ein spesielt god innsats for arbeidsmiljøet. Prisen for 2014 gjekk til Ulsteinvik barneskule.

Vi gratulerer rektor Vegard Gurskevik og alle tilsette ved Ulsteinvik barneskule med godt arbeid og fortent pris!





Organisasjon

Ulstein kommune hadde i 2014 611 tilsette fordelt på 442,5 årsverk. Fordeling av årsverk på dei ulike etatane kjem fram i årsrapporten under kvar etat. 82% av våre tilsette er kvinner, 18% er menn. I leiande stillingar er samansetninga 13 kvinner og 11 menn. Dei tilsette fordeler seg slik i alder og kjønn:

	UNDER 20 ÅR	20 -29 ÅR	30 -39 ÅR	40 - 49 ÅR	50 - 59 ÅR	60 - 69 ÅR	70 +	ANTAL TILSETTE
Kvinne	14	59	92	129	135	69	1	499
Mann	2	9	28	23	31	18	1	112
Totalt	16	68	120	152	166	87	2	611
Alders-fordeling %	2,6 %	11,1 %	19,6 %	24,9 %	27,2 %	14,2 %	0,3 %	

Heiltid - deltid

56% av kvinnene som er tilsett i Ulstein kommune har meir enn 80% stilling. Dette er ei forbetring frå 2013, men oversikta under viser at dette er noko vi må jobbe meir med. Både for å sikre kvalitet på tenestene, kompetanse i organisasjonen og hindre ufrivillig deltid, er det framleis eit mål å redusere talet på deltidstilsette.

	UNDER 50 %	50 - 80 %	OVER 80 %
Kvinner	18 % (17 %)	26 % (38 %)	56 % (45 %)
Menn	27 % (29 %)	12 % (13 %)	61 % (59 %)

Netto lønnskostnader for 2014 er om lag 290 mill. kr og utgjer 50% av driftsutgiftene.

Lærlingar


I samarbeid med Opplæringskontoret Søre Sunnmøre arbeider vi aktivt for å rekruttere lærlingar til våre fagområde. Målsetjinga er at vi skal ha minst ein lærling pr. tusen innbyggjar. Ved utgangen av 2014 hadde vi 12 lærlingkontraktar. Desse er fordelt på institusjonskokk, feiar, barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar og kontorfag. Ulstein kommune har leiarvervet i styret for Opplæringskontoret. Instruktør opplæring, samling for lærlingane, kontakt med skulane, karrieredagar og oppfølging av kontraktane vert gjort av dagleg leiar i Opplæringskontoret.



Sjuefråværet

Gjennom IA-avtalen har Ulstein kommune eit mål om å halde sjuefråværet under 7%, eller eit arbeidsnærvar på 93%. I 2014 var det totale sjuefråværet i Ulstein kommune 8,73%. Dette er ein svak auke i høve til 2013. Auken skriv seg i hovudsak frå to av sonene i helse- og omsorgsetaten. Sjuefråværet er nærare omtalt under kvar eining i årsrapporten.

UTVIKLING SJUEFRÅVÆRET ULSTEIN KOMMUNE											
2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
8,58 %	8,48 %	8,06 %	8,90 %	8,30 %	7,70 %	7,90 %	7,30 %	6,40 %	7,40 %	8,40 %	9,40 %



Pensjon

Tal på tilsette som har teke ut heil eller delvis pensjon i 2014. Tal frå 2013 i parentes.

TYPE PENSJON	KLP	SPK
Attførings-/uførepensjon	8 (10)	5 (4)
AFP	3 (6)	5 (4)
Alder	3 (1)	0 (2)
Sum	14 (17)	10 (10)

KLP = Kommunal Landspensjonskasse

SPK = Statens pensjonskasse (gjeld undervisningspersonalet)

Avviksrapportering

Kvalitetssystemet har for det meste fungert godt i 2014. Elektronisk rapportering og handtering av avvik har kome på plass og særleg helse- og omsorgsetaten har gode rutinar på dette. Tekniske vanskar i samband med flytting av domene frå Ulstein til SSIKT har ført til at det i periodar har vore vanskeleg å registrere og finne avvik for den som melder og den som tek mot avvik. Dette har vore frustrerande for fleire, og kan ha ført til at avvik og handtering av avvik ikkje har vore registrert på korrekt måte.

Tabellen under viser oversikt over avvik fordelt på avdeling og avviksområde.

AVVIK/AVDELING	HMS	VALD OG TRUSLAR	TENESTEKVALITET	INFORMASJONSSIKKERHEIT
Stab	-	-	-	6
Helse og omsorg	80	95	134	1
Teknisk	1	-	1	-
Oppvekst og kultur	5	10	1	1
Sum	86	105	136	8

Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Ulstein kommune arbeider for å fremje lova sine formål innan vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og vern mot trakassering. Ulstein kommune har som mål å vere ein arbeidsplass som legg til rette for tilsette med redusert funksjonsevne. I samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta får tilsette individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgåver.

Prosjekt for likestilte teneste i kommunen vart avslutta i 2014. I dette prosjektet har vi i samarbeid med Helsestasjonen og Sundgotmarka barnehage hatt fokus på likestilte teneste for gutar og jenter i barnehagen og likestilte tenester for barn av norske og utanlandske foreldre. Gjennom dette prosjektet har vi også hatt fokus på Ulstein kommune som arbeidsgivar og samfunnsutviklar. Vi har valt å ha dette som hovudtema i fleire leiarsamlingar i 2014.




Bedriftshelseteneste

I regi av bedriftshelsetenesta er det gjennomført helseundersøking ved Hasund, Haddal og Ulstein skule i tillegg til årlege undersøkingar ved teknisk etat og brannvern. Ved Sundgotmarka barnehage er det gjennomført ergonomiundervisning, førstehjelpskurs og kurs i stressmeistring. Også ved Ulstein kompetansesenter er det gjennomført ergonomiundervisning. For å følge opp mange meldingar om vald og truslar, har bedriftshelsetenesta hatt to kurs for tilsette i helse og omsorgsetaten med dette som tema. I tillegg har omsorgsetaten hatt kurs i samband med omstillingsarbeid og omorganisering. Ungdomsskulen har nytta ressursar frå bedriftshelsetenesta til gjennomføring av kurs i arbeidshelse og arbeidsglede.

Verneombod

Vi har 16 verneombod. Eitt av desse er i tillegg hovudverneombod. Hovudverneombodet er medlem i AMU og deltek i samhandlingsmøte med tillitsvalde og rådmann. Vi hadde felles samling for verneomboda i Ulstein kommune i september 2014. Tema var mellom anna vald og truslar; avviksrapportering, kurs og verneombodet si rolle.

Andel årsverk fordelt pr. teneste



Teknisk: tal for teknisk er rapportert under gruppa *andre* for 2014.

Drift, Ulstein kommune

Årsrapport 2014

Driftsresultat

I vurdering av rekneskapsresultat må vi ta omsyn til organisering av egedomsaktivitetane i eit eige kommunalt føretak. Skal vi samanlikne med andre kommunar må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til Kostra tek vi omsyn til konsernorganiseringa og rapporterer Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF som ei eining. Kostratala er difor mindre påverka av organisasjonsstrukturen. I årsmeldinga for 2014 legg vi fram tal både for Ulstein kommune og for konsernet Ulstein kommune (kommunen og eigedomsselskapet), sjå eige kapittel. Ulstein Eigedomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2014					
ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i heile 1000	Regnskap 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regulert budsjett 2014	Avvik 2014	Regnskap 2013
DRIFTSINTEKTER					
Brukerbetalinger	-17 569	-18 797	-18 797	-1 228	-16 592
Andre salgs- og leieinntekter	-39 660	-36 402	-37 667	1 992	-40 804
Overføringer med krav til motytelse	-66 107	-40 545	-58 834	7 273	-83 087
Rammetilskudd	-161 259	-177 055	-177 055	-15 796	-162 756
Andre statlige overføringer	-22 305	-17 149	-18 089	4 216	-18 863
Andre overføringer	-149	-100	-150	-1	-140
Inntekts- og formuesskatt	-242 269	-216 612	-218 187	24 082	-228 041
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	-30	-27	-23	7	-27
Sum driftsinntekter	-549 348	-506 687	-528 802	20 546	-550 311
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	243 202	229 960	244 922	1 720	250 426
Sosiale utgifter	68 015	68 429	68 412	397	65 281
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	51 861	48 771	48 851	-3 009	56 142
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	68 100	68 969	67 794	-306	68 522
Overføringer	102 260	81 916	86 456	-15 804	76 049
Avskrivninger	15 792	3 300	16 339	547	11 670
Fordelte utgifter	-8 488	-10 781	-9 499	-1 011	-9 250
Sum driftsutgifter	540 742	490 565	523 276	-17 466	518 840
Brutto driftsresultat	-8 606	-16 122	-5 526	3 080	-31 470
EKSTERNE FINANSINTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-6 124	-4 637	-4 612	1 512	-6 766
Gevinst finansielle instrumenter	0	0		0	0
Mottatte avdrag på lån	-78	-70	-70	8	-190
Sum eksterne finansinntekter	-6 203	-4 707	-4 682	1 521	-6 956



EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostninger	12 081	11 408	11 408	-673	10 214
Tap finansielle instrumenter	0	0		0	0
Avdrag på lån	12 281	7 737	7 737	-4 544	8 293
Utlån	69	170	170	101	129
Sum eksterne finansutgifter	24 432	19 315	19 315	-5 117	18 636
Resultat eksterne finanstransaksjoner	18 229	14 608	14 633	-3 596	11 681
Motpost avskrivninger	-15 792	-2 800	-15 839	-47	-11 670
Netto driftsresultat	-6 169	-4 314	-6 732	-563	-31 459
BRUK AV AVSETNINGER					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-14 588	0	-14 588	0	-8 220
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-300	-300	0
Bruk av bundne fond	-1 414	-1 462	-2 067	-653	-2 653
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	-16 002	-1 462	-16 955	-953	-10 872
AVSETNINGER					
Overført til investeringsregnskapet	2 517	0	2 517	0	13 039
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	17 189	4 315	19 818	2 629	11 943
Avsatt til bundne fond	2 465	1 462	1 353	-1 113	2 761
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	22 172	5 776	23 688	1 516	27 743
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	0	0	0	0	-14 588

Rekneskapen for 2014 viser eit positivt netto driftsresultat på 6,17 mill. kr. Eit resultat som er 0,6 mill. kr mindre enn budsjettert. Netto driftsresultat utgjer 1,1% av driftsinntektene.

Skatteinntekta for 2014 var 24 mill. kr høgre enn budsjettert og kommunen hadde ein skatteinnngang på 118,7% av landsgjennomsnittet. På grunn av den høge skatteinntekta fekk vi eit trekk i rammetilskotet gjennom inntektsutjamninga. Rammetilskotet vart dermed 15,8 mill. kr mindre enn budsjettert. Kommunen sin skatteprosent i høve til landsgjennomsnittet vart dermed redusert til 106,1%. Netto meirinntekt på skatt er 8,2 mill. kr. Det er avsett kr 2 600 740 til disposisjonsfond, i tillegg til det rekneskapsmessige overskotet for 2013 på kr 14 588 466. Det rekneskapsmessige resultatet er kr 0.

Avdrag på lån har ein auke utover budsjett på 4,5 mill. kr. Dette skuldast meirkostnader på ein del store investeringsprosjekt, låneopptak til forskotering av finansiering (spelemidlar og tomtosal) og ferdigstilling av ein del prosjekt slik at dei kjem med i utrekning på minsteavdrag i rekneskapsåret. På renteinntekter er motteke utbytte og avkastning på plasserte midlar i 2014 1,4 mill. kr mindre enn budsjettert.

For overføringar med krav til motytingar (inntekt) er der ei meirinntekt på 7,2 mill. kr. Dei største postane her er 2,6 mill. kr knytt til ressurskrevjande brukarar, 1,8 mill. kr på Ulstein kompetansesenter og 0,9 mill. kr knytt til VAR-området.

Drift, Ulstein kommune

Årsrapport 2014

Der er betydelege avvik på fleire område i driftsrekneskapen. Knytt til pensjon er der eit premieavvik på 11,510 mill. kr. Dette er kostnader som er betalt til KLP men er ein del av pensjonspremien som ikkje skal kostnadsførast. Dette vert då ført som inntekt som skal nedbetalast over sju år og vil føre til ein auka årleg kostnad med 1,64 mill. Amortisering (nedbetaling) av tidlegare premieavvik er på 2,852 mill. kr. Vi fekk og ekstrarekning på pensjon utover det budsjetterte på 5,270 mill. kr. Dette beløpet er lagt inn på felleskostnader og ikkje fordelt på einingane, men kostnaden er ført med rett kostrafunksjon slik at det er fordelt på rett teneste. Det er overført til investeringsrekneskapen 2,517 mill. kr til finansiering av eigenkapitaltilskot i KLP. Kr 757 101 går til dekning av eigenkapitaltilskot for 2014 og kr 1 759 041 går til finansiering av eigenkapitaltilskot for 2012 og 2013. Eigenkapitaltilskota for 2012 og 2013 er tidlegare kostnadsført, men ikkje finansiert i investeringsrekneskapen.

Dei største negative avvika, knytt til overføringar/kjøp av varer og tenester, eller manglande innsparingar, er som følgjer:

- ▶ Overføring til ikkje-kommunale barnehagar 7,9 mill. kr, sjå omtale s. 36
- ▶ Barnevern 3,4 mill. kr, sjå omtale s. 102
- ▶ Administrasjon oppvekst 2,7 mill. kr, sjå omtale s. 36

Samanstilling av hovudtal over tid

HOVUDTAL, DRIFTSREKNEKAP	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Skatt	-242 269	-228 041	-197 465	-187 623	-196 857	-193 340	-179 454
Rammetilskot	-161 259	-162 756	-170 365	-152 329	-73 261	-65 653	-51 807
Andre driftsinntekter	-145 820	-159 514	-134 732	-122 660	-162 593	-151 178	-164 872
Kalk. renter og avskrivning	-15 792	-11 670	-9 147	-7 800	-8 344	-9 352	-8 700
Sum driftsinntekter	-565 140	-550 311	-511 710	-470 413	-441	-410 171	-404 833
Driftsutgifter	540 742	518 840	488 390	465 013	439 048	412 213	379 625
Sum driftsutgifter	540 742	518 840	488 390	465 013	439 048	412 213	379 625
Brutto driftsres. utan avskrivning	-24 398	-43 141	-23 319	-5 400	439	2 042	-25 208
Netto renteutgifter	5 957	3 448	3 508	3 847	1 266	666	2 541
Netto avdrag	12 272	8 233	8 699	6 703	7 465	6 948	5 910
Netto driftsresultat	-6 169	-31 460	-11 112	5 149	9	304	-16 756
Bruk av netto driftsresultat							
Finansiering av utg. i kapitalrekneskapet	2 517	13 039	7 212	1 581	976	4 416	2 659
Avsetningar	19 655	14 704	6 428	1 839	1 973	15 359	27 036
Bruk av avsetningar	-16 002	-10 872	-10 747	-4 897	-9 482	-20 079	-16 724
Driftsresultat	0	-14 589	-8 219	3 672	-7	0	-3 785

Tal i heile 1000

Investering, Ulstein kommune

Årsrapport 2014

Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2014 gjennomført investeringsprosjekt for 123,9 mill. kr. Budsjettert aktivitet var 145,9 mill. kr.

Dei største investeringsprosjekta i 2014 er:

- ▶ “Tre-i-eitt prosjekt”, Sjøgata 32,5 mill. kr
- ▶ Vatn og avløp 30,2 mill. kr
- ▶ Ny veg Holvekerdalen 18,3 mill. kr
- ▶ Fjernvarme 14,5 mill. kr
- ▶ Fortau Bugarden 8,5 mill. kr

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING					
ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i heile 1000	Regnskap 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regulert budsjett 2014	Avvik 2014	Regnskap 2013
INNTEKTER					
Salg driftsmidler og fast eiendom	-14 112	0	0	14 112	-24 042
Andre salgsinntekter	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-18 383	-25 404	-26 560	-8 177	-1 538
Statlige overføringer	-3 851	0	0	3 851	-1 555
Andre overføringer	-15	0	0	15	-1 708
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-36 361	-25 404	-26 560	9 801	-28 844
UTGIFTER					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	117 887	149 200	135 525	17 638	102 239
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	1 986	0	0	-1 986	595
Overføringer	4 023	25 888	10 436	6 413	16 294
Renteutgifter og omkostninger	96	0	0	-96	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum utgifter	123 992	175 088	145 961	21 969	119 127
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER					
Avdrag på lån	4 898	0	0	-4 898	1 064
Utlån	13 278	12 000	12 000	-1 278	10 560
Kjøp av aksjer og andeler	4 942	0	6 517	1 575	2 317
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	2 077	0	0	-2 077	19 044
Avsatt til bundne fond	1 874	0	0	0	3 373
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	27 070	12 000	18 517	-6 678	36 358
Finansieringsbehov	114 700	161 685	137 918	25 092	126 642
FINANSIERING					
Bruk av lån	-99 838	-161 685	-131 401	-31 563	-104 712
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-2 766	0	0	2 766	-4 174
Overført fra driftsregnskapet	-2 517	0	-2 517	0	-13 039
Bruk av disposisjonsfond	-4 300	0	-4 000	0	-3 700
Bruk av ubundne investeringsfond	-1 544	0	0	0	-766
Bruk av bundne fond	-3 735	0	0	0	-250
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum finansiering	-114 700	-161 685	-137 918	-28 797	-126 642
Udekket / Udisponert	0	0	0	0	0

Balanserekneskap, Ulstein kommune

Årsrapport 2014

BALANSEREKNEKAP ULSTEIN KOMMUNE						
	2014	2013	2012	2011	2010	2009
EIENDELER						
(A) Anleggsmidler						
Faste eiendomar og anlegg	436 950 415	382 409 824	298 309 151	194 466 882	174 076 800	305 482 763
Utstyr, maskinar og transportmidlar	20 027 893	19 764 136	20 479 132	22 551 208	16 437 758	16 526 357
Utlån	45 138 166	34 658 888	28 365 990	24 767 123	19 270 437	17 457 812
Aksjar og andelar	57 637 487	52 695 086	50 485 447	49 455 346	43 793 091	43 049 780
Pensjonsmidlar	477 861 272	437 474 470	401 670 782	380 439 294	385 008 012	354 555 790
Sum anleggsmidler	1 037 615 233	927 002 403	799 310 501	671 679 853	638 586 098	737 072 502
Kortsiktige fordringar	52 294 626	45 234 853	43 486 027	30 482 792	32 858 130	27 299 097
Premieavvik	37 494 532	28 744 151	27 890 287	16 889 915	16 134 153	14 018 029
Aksjar og andelar	9 856 590	8 924 529	8 825 251	4 176 845	49 359 454	46 679 050
Sertifikat	0		0			
Obligasjonar	0		0			
Kasse, bankinnskot	63 105 460	99 249 987	22 955 356	94 106 650	43 961 581	65 951 691
Sum omløpsmidlar	162 751 208	182 153 520	103 156 921	145 656 202	142 313 318	153 947 867
SUM EIGEDELAR	1 200 366 441	1 109 155 923	902 467 422	817 336 055	780 899 416	891 020 369
EIGENKAPITAL OG GJELD						
(C) EGENKAPITAL						
Disposisjonsfond	-25 771 524	-12 882 317	-4 639 121	-21 134 692	-24 922 259	-32 917 183
Bundne driftsfond	-6 128 819	-5 077 358	-5 218 886	-5 406 229	-8 451 196	-8 681 063
Ubundne investeringsfond	-19 310 440	-18 777 848	-500 000	-10 025 361	-13 466 349	-16 209 746
Bundne investeringsfond	-1 961 145	-3 821 652	-448 466	-1 979 713	-1 561 796	-61 181
Endring i regnskapsprinsipp investering	0		0			
Endring i regnskapsprinsipp drift	-	4 294 407	0	4 294 407	4 294 407	
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-14 588 467	-8 219 652	3 862 739		
Rekneskapsmessig meirforbruk	0		0		190 433	
Udisponert i investeringsregnskapet	0					
Udekket investering	0					0
Likviditetsreserve	4 294 407		4 294 407			4 294 407
Kapitalkonto	230 488	13 837 569	-7 614 075	10 636 262	-55 376 622	-59 087 776
SUM EIGENKAPITAL	-48 647 034	-37 015 666	-22 345 794	-19 752 587	-99 293 382	-112 662 542
(D) GJELD						
Pensjonsforpliktelsar mv.	-619 807 196	-587 221 404	-534 312 777	-501 060 834	-429 635 120	-397 972 035
Ihendehavarobligasjonslån	0					
Sertifikatlån	-168 410 412	-101 800 000	-30 000 000	-125 387 600	-65 670 000	-29 900 000
Andre lån	-254 234 118	-293 750 781	-236 628 194	-108 069 296	-137 929 879	-291 049 323
Sum langsiktig gjeld	-1 042 451 726	-982 772 185	-800 940 971	-734 517 730	-633 234 999	-718 921 358
Kortsiktig gjeld						
Kassekredittlån	0		0			
Anna kortsiktig gjeld	-105 170 596	-85 363 263	-76 020 589	-63 065 738	-48 371 035	-59 436 469
Premieavvik	-4 097 086	-4 004 810	-3 160 069			
Sum kortsiktig gjeld	-109 267 682	-89 368 073	-79 180 658	-63 065 738	-48 371 035	-59 436 469
SUM GJELD	-1 151 719 408	-1 072 140 258	-880 121 628	-797 583 468	-681 606 034	-778 357 827
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-1 200 366 441	-1 109 155 923	-902 467 422	-817 336 055	-780 899 416	-891 020 369
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0	0
MEMORIAKONTI						
Unyttet lånemidlar	4 604 955	41 931 164	9 243 496	52 200 566	50 024 476	40 935 584
Andre memoriakonti	16 294 766	16 988 809	31 478 034	841 318	586 053	1 355 238
Motkonto for memoriakontiene	-20 899 722	-58 919 973	-40 721 530	-53 041 884	-50 610 529	-42 290 822
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0	0

Fond

Ved inngangen til 2014 hadde Ulstein kommune vel 39 mill. kr i disposisjonsfond og ubundne investeringsfond. Som det går fram av balansen ser vi at ubundne investeringsfond i 2014 utgjør 19,3 mill. kr mot 18,8 mill. kr i 2013.

Disposisjonsfondet pr. 31.12. er 25,8 mill. kr.

Fond knytt til avløp har dei siste åra hatt ein negativ saldo, noko som har medført moderat auke i brukarbetalinga. Innanfor vatn har vi dei siste to åra hatt positive saldoar på fond. Status pr 31.12. er som følgjer:

	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Vatn	710 738	958 978	-174 396	117 158
Avløp	-3 280 806	-2 591 549	-996 483	-287 427

Som vi ser har vatn no 0,7 mill. kr ståande på fond, medan vi på avløp har eit negativt beløp på 3,28 mill. kr. Negative saldo på sjølvkostfond skal etter regelen dekkjast inn gjennom auka gebyr i løpet av 3 – 5 år. I og med at det no har vore negative fond for avløp sidan 2011, bør gebyrauken for 2015 gi tilstrekkeleg overskot til å dekkje minimum overforbruket frå dette året (kr 287 428).

Pensjonsmidlar

Framtidige pensjonsforpliktingar er på 620 mill. kr. Ein auke på 37 mill. kr frå 2013. Grunnlagsrenta, lønsoppgjer og faktisk avkastning hos pensjonsleverandør er faktorar som har innverknad her.

Grunnlagsrenta, lønsoppgjer og faktisk avkastning til pensjonsleverandør er faktorar som spelar inn her. Grunnlagsrenta vert fastsett ut i frå vurderingar av den sannsynlege, framtidige renteavkastninga av selskapet sine fond. Finanstilsynet justerte renta ned frå 3% til 2,5% frå 2012 til 2013. Renta er frå 2014 justert ned ytterlegare til 2%.

Premieavviket er på 37,5 mill. kr. Avviket er innbetalt til KLP, men ikkje belasta rekneskapan ut frå gjeldande reglar. Reglane for nedbetaling av premieavviket er endra fleire gonger, og nedbetalingstid er 15, 10 eller 7 år avhengig av kva år avviket vart bokført. I 2014 vart det bokført eit premieavvik på 11,5 mill. kr. Dette skal nedbetalast over 7 år. Det vart nedbetalt premieavvik på 3 mill. kr for tidlegare år i 2014. Netto auke er med dette 8,5 mill. kr.

Drift, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

Årsrapport 2014

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2014, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF					
Tal i heile 1000	Regnskap 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regulert budsjett 2014	Avvik 2014	Regnskap 2013
INNTEKTER					
Brukerbetalinger	-17 569	-18 797	-18 797	-1 228	-16 592
Andre salgs- og leieinntekter	-47 759	-43 908	-45 173	2 586	-47 618
Overføringer med krav til motytelse	-110 877	-84 213	-102 688	8 190	-140 767
Rammetilskudd	-161 259	-177 055	-177 055	-15 796	-162 756
Andre statlige overføringer	-22 305	-17 149	-18 089	4 216	-18 863
Andre overføringer	-149	-100	-150	-1	-140
Inntekts- og formuesskatt	-242 269	-216 612	-218 187	24 082	-228 041
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	-30	-27	-23	7	-27
Sum driftsinntekter	-602 217	-557 862	-580 161	22 056	-614 805
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	254 858	241 067	256 029	1 171	261 827
Sosiale utgifter	71 494	72 288	72 271	777	68 465
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	63 549	57 984	58 559	-4 990	66 611
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	68 607	69 392	68 217	-390	68 863
Overføringer	104 423	83 324	87 865	-16 559	77 583
Avskrivninger	28 858	3 300	29 405	547	24 388
Fordelte utgifter	-8 974	-11 792	-10 510	-1 537	-9 611
Sum driftsutgifter	582 816	515 564	561 835	-20 981	558 127
Brutto driftsresultat	-19 401	-42 298	-18 326	1 075	-56 678
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-12 523	-8 637	-8 922	3 601	-13 504
Gevinst finansielle instrumenter	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	-78	-70	-70	8	-190
Sum eksterne finansinntekter	-12 601	-8 707	-8 992	3 609	-13 694
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostninger	29 774	30 399	30 399	625	28 271
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	23 447	18 737	18 737	-4 710	19 046
Utlån	69	170	170	101	129
Sum eksterne finansutgifter	53 289	49 306	49 306	-3 984	47 447
Resultat eksterne finanstransaksjoner	40 689	40 599	40 314	-375	33 753
Motpost avskrivninger	-28 858	-2 800	-28 905	-47	-24 388
Netto driftsresultat	-7 571	-4 499	-6 917	654	-47 314
BRUK AV AVSETNINGER					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-15 526	0	-15 526	0	-8 473
Bruk av disposisjonsfond	937	0	637	-300	0
Bruk av bundne fond	-1 414	-1 462	-2 067	-653	-2 653
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	-16 002	-1 462	-16 955	-953	-11 125
AVSETNINGER					
Overført til investeringsregnskapet	2 517	0	2 517	0	25 288
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	0	0	2 920
Avsatt til disposisjonsfond	17 189	4 315	19 818	2 629	11 943
Avsatt til bundne fond	2 465	1 462	1 353	-1 113	2 761
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	22 172	5 776	23 688	1 516	42 913
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-1 401	-185	0	1 217	-15 526

Nøkkeltall konsern

Årsrapport 2014



NØKKELTALL KONSERN		
	2014	2013
Skatt	-242 269	-228 041
Driftsutgifter	582 816	558 126
Driftsinntekter utan skatt og rammetilskot	-198 689	-224 007
Brutto driftsresultat	-19 401	-56 678
Netto driftsresultat	-7 571	-47 314
Renter og avdrag	53 289	47 447
Investeringar	369 857	228 629
Lån	-1 343 125	1 072 880
Låneopptak	286 536	193 204
Kasse,postgiro, bank	265 662	261 127
Kortsiktig gjeld	-111 165	-97 504
Langsiktig gjeld	-1 962 932	-1 072 880
Innbyggjarar	8 292	8 017
Egenkapital	-170 418	-120 648
Anleggsmidlar	1 872 672	1 299 852

NØKKELTALL KONSERN		
	2014	2013
Skattedekningsgrad	41,57 %	40,86 %
Etatsinntektene si dekningsgrad	34,09 %	40,14 %
Brutto resultatgrad	3,22 %	9,22 %
Netto resultatgrad, Ulstein	1,26 %	7,70 %
Rente og avdragsbelastning	274,67 %	83,71 %
Lånefinansieringsgrad	77,47 %	84,51 %
Likviditetsgrad 1	2,39	2,68
Gjeldsgrad	12,17	9,70
Langsiktig gjeldsandel	104,8 %	82,5 %
Lånegjeld pr. innbyggjar	kr 237	kr 134

Skattedekningsgrad viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av skatteinntekter.

Etatsinntektene si dekningsgrad viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.

Brutto resultatgrad viser kor mykje brutto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat)

Netto resultatgrad viser kor mykje netto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat)

Rente og avdragsbelastning viser kor mykje renter og avdrag utgjer av brutto resultat

Lånefinansieringsgrad viser kor mykje som er teke opp i lån for å finansiere det som er investert i året.

Likviditetsgrad 1 er forholdet mellom omløpsmidlar (kasse, bank) og kortsiktig gjeld og viser kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktingar framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.

Gjeldsgrad er forholdet mellom egenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) og er eit uttrykk for kva grad kommunen er rusta til å tole tap før det går utover forpliktingar til lånegivar. Gjeldsgrad på 1 betyr at kommunen har like mykje gjeld som egenkapital. Til mindre gjeldsgrad til meir solid er kommunen.

Langsiktig gjeldsandel viser kor stor del av anleggsmidlar som er finansiert av langsiktig gjeld.

Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

Årsrapport 2014

INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSLESKAP UEKF					
Tal i heile 1000	Regnskap 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regulert budsjett 2014	Avvik 2014	Regnskap 2013
INNTEKTER					
Salg driftsmidler og fast eiendom	-16 054	0	-8 000	8 054	-25 917
Andre salgsinntekter	0	0	0	0	
Overføringer med krav til motytelse	-55 600	-78 404	-131 616	-76 016	-1 538
Statlige overføringer	-11 811	-6 100	-37 802	-25 991	-3 152
Andre overføringer	-9 015	0	-1 768	7 246	-1 708
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0	
Sum inntekter	-92 480	-84 504	-179 186	-86 706	-32 315
UTGIFTER					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	
Sosiale utgifter	0	0	0	0	
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	326 547	358 260	591 186	264 639	195 694
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	1 986	0	0	-1 986	715
Overføringer	38 375	78 888	115 092	76 717	31 606
Renteutgifter og omkostninger	2 949	0	320	-2 628	614
Fordelte utgifter	0	0	0	0	
Sum utgifter	369 857	437 148	706 598	336 742	228 629
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER					
Avdrag på lån	4 898	0	0	-4 898	1 064
Utlån	13 278	12 000	12 000	-1 278	8 360
Kjøp av aksjer og andeler	4 983	0	6 517	1 534	2 353
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0	0	0	
Avsatt til ubundne investeringsfond	3 997	0	0	-3 997	19 044
Avsatt til bundne fond	2 918	0	0	-2 919	3 373
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	
Sum finansieringstransaksjoner	30 075	12 000	18 517	-11 558	34 194
Finansieringsbehov	307 451	364 645	545 929	238 478	230 508
FINANSIERING					
Bruk av lån	-286 536	-364 645	-537 672	-251 136	-193 204
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	
Mottatte avdrag på utlån	-2 766	0	0	2 766	-4 174
Overført fra driftsregnskapet	-2 517	0	-2 517	0	-25 288
Bruk av disposisjonsfond	-4 300	0	-4 000	300	-3 700
Bruk av ubundne investeringsfond	-7 597	0	-1 740	5 857	-3 889
Bruk av bundne fond	-3 735	0	0	3 735	-250
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	
Sum finansiering	-307 451	-364 645	-545 929	-238 478	-230 505
Udekket / Udisponert	0	0	0	0	0

Ulstein Eigedomsselskap KF hadde i 2014 eit overskot på 1,4 mill. kr. Når vi tek med investeringane i eigedomsselskapet, som utgjer vel 249 mill. kr, har vi i 2014 vel 370 mill. kr i investeringar.

Dei største investeringane i eigedomsselskapet i 2014 er:

- ▶ Omsorgsbustadar Holvekerdalen 73,7 mill. kr
- ▶ Nye Ulsteinhallen 62,35 mill. kr
- ▶ Nye Høddvoll stadion 47,3 mill. kr
- ▶ Omsorgsbustadar Sjøside 24 mill. kr
- ▶ Arena Ulstein 22,4 mill. kr

Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

Årsrapport 2014


BALANSEREKNESEKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF					
	2014	2013	2012	2011	2010
EIENDELER					
(A) Anleggsmidler					
Faste eiendomar og anlegg	1 270 926 777	980 972 891	806 440 029	689 589 026	
Utstyr, maskinar og transportmidlar	20 807 244	20 067 678	20 740 002	22 916 318	
Utlån	45 138 166	34 658 888	28 365 990	24 767 123	
Aksjar og andelar	57 938 224	52 695 086	50 485 447	49 455 346	
Pensjonsmidlar	477 861 272	437 474 470	401 670 782	380 439 294	
Sum anleggsmidler	1 872 671 683	1 525 869 013	1 307 702 249	1 167 167 107	
Kortsiktige fordringar	58 829 940	53 328 618	48 510 637	32 228 917	
Premieavvik	37 494 532	28 744 151	27 890 287	16 889 915	
Aksjar og andelar	9 856 590	9 184 202	9 049 215	4 368 267	
Sertifikat	0		0		
Obligasjonar	0		0		
Kasse, bankinnskot	265 661 716	261 127 359	135 578 763	89 305 539	
Sum omløpsmidlar	371 842 778	352 384 330	221 028 902	142 792 638	
SUM EIGEDELAR	2 244 514 461	1 878 253 343	1 528 731 151	1 309 959 745	
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-26 708 956	-12 882 317	-4 892 013	-24 100 511	
Bundne driftsfond	-6 128 819	-5 077 358	-5 218 886	-5 406 229	
Ubundne investeringsfond	-20 157 235	-23 757 585	-5 865 094	-15 544 549	
Bundne investeringsfond	-3 005 348	-3 821 652	-448 466	-1 979 713	
Endring i regnskapsprinsipp investering	0		0		
Endring i regnskapsprinsipp drift	0	4 294 407	0	4 294 407	
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-1 401 494	-15 525 899	-8 219 652	3 862 739	
Rekneskapsmessig meirforbruk	0		182 167	2 712 927	
Udisponert i investeringsregnskapet	0				
Udekket investering	0				
Likviditetsreserve	4 294 407		4 294 407		
Kapitalkonto	-117 310 425	-63 877 261	-72 489 524	-54 239 187	
SUM EIGENKAPITAL	-170 417 871	-120 647 665	-92 657 062	-90 400 116	
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktelsar mv.	-619 807 196	-587 221 404	-534 312 777	-501 060 834	
Ihendehavarobligasjonslån	0				
Sertifikatlån	-946 939 400	-378 852 400	-30 000 000	-125 387 600	
Andre lån	-396 185 476	-694 027 465	-782 729 148	-522 664 815	
Sum langsiktig gjeld	-1 962 932 072	-1 660 101 269	-1 347 041 925	-1 149 113 249	
Kortsiktig gjeld					
Kassekredittlån	0		0		
Anna kortsiktig gjeld	-107 067 432	-93 499 598	-85 872 096	-70 446 380	
Premieavvik	-4 097 086	-4 004 810	-3 160 069		
SUM KORTSIKTIG GJELD	-111 164 518	-97 504 408	-89 032 165	-70 446 380	
SUM GJELD	-2 074 096 590	-1 757 605 677	-1 436 074 089	-1 219 559 629	
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-2 244 514 462	-1 878 253 343	-1 528 731 151	-1 309 959 745	
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	
MEMORIAKONTI					
Unyttet lånemidlar	221 178 645	211 457 676	9 243 496	52 200 566	
Andre memoriakonti	16 294 766	16 988 809	31 478 034	841 318	
Motkonto for memoriakontiene	-237 473 412	-228 446 485	-40 721 530	-53 041 884	
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	

Finansforvaltning


Ulstein kommune har i 2014 rapportert aktiva- og passivasida til kommunestyret, kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. Samla rapport for 2014 vert lagt fram som ein del av årsrapporten. I 2014 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar inn mot låneporteføljen og Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar på aktivasida.

Pr. 31.12. var fordelinga mellom passiva og aktiva slik for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF:

Aktiva og Passiva pr. 31.12.2014




Månadleg likviditetsutvikling Ulstein Eigedomsselskap KF





Månadleg likviditetsutvikling Ulstein kommune



Likviditetssituasjonen er for tida grei, men mykje av likviditeten er knytt til låneopptak for prosjekt som skal gjennomførast. Etter kvart som utbygginga vert gjennomført vil unytta lånemidlar gå ned. Kommunen har avgrensa likviditet knytt til fond, og auka premieavvik er med på å belaste likviditeten ekstra. I 2014 og 2015 vart det gjort nokre grep for å styrke likviditeten ved å finansiere utbyggingsprosjekt som tidlegare var finansiert med forventa inntekt av tomtosal. Vi må følgje likviditeten nøye gjennom året. Kommunen har ein reserve ved at det er avtalt kassakreditt gjennom bankavtalen. Dette er relativt dyr finansiering.

Porteføljen på langsiktige midlar har i løpet av 2014 auka med 1,3 mill. kr til 40,1 mill. kr. Sjå tabell:

Forvaltning Sydvestor	Portefølje 01.01.2014		Avkastning 2014				Portefølje 31.12.2014	
	kr	Prosent	kr	Prosent	Benchmark	Avvik mot benchmark	kr	Prosent
Aksjeforvaltning	12 554 000	32,4 %	791 000	5,64 %	1,90 %	3,74 %	13 115 000	32,7 %
Bankinnskot/rentefond	26 252 000	67,6 %	755 000	2,84 %	1,33 %	1,51 %	27 008 000	67,3 %
Samla portefølje	38 806 000			1 546 000			40 123 000	

Finansforvaltning

Årsrapport 2014

I 2014 vart det teke opp nye lån på 200 mill. kr i UEKF og 94 mill. kr i Ulstein kommune. Samla lånegjeld ved utgangen av 2014 er på 1 343 mill. kr.

FORDELING	SALDO	%-VIS AV TALEN
> 1 år	147 532 884	11,0 %
SWAP: Forfall 19.06.2017	27 000 000	2,0 %
SWAP: Forfall 19.06.2017	30 000 000	2,2 %
SWAP: Forfall 18.03.2018	20 000 000	1,5 %
Sum rentebinding > 1 år	224 532 884	
Rentebinding med forfall mindre enn 1 år < 1 år	1 028 986 369	76,6 %
SWAP: Forfall 18.03.2015	20 000 000	1,5 %
Sum rentebinding < 1 år	1 048 986 369	78,10 %
Flytende rente		
P.t. vilkår	69 605 633	5,2 %
Sum total	1 343 124 886	100,00 %

Vi har valt å ta rentesikring på delar av porteføljen for å sikre ein viss føresetnad i budsjett og likviditetsstyring. Som det går fram av tabellen ser vi at store delar av sikringane har forfall i løpet av neste år. Vekta gjennomsnittrente pr. 31.12. fordeler seg slik på låneporteføljane til kommunen og eigedomsselskapet:

Porteføljen og marknadsrenter pr. 31.12.2014						
Vekta gjennomsnittrente UK/UEKF	Pt. Kommunalbanken	Norges Bank (styringsrente)	3 mnd Nibor	6 mnd Nibor	3 års SWAP	5 års SWAP
2,36 % / 2,18 %	2,25 %	1,25 %	1,47 %	1,40 %	1,42 %	1,74 %

Vi ser at den vekta gjennomsnittrenta er noko høgre enn dei korte rentene i marknaden. Dette viser at kommunen er villig til å betale ei noko høgre gjennomsnittrente for å sikre seg meir forutsigbarheit i rentekostnadane framover. Rentebindingane som er gjort er i samsvar med kommunen sitt finansreglement. I 2015-budsjettet vart det vedteke auka rentebinding for kommunen og for UEKF.





Det å samanlikne vekta gjennomsnittrente mot korte renter gir ikkje eit rett bilde av resultatet av kommunen sin rentestrategi. Det vert meir rett å samanlikne durasjonen (vekta løpetid) porteføljen har opp mot marknadsnivå på tilsvarende løpetid. Durasjon for dei to låneporteføljane pr. 31.12.

Ulstein kommune:

Durasjonsintervall	Pålydende i NOK	Durasjon	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	446 458 705	0,24	93,35 %
1-2 år	0	0	0,00 %
2-3 år	30 000 000	2,29	6,27 %
3-5 år	1 804 823	3,87	0,38 %
5-10 år	0	0	0,00 %
Total	478 263 528	0,38	100%

Ulstein Eigedomsselskap KF:

Durasjonsintervall	Pålydende i NOK	Durasjon	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	692 861 359	0,33	80,11 %
1-2 år	125 000 000	1,06	14,45 %
2-3 år	47 000 000	2,59	5,43 %
3-5 år	-	-	-
5-10 år	-	-	-
Total	864 861 359	0,55	100%



Etatsvise oversikter

Sentraladministrasjon Helse og omsorg Oppvekst og kultur Teknisk





Sentraladministrasjon

Eininga og tenestene



ASSISTERANDE RÅDMANN
VERNER LARSEN



RÅDMANN
EINAR VIK ARSET

Sentraladministrasjon består av rådmannen sine stabsfunksjonar:

Økonomi og organisasjon, IT og Kommunikasjon. Einingane er støttefunksjonar for kommunalsjefar og leiarane i kommunen, og har kontrollerfunksjon opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategitviking, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er også lagt til eininga. I 2014 vart stillinga som folkehelsekoordinator flytta til sentraladministrasjonen.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Strategisk fokus på kvalitetsutvikling og tenesteinnovasjon.
- ▶ Utvikle og drifte felles system for internkontroll, risikohandtering og avviksrapportering.
- ▶ Kompetanseheving på regelverk, rutinar og programvare innan våre fagområde.
- ▶ Vere gode på målstyring og omdømmebygging.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I 2014 vart arbeidet med å strukturere kommunens forvaltningspraksis vidareført gjennom rutinar, prosessar og utviklingsprosjekt. Kommunen skal vere ein politisk målstyrt organisasjon, og det føreset systematikk og prioritering. Oppfølging av dei nokså mange store og små investeringsprosjekta har også vore mellom dei viktigaste oppgåvene gjennom året. Prosjekta heng saman og ser absolutt ut til å kunne skape meirverdi for folk flest og for arbeidslivet.

Kommunens toppleiing besøkte i 2014 heile 26 bedrifter for gjensidig utveksling av planar, forventningsavklaringar og identifisere moglege fellesprosjekt. Dette resulterte mellom anna i ein felles workshop for næringslivet hausten 2014 om nyskaping i lokal kontekst. Nokre idear frå dette arbeidet har alt blitt forprosjekt.

I samband med lønnsforhandlingane for 2014 tok vi på oss å vere pilotkommune for ny versjon av elektronisk forhandlingsmodul. Gjennom dette fekk vi ekstra opplæring og oppfølging frå vår systemleverandør.


Forhandlingane vart gjennomført utan brot, og utan tekniske vanskar. Ved å bruke elektronisk forhandlingsmodul som er integrert med lønssystemet, går etterbetaling og ny lønn lettare og raskare.

Det er utarbeidd ny evaluering av Ulstein kommune i kommunekompasset. Samanliknar vi resultatane frå 2013 med den nye versjonen er det fin utvikling på fleire sentrale område.


BEMANNING	2014
Årsverk	22,35
Tilsette	26

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	3,66 mill. kr
2014:	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Kommunekompasset	Oppnå total poengsum på 500 i kommunekompasset	Score frå kommunekompasset	2012: 361 av 800 2014: 433 av 800
	Oppnå minimum 60 poeng på resultatfokus og effektivitet	Score frå kommunekompasset	2012: 32 2014: 50
	Oppnå minimum 60 poeng på tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering	Score frå kommunekompasset	2012: 33 2014: 42
Brukarundersøkingar	Legge til rette for gjennomføring av 15 undersøkingar pr. år	Tal på gjennomførte undersøkingar	12
Ulstein kommune er tilgjengeleg for våre brukarar	Alle aktuelle søknader og skjema innan våre kjerneoppgåver skal vere tilgjengelege digitalt	Prosentvis del av skjema tilgjengeleg elektronisk av totalt nytta skjema	ikkje målt
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Alle skal gjennomføre medarbeidersamtalen	Antal gjennomført av totalt antal tilsette	2013: 17 av 19 2014: 17 av 19
	Alle tilsette skal svare på medarbeidarundersøkinga	Svarprosent	79%
	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,9
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over eigen arbeidsplass	Score frå medarbeidarundersøkinga	5,2
	Sjuefråværet skal ikkje vere høgare enn 2%	Sjuefråvær i %	3,29%
Vi nyttegjer oss av ny teknologi	Starte opp tre innovasjonsprosjekt innan kjerneoppgåver og administrasjon	Tal på prosjekt	3 (sentralbord, avtalekontroll og saksbehandling)
	Auke funksjonaliteten i Agresso og redusere omfanget av konsulenttimar frå leverandør henvist frå brukarstøtte	Tal på saker vidaresendt frå brukarstøtte til konsulent	ikkje målt
Vi har god internkontroll	Gjennomføre ein årleg ROS-analyse innan kvar etat jf. Internkontrollforskrifta	Tal på gjennomførte ROS-analyser	1 av 4
	Ingen skal ha restansar i ePhorte som er eldre enn fire månader	Tal på restansar eldre enn fire månader i forhold til totalt antal restansar	60

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse og omsorg

Eininga og tenestene

Helse og omsorg omfattar legeteneste, helsestasjon, NAV Ulstein, heimetenester, institusjon og dagsenter. Ansvar og oppgåvene til kommunane har vorte endra som resultat av Samhandlingsreforma. Vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbygarane. Dette inneber at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid. Kommunane har fått ansvar for å redusere andelen av unødvendige innleggingar i sjukehus, og for raskt mottak av ferdigbehandla pasientar. I Ulstein har vi styrka både kompetanse og kapasitet og gir nødvendig behandling/etterbehandling etter sjukehusinnlegging. Gjennom tiltaket øyeblikkeleg hjelp/døgnopphald tek vi også mot pasientar som treng medisinsk bistand, men som ikkje treng innlegging i sjukehus. I 2014 var vi ajour både på mottak av ferdigbehandla pasientar og på iverksetting av tiltak for reduksjon av innleggingar i sjukehus.

Som følge av nye oppgåver og auke i talet på brukarar har presset vore stort også i 2014, både på sjukeheimen og i heimetenestene. Etaten har fokus på kompetanseutvikling og på førebyggjande tiltak retta mot arbeidsmiljø/sjukefråvær. Det er behov for styrka innsats når det gjeld demente. Det er gjennomført ei ombygging for få til ei skjerma eining og eit eige dagtilbod til demente. Arbeidet med dei nye omsorgsbustadane i Holsekerdalen og Sjosida har gått etter planen. Det er planlagt innflytting begge stadar i mars og april 2015.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Styrka brukarorientering særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem.
- ▶ Styrke demensomsorga.
- ▶ Styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ Styrke leiarane sin kompetanse i leiing, forvaltning og helserett.
- ▶ Styrke førebyggjande arbeid med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge.
- ▶ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Det har vore lagt ned mykje arbeid i planlegging og tilrettelegging av tilbodet til bebuarane både i Holsekerdalen og ved Sjosida. Målet har vore at til saman 52 nye omsorgsbustadar skulle takast i bruk med grunnlag i personellressursar vi har. Dette har vore ein spennande prosess som har krevd nytenking og

positiv innstilling frå både brukarar og tilsette. Mykje tid gjekk med til planlegging av nytt dagsenter for demente. Arbeidet med bygging av dette vert starta opp i april 2015.

Vi satsa også mykje på å utvikle mellomleiarane si økonomi- og budsjettforståing. Det økonomiske avviket innan helse og omsorg kjem

av at barneverntenesta hadde eit overforbruk på 3,4 mill. kr. I tillegg har omsorg teke over fleire arbeidsoppgåver frå NAV. To heile stillingar vart overført til omsorg frå 01.07.2014, medan budsjettet vart overført først frå 2015. Dette forklarar den samla overskridinga for helse og omsorg på totalt 4,2 mill. kr.




Helse og omsorg

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	152,4
Tilsette	235

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Ingen økonomiske avvik	Avvik mot budsjett	-4,27 mill. kr
Etaten har ei offensiv satsing på tenesteinnovasjon	Få tildelt minimum fem mill. kr i prosjektmidlar pr. år	Prosjektmidlar helse- og omsorg pr. år	4,72 mill. kr
Nødvendig helsehjelp til rett tid og på rett behandlingsnivå	Ingen avvik på medfinansiering (Samhandlingsreforma)	Avvik i kr 0,00	0
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Alle brukarar skal oppleve tenestetilbodet som trygt og godt	Oppnå minimum 5 av 6 i snitt på heilheitsvurderinga av tenestene	Score frå brukarundersøkingar	5,1
Etaten legg til rette for brei deltaking og medverknad	Resultat frå brukarundersøkingar vert presentert i eigne møte	Eitt møte for innbyggjarar pr. år	F.o.m. 2015
Legge til rette for integrering og deltaking for brukarar med rusproblem	Brukarar med rusproblem skal delta i arbeidsretta tiltak eller behandling	Brukarar som deltek i relevante tiltak	5 (tal frå NAV)
Tidleg opptatt av psykisk helsearbeid blant ungdom	Ungdom med psykiske helseplager får tidleg tilbod om rådgjeving og/eller behandling	Ungdata statistikk, andel med «lettare psykiske plager» av tot.	Ungdomsskule: 33% Vidaregåande skule: 40%
Etaten har eit høgt engasjement på førebyggjande helsearbeid	Til ei kvar tid ha tre prosjekt med førebyggjande målsetting. Utekontakt kun med nabokommunar	Tal på prosjekt pr. år	3
Etaten, i samarbeid med oppvekstetaten og barneverntenesta har fokus på tidleg oppdaging av helseproblem	Tidleg innsats og oppdaging av helseproblem blant barn og unge	Aldersfordeling av nye vedtak i løpet av året	Ikkje målt
Etaten legg til rette gode tiltak for demente og deira pårørande	Demens skal oppdagast tidlegast mogleg og pårørande skal få nødvendig informasjon og hjelp. Pårørande og personalet skal vere godt budde på utfordringane som demens fører med seg	1. Tal på demente som får hjelp i eigen heim/institusjon 2. Tal på deltakarar ved demenskurs for pårørande 3. Tal på tilsette som deltek i vidareutdanning	Ikkje målt 10 0
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Styrka kompetanseutvikling	Styrka forvaltningskompetanse, særleg innan helserett	Talet på kursdeltakarar innan fagområda	20
Saman skaper vi eit betre arbeidsmiljø	Sjukefråvær < 7 % for etaten	Sjukefråværsprosent	11,41%
	Oppnå minimum 5 av 6 i gjennomsnittsscore på medarbeidarundersøkinga	Score frå undersøkinga	Frå 4,1 til 5,1 avhengig av arbeidsstad.

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Tilsett 22.09.2014

Oppvekst- og kulturetaten

Eininga og tenestene

Oppvekstetaten femnar om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta og norsk for framandspråklege. Ulstein kommune eig og driv ein barnehage og fem grunnskular. Kommunen har i tillegg ansvar for tilsyn og rettleiing av åtte ikkje-kommunale barnehagar.

Hausten 2014 vart det tilsett ny kommunalsjef for oppvekst og ny barnehagekonsulent.

Kulturavdelinga vart oppretta som eiga avdeling frå august 2014. I kulturavdelinga finn vi kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus og kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligsentralen. Etaten er også koordinator for Ungdomsrådet.



TIDLEGARE KOMMUNALSJEF

LEIF RINGSTAD

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Sikre gode læringsmiljø som grunnlag for barn si faglege og personlege utvikling.
- ▶ I samarbeid med heimane arbeidar skulane kontinuerleg for gode skulemiljø som fremjar trivsel, meistring og mangfald, for gode faglege resultat og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling.
- ▶ Sikre barnehageplass til alle som ønskjer det.
- ▶ Utvikle eit forpliktande og nært samarbeid mellom skulane og arbeidslivet i kommunen, med sikte på auka kunnskap, kompetanse og rekruttering.
- ▶ Endring frå individretta til systemretta arbeid og fokus, og redusert timetal til spesialundervisning.
- ▶ Kulturkontoret skal legge til rette for og samarbeide med kulturlivet i kommunen.
- ▶ Kulturkontoret skal ha fokus på barn og unge, og legge til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer/aktivitetar i kommunen.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Ved Sundgotmarka barnehage si avdeling i Hasundgot klubbhus vart det i 2014 gjennomført betydeleg renovering av lokala som no framstår som tenlege for barnehageføremål, og med fleire barnehageplassar enn før. Den ikkje-kommunale Vikemarka barnehage opna mot slutten av året. Desse tiltaka er viktige bidrag for å sikre full barnehagedekning i Ulstein kommune.

Kommunen har eit betydeleg meirforbruk på barnehageområdet knytt til tilskot til ikkje-kommunale barnehagar og auken i plassar i desse barnehagane, med eit beløp på om lag 7,9 mill. kr dette året.

Dei store meirutgiftene kjem som følge av at ny barnehage i Vikemarka vart opna i august 2014. Denne barnehagen har 63 heiltidsplassar, med ein tilskotssats på vel 179 000 kr pr. år (pr. små barn) og 87 000

kr pr. år (pr. store barn). Nedlegginga av den midlertidige, kommunale barnehagen i Varleite dekte berre ein mindre del av meirkostnadane til Vikemarka. I tillegg hadde seks av barnehagane fleire barn ved utgangen av 2014 enn 2013, noko som medførte ei etterbetaling for 2014 på 2,3 mill. kr. Ei klagesak for 2012 medførte også ytterlegare etterbetalingar på 1,518 mill. kr. Økonomioppgåver knytt til tilskotet har stort fokus i administrasjonen.

I tillegg til avvika på barnehage er om lag 2,7 mill. kr knytt til overforbruk av vikar i grunnskulen, og at redusert utbetaling til forskuleborn ved asylmottaket berre vart følgd opp første året i økonomiplanen.

Undersøkingar av elevmiljøet i skulane i Ulstein viser stor trivsel og lite mobbing. Læringsresultata ligg stort sett på nivå med

landsgjennomsnittet. Dei økonomiske rammene vert opplevd noko trange, og det er store elevgrupper pr. lærar. Skulane er utviklingsorienterte, og deltek i ulike utviklingsprosjekt, slik som «Den gode skuleeigar» og «Ungdomstrinn i utvikling».

I 2014 tok Ulstein kommune imot 27 flyktningar inkl. familieföreining. 57% av deltakarane i introduksjonsprogrammet gjekk over i arbeid etter avslutta opplæring.

Avdeling for spesialpedagogiske tiltak i forskulealder vart i august flytta frå Ulstein kompetansesenter til oppvekstkontoret både fysisk og organisatorisk. Tiltaka skal gradvis endrast frå spesialundervisning til spesialpedagogisk hjelp, i tråd med sentralt lovverk.


Oppvekst- og kulturetaten

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	208,7
Tilsette	249

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Ingen økonomiske avvik	Avvik mot budsjett	-8,05 mill. kr
Etaten har ei offensiv satsing på IT i skulen	Gjennomføre tiltak nedfelt i kommunal IKT-plan for skulen i Ulstein	Kommunal IKT-plan	Ny elektronisk læringsplattform vedteken (ItsLearning). Tilsett ny IKT-medarbeidar for skule.
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Ulstein kommune er ein ambisiøs og målretta skuleeigar	Resultat på nasjonale prøver skal minimum ligge på landsgjennomsnitt	Lesing og rekning 5. klasse ≥ 50 og ≥ 50	49 / 54
		Lesing og rekning 8. klasse ≥ 50 og ≥ 50	49 / 51
		Grunnskulepoeng, land 40,3	40,3
Meistring og mangfald i Ulsteinskulen	Oppnå minimum 4,6 i score på at elevane «trivst på skulen».	Score frå elevundersøkinga (1 – 5, 5 er best) ≥ 4,6	4,7
	Mobbefri skule i Ulstein.	Score frå elevundersøkinga (1 – 5, 1 er best), 7. trinn ≤ 1,1 og 10. trinn ≤ 1,1	1,1 / 1,3
Eit godt og variert barnehagetilbod og med full barnehagedekning	Ingen dispensasjonar i høve pedagogisk personale	Tal på dispensasjonar	0
	Full barnehagedekning til alle som ynskjer plass	Barnehagedekning i % (SSB, Kostra)	102%
PPT er nær brukaren og einingane	Alle som vert tilvist eller oppsøker PPT, får starta sakshandsaminga innan to veker	Tal på brukarar som har stått på venteliste lengre enn to veker	20
Innbyggjarundersøkinga	Oppnå 5.0 av 6.0 på kulturspørsmål i innbyggjarundersøkinga	Score frå innbyggjarundersøkinga	
Søknadar om spelemlar	Fem godkjende søknader pr. år	Tal på godkjende søknadar	10
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God service i Ulstein kommune	Alle søknader og skjema skal vere tilgjengeleg digitalt	1. Andel skjema tilgjengeleg på nett 2. Andel digitale skjema som kan sendast elektronisk	1. 12/12 2. 11/12
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5 av 6 i snitt på medarbeidarundersøking	Score frå medarbeidarundersøkinga	Kultur: 5,0 Oppvekst: 4,8
	Ha maks 5% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	7,39%

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

Eininga og tenestene

Teknisk etat har ansvar for desse fagfelta:

- ▶ Vatn, avløp, veg, hamn og utbygging innanfor desse områda.
- ▶ Byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, planlegging, sal av bustad- og industritomter og forvaltning av Husbankens låne- og tilskotsordningar
- ▶ Brannvesen, feietenesta og generell kommunal beredskap

Etaten er organisert i tre avdelingar: plan- og bygningsavdeling, drifts- og anleggsavdeling og brann/feiring.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Hovudmål til teknisk etat er å levere tenester av god kvalitet og gi god service til innbyggjarane, næringslivet, overordna mynde og andre kommunale einingar innanfor etaten sitt ansvarsområde. Inkludert i dette er å nytte digitale verktøy optimalt.
- ▶ Arbeide for auke i busetnad og næringsutvikling gjennom tilrettelegging av areal og utbygging av infrastruktur.
- ▶ Det skal vere trygt å ferdist for alle trafikantar. Utbygging av gang- og sykkelveg har prioritet.
- ▶ Folkehelseperspektivet står sentralt i all planlegging. Fysisk tilrettelegging for uteaktivitet er viktig for bulyst og friluftsliv.
- ▶ Kommunen skal sikre godt vatn og trygg vassforsyning til alle.
- ▶ Ha god beredskap mot uønska hendingar.
- ▶ Kompetanse – halde fokus på kompetanseutvikling i eigen organisasjon.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Fullføring av sikringsarbeid Vikelva (NVE) og utbygging av Sjøgata (Statens vegvesen) har vore store statlege prosjekt der teknisk har hatt ei vesentleg rolle som medspelar. Begge prosjekta vart avslutta i 2014.

Gang- og sykkelveg frå Bugardshaugen til Onglasætra vart gjennomført. Myrane bustadfelt i Haddal vart påstarta, og det vart gjennomført ei stor VA-utbygging for å leggje til rette for ny idrettshall og fotballstadion ved Høddvoll.


Oppfølging etter grunnervet i Holsekerdalen vart fullført. Og nytt grunnkjøp i Saunesmarka vart gjennomført.

Økonomiske avvik innanfor delområda er små, men totalt kjem etaten ut med eit overskot på 1,4 mill. kr.


BRUKARUNDERSØKING

Det er gjennomført brukarundersøkingar innanfor områda vatn/avløp og byggesak.

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Teknisk etat


Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	22
Tilsette	40

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Ingen negative økonomiske avvik ift. budsjett	Avvik mot budsjett	+1,45 mill. kr
Betre prosjektstyring	Ingen økonomiske overskridingar ift. totalramme for investeringsprosjekt på vatn og avløp.	VA	Innanfor ramme
	Utbyggingsprosjekt veg, bustadfelt m.m. skal ikkje ha overskridingar i høve budsjett.	Tal på prosjekt med overskriding i høve til totalt ant. prosjekt	4/8
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Vi har oppdatert planverk	Oppfølging av planstrategi, med særleg fokus på arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanar	Tal på planoppgåver gjennomført i høve til målsetting i planstrategien	Ingen relevante tal for 2014
Tilrettelegging for bustadbygging	Byggeklare tomter i alle sju krinsar	Tal på krinsar med byggeklare tomter	6 av 7
	Til ei kvar tid ha minimum 10 daa areal tilgjengeleg for konsentrert utbygging i Ulsteinvik/Skeide	Regulert og byggeklart areal	25 daa
Tilgjengeleg næringsareal	Til ei kvar tid ha minimum 50 daa næringsareal tilgjengeleg for utbygging	Regulert næringsareal klart for utbygging	65 daa
Folkehelseiltak	Ferdigstille minimum 1 km turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk i snitt årleg	Totalt antal km turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk	0,0 km av 11 km totalt
	Opparbeiding av leikeplassar i bustadområde	Tal på opparbeidde leikeareal (tal frå idrettsanlegg.no)	850 m2
	Gjennomføre årlege ryddeaksjonar og medverke til strandryddedag (skular, grendalag og grunneigarar)	Gjennomført	Ja
Du får gode tenester ved teknisk etat	Oppnå minimum 5,5 av 6 i gjennomsnittscore på VA	Score	5,0/4,9
	Oppnå minimum 4,8 av 6 i gjennomsnittscore på byggesak	Score	4,7
God og profesjonell forvaltning	Ingen klagesaker omgjort frå fylkesmannen (administrativ tilråding)	Tal på omgjorde vedtak ift. totale klagesaker	0 av 4
	God internkontroll ved at alle avvik er registrert i Risk Manager	Tal på registrerte og lukka avvik	2/2
Ulstein er ein miljøbevisst kommune	Byte ut 20% av alle veglys langs kommunal veg frå halogen til led i 2015 (søknad Enova haust 2014)	Prosentvis del utskifta veglys	Søknad sendt haust 2014
	Etablere ladekapasitet for 10 el-bilar i sentrum i økonomiplanperioden	Tal på etablerte ladestasjonar	0
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Ta i bruk ny teknologi i tenestene	Teknisk etat nyttar 90% av alle tilgjengelege elektroniske skjema i brukardialogen	Mottekne elektroniske skjema av totalt. Stikkprøvekontroll 30 skjema byggesak	13 av 30 43%
	Forbete system og rutinar for arkivsystemet med tilknytning til ePhorte.	Tal på nye/reviderte rutinar pr. år	5
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Ingen arbeidsulykker (dvs. hendingar som fører til fråvær frå arbeid)	Tal på arbeidsulykker i arbeidstida	0
	Arbeidsnærvær > 98 %	Sjukefråvær i %	1,99 %
	Oppnå 5 av 6 i score på medarbeidartilfredsheit	Score	4,7
	Oppnå 5 av 6 i score på «Stoltheit over eigen arbeidsplass»	Score	4,5
	Alle skal ha fått tilbod om medarbeidersamtale	Tal på gjennomførte medarbeidersamtalar	70%


Årshjul

ULSTEIN KOMMUNE - 2014



Organisasjonskart

ULSTEIN KOMMUNE - 2014



ULSTEIN

- der baug bryt bære

Avdelingsvise oversikter

Folkevalde

Sentraladministrasjon

Økonomi og organisasjon

IT-avdelinga

Kommunikasjonsavdelinga

Helse og omsorg

Omsorg - Sone 1

Omsorg - Sone 2

Omsorg - Sone 3

Omsorg - Sone 4

NAV

Legetenesta

Helsestasjonstenesta

Oppvekst og kultur

Oppvekst

Haddal skule

Hasund skule

Ulstein skule

Ulsteinvik barneskule

Ulstein ungdomsskule

PPT

Ulstein kompetansesenter

Sundgotmarka barnehage

Kulturavdeling

- Kultur og idrett
- Kulturskolen
- Ulstein bibliotek
- Sjøborg kulturhus og kino

Teknisk

Ulstein brannvesen

Anlegg og drift

Plan- og bygningsavdelinga

VA - Vatn og avløp

Veg og hamn



Folkevalde

m/politisk sekretariat

Eininga og tenestene



VARAORDFØRAR KNUT ERIK ENGH



ORDFØRAR JAN BERSET

Den politiske strukturen er bygd på hovudutvalsmodellen. I tillegg til dei lovfesta organa kommunestyre (25 representantar), formannskap (7), kontrollutval (5) og fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (8) har kommunen to hovudutval: levekårsutvalet (9) og teknisk utval (7), samt ei rekke nemnder. Formannskapet og hovudutvala har avgjerdsmynde innanfor budsjetttrammer og i medhald av delegeringsreglementet og har tilrådingsrett direkte til kommunestyret.

Politisk sekretariat (1,7 still.) er støttefunksjon for dei folkevalde.

Kontrollutvalet er organisert med eige sekretariat saman med åtte andre kommunar.

Utsending av møteinnkalling/sakdokument og møtesekretærfunksjonen vert utført av politisk sekretariat. Innkallingane og protokollane vert publisert på www.ulstein.kommune.no og link vert sendt til adresseliste for kvart utval.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Styrke innbyggardialogen gjennom betre tilrettelegging for kontakt og deltaking.
- ▶ Ta i bruk ny teknologi for å styrke kommunikasjon mellom folkevalde og innbygarar.
- ▶ Gode rutinar for styring og kontroll av selskap der folkevalde er representert i styre, representantskap, årsmøte og generalsforsamlingar.
- ▶ Forenkling/betre tilrettelegging av saksdokument for folkevalde og innbygarar.

Ombodsfunksjonen

Målet om at 30% av alle politiske saker skal ha ein kortversjon av saksframlegget er ikkje nådd. Dette må takast opp med administrasjonen/rådmannen.

Innbyggardialog

I 2014 vart det gjennomført tre folkemøte: plassering av kyrkjebygg, grunnlovsjubileet med forfattar Edvard Hoem og «Den gode Skuleeigar»

Eigarskapskontroll

Det må arbeidast vidare for å få ei årleg skriftleg tilbakemelding frå representantar i selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Aktivitet i folkevalde organ

Aktivitetsnivået i folkevalde organ er stort sett i samsvar med mål. Det er ei utfordring at levekårsutvalet opplever at dei har «ditt lite å gjere», men utvalet har likevel hatt fleire møte enn det som var fastsett i møteplanen.

Planleggingsmøte mellom ordførar og utvalsleiarar vart ikkje gjennomført i 2014. Nytt mål frå og med 2015: to

samarbeidsmøte pr. år. Frå 2015 vert også varaordføraren med på møta.

Godtgjersler og tilskot til politiske parti

Møtegodtgjersla vert registrert kontinuerleg med avrekning og utbetaling to gongar årleg, i juli og desember. Fast årleg leiargodtgjersle vert utbetalt i desember. Tapt arbeidsgodtgjersle vert utbetalt fortløpande. Stønad til dei politiske partia i Ulstein vart utbetalt i august, jf. "Folkevalde sine arbeidsvilkår" vedteke i kommunestyret 24.03.2011.

Grunnlovsjubileet

Ulstein kommune markerte grunnlovsjubileet 1814-2014 med eit rikholdig program. Mellom anna vart barnehagane og skulane inviterte til omvising og dialog på rådhuset. Året vart avslutta med ope møte på Sjøborg med forfattar Edvard Hoem som foredragshaldar.

Evaluering av politiske reglement

I august fekk ei prosjektgruppe i oppgåve å evaluere det politiske reglementet for neste valperiode. Prosjektgruppa

sitt framlegg skal leggjast fram for kommunestyret i juni 2015.

Vennskapsutveksling

Tre mellomleiarar frå oppvekst- og kulturområdet og tre mellomleiarar frå helse, sosial og omsorg representerte Ulstein kommune under besøket i Pargas 5.-7. november.

TV-aksjonen 2014


Aksjonen vart gjennomført 19. oktober, og tildelt «Kirkens Nødhjelp».

Webkamera

Det vart montert webkamera på kommunestyresalen, og frå desember 2014 er det lyd- og bildeoverføring frå kommunestyremøta.

BEMANNING	2014
Årsverk	2,9
Tilsette	4

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Økonomisk resultat	Halde budsjettet	Avvik mot budsjett	0,38 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Vi legg til rette for brei deltaking og demokrati i kommunen	30% av alle politiske saker skal ha ein kortversjon av saksframlegget for presentasjon på web	Tal på saker med kortversjon av totalt tal på saker	Frå og med 2015
	Alle kommunestyremøte skal gjerast tilgjengeleg på web med lyd og bilde	Tal på kommunestyremøte publisert på web av totalt tal på kommunestyremøte	Frå og med desember 2014:1
	Gjennomføre to folkemøte pr. år	Gjennomføre to folkemøte pr. år	3
Styrka politisk samarbeid	Gjennomføre to planleggingsmøte mellom ordførar, varaordførar og utvalsleiarane	Tal på gjennomførte planleggingsmøte	Frå og med 2015
Vi gjer Ulstein til landets beste arbeidslivs-kommune	Gjennomføre ei årleg næringslivsrunde med sentrale verksemder i kommunen, min. 15 verksemder pr. år	Tal på gjennomførte møte	28
Vi har forpliktande arenaer for samarbeid med næringslivet	Utvikle minimum eitt «kreativt forum» saman med representantar frå nærings- og organisasjonsliv m/ oppfølging	Tal på prosjekt pr. år med forankring og delfinansiering	Oppstart av 1 prosjekt i 2014
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Samspel politikk-administrasjon	Gjennomføre politisk-administrativt leiarforum to gongar pr. år, eitt tidleg vår og eitt tidleg haust	Tal på gjennomførte møte	2 av 2
	Utvalsleiarar skal ha møte med kommunalsjefar i forkant av kvart utvalsmøte jf. møteplan	Tal på gjennomførte møte i forhold til møteplan	Frå og med 2015
	Gjennomføre 15 lunsjmøte pr. år med einingar (etatar) etter eigen plan	Tal på gjennomførte møte	2013: fullført 2014: 0 2015: ny oppstart
Ha god eigarskapsdialog	Få tilbakemeldingar i samsvar med årsplan frå selskap kommunen har eigarinteresser i	Tal på tilbakemeldingar frå selskap av totalt tal på selskap kommunen har eigarinteresser i	Ikkje gjennomført i 2014





LEIAR: VERNER LARSEN

Økonomi og organisasjon

Eininga og tenestene

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har fagansvar for rekneskap, økonomistyring, skatt, lønn og personalarbeid. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring, finansforvaltning, leiarutvikling, internkontrollar, sjukefråvær, HMS med meir. I tillegg utøver vi økonomi-, lønn- og personalforvaltning for Ulstein Eigedomsselskap KF og rekneskaps- og lønnsarbeid for Ulstein Sokn.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Gjennom styrka fokus på ein god og synleg arbeidsgivarpolitikk, skal Ulstein kommune vere ein attraktiv arbeidsplass for motiverte medarbeidarar.
- ▶ I samarbeid med leiarane i organisasjonen, skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering.
- ▶ Sikre god internkontroll i eiga avdeling og i organisasjonen innan våre fagområde. Utvikle og drifte kommunen sitt system for internkontroll og avvikshandtering.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

God og synleg arbeidsgivarpolitikk

Vi har lagt vekt på å bruke Lønnspolitisk plan aktivt både i lokale forhandlingar og som verktøy for å sikre rekruttering og å halde på kvalifisert arbeidskraft. Dette er ein sentral del av vår arbeidsgivarpolitikk. Dokumentet vart revidert pr. 1. mai 2014 og i etterkant av forhandlingane for 2014. Samhandlingsmøte med tillitsvalde er ein god og aktiv arena for drøfting av aktuelle tiltak.

Nytt delegeringsreglement vart vedteke i 2014. Leiarar som rektorar, soneleiarar og andre har etter dette fått delegert mynde i saker som gjeld tilsetjing, permisjon og diverse anna innan personalreglement. Dette har gjort at samhandling og opplæring mellom vår avdeling og leiarane ute i einingane er tettare enn før. Dette er eitt av fleire tiltak som har gjort rolla som leiar i Ulstein kommune sterkare og tydeligare.

System for tidsregistrering vart lagt ut på anbod i 2014. Vi har valt ein oppgradert versjon av systemet vi allereie har. Målet er at dette skal gi betre styring

og kontroll både for tilsette, leiarar og administrasjonen. Ny versjon vert teke i bruk i løpet av 2015.

Målstyring og rapportering

I samarbeid med rådmann og leiargruppa, har vi arbeidd aktivt med å sikre kunnskap, kvalitet og oppfølging av målstyring som metode og verktøy for arbeidet i Ulstein kommune. Dette har vi gjort ved å bruke ekstern kapasitet i leiarsamling og i møte med dei enkelte leiarane i arbeidet med Budsjett og økonomiplan.

Medarbeidarundersøking vart gjennomført for alle einingar og tilsette i Ulstein kommune i 2014. Leiarar, verneombod og tillitsvalde har fått eit særleg ansvar for å følge opp resultat frå eiga avdeling. Dette gjeld både område som skal betrast og vedlikehald/styrking av område med godt resultat.


Økonomi og organisasjonsavdelinga har i 2014 teke ei leiande rolle i fagnettverk som har arbeidd med å førebu/legge til rette for å innfri krava til «A-meldingen» som er nye krav til rapportering av lønn og tilsetjingsforhold til Skatteetaten,

NAV og Statistisk sentralbyrå. Dette har vore eit omfattande og ressurskrevjande arbeid for fem av dei sju kommunane i SSIKT.

Internkontroll og avviksrapportering

For å sikre god oppfølging av avtalar som leasing, abonnement, medlemskap, driftsavtalar og andre løpande avtalar/kontraktar, har vi i 2014 kjøpt og teke i bruk eit elektronisk verktøy for slik oppfølging. Vi har forventningar til at dette gir betre oversikt både for oss og revisjonen. Det er også ei klar målsetjing om innsparingar gjennom å ha kontroll på tidspunkt/fristar for oppseiing av avtalar.

SJUKEFRÅVÆR



Økonomi og organisasjon

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	10,9
Tilsette	12

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,19 mill. kr
	Det skal gå maksimalt tre virkedagar frå motteke fakturagrunnlag til ferdig fakturert	Gjennomsnittleg tidsbruk Omfang ubetalte/forfalne krav	4 virkedagar
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Brucarundersøking	Oppnå minimum 5,3 av 6 i gjennomsnittsscore på undersøkinga om interne tenester for økonomi og organisasjon	Gjennomsnittsscore	5,2
Skape digital tilgang	99% av alle søknader på ledige stillingar skal vere elektroniske via kommunen si nettside	Tal på elektroniske søknader av totalt tal på mottekne jobbsøknader	99%
	60% av all inngående faktura skal vere i EHF-format	Tal på EHF-faktura av totalt tal på mottekne faktura	2013: 670 av 9 414 2014: 1886 av 9654
	Alle terminoppgåver og oppgjersblankettar skal leverast elektronisk via Altinn	Tal på manuelt registrerte oppgjersblankettar/terminoppgåver	2013: 148 2014: 97
	Gjennomføre minimum to kurs i bruk av Agresso web pr. år	Tal på gjennomførte kurs	1
Kvalitetssystemet er oppdatert til ei kvar tid	Alle dokument og skjema for økonomi- og organisasjonsavdelinga i Kvalitetssystemet skal vere oppdatert	Tal på rapporterte avvik som omhandlar dette	1
Målstyring	Oppnå ein svarprosent på minimum 70% på medarbeidarundersøkinga i organisasjonen	Svarprosent	56%
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Alle i vår avdeling skal svare på medarbeidarundersøkinga	Tal på svar av totalt tal på tilsette	80%
	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit» på vår avdeling	Gjennomsnittleg score på medarbeidarundersøkinga	4,7
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over egen arbeidsplass	Score på medarbeidarundersøkinga	4,6
	Maks 2,0% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	2,36 %

MEDARBEIDARUNDERSØKING

Resultat frå medarbeidarundersøking 2014 - Ulstein kommune

Oversikt som viser gjennomsnittleg resultat pr. kategori/dimensjon samanlikna med eit utval på 78 kommunar i Noreg. Svaralternativa går frå 1-6 der 6 er beste resultat. Resultat frå førre medarbeidarundersøking i 2012 viser i parentes.



TEMA	SNITT ULSTEIN	SNITT LAND
Organisering av arbeidet	4,6 (4,4)	4,6
Innhald i jobben	5,1 (4,9)	5,0
Fysiske arbeidsforhold	4,3 (4,2)	4,2
Samarbeid og trivsel med kollegaene	5,1 (5,0)	5,1
Mobbing, diskriminering, varsling	5,2 (5,1)	5,1
Næraste leiar	4,8 (4,6)	4,7
Medarbeidarsamtale	4,9 (4,8)	4,9
Overordna leiating	4,1 (4,2)	4,1
Fagleg og personleg utvikling	4,5 (4,2)	4,5
System for lønn og arbeidstidsordningar	4,1 (4,1)	4,1
Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,9 (4,8)	4,8
Heilheitsvurdering	4,7 (4,6)	4,6
Snitt totalt	4,7 (4,6)	4,6

IT-avdelinga

Eininga og tenestene



LEIAR: TOR HALVAR BOTNEN

Tilsett 01.10.2014

IT-avdelinga er ei stabsavdeling under Rådmannen. Avdelinga har ansvar for drift, utvikling og vedlikehald av nettverk, serverpark og klientar. IT-funksjonen skal levere kostnadseffektive, brukarvenlege og driftssikre system som gir tilsette arbeidsverktøy for effektive arbeidsrutinar, gode tenesteytingar overfor innbyggjarane i kommunen og styring/kontroll.



TIDLEGARE LEIAR: GAUTE SKARSTEIN

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Levere stabile og tilgjengelege IT-tenester med robust infrastruktur.
- ▶ Vere pådrivar for bruk av ny teknologi, til dømes velferdsteknologi og virtualiseringsplattform (Citrix og VmWare).
- ▶ Vere med å utvikle og drifte felles interkommunalt driftssenter (SSIKT).

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

IT-avdelinga har halde seg innanfor fastsette rammer og har arbeidd spesielt med mellom anna desse prosjekta:

Felles driftssenter for Søre Sunnmøre (SSIKT)

Brukaridentitetar er flytta over til SSIKT. Arbeidet med å flytte tenester og trappe ned serverdrift i Ulstein sine lokale vart sett i gong. Nettverket er langt på veg tilpassa standard i SSIKT.

Fibersamband Ulstein/Hareid

Arbeid med nytt fibernettnett vart detaljplanlagt og kabel frå rådhuset over til kommunegrensa til Hareid vart lagt ned. Alle bygg i sentrumsregionen skal koplast til.

IKT-løft i skulen

Tilsetting i prosjektet vart gjennomført med oppstart medio februar 2015.

Nybygg

Planlegging av drift i nybygga Ulsteinhallen, Halsekerdalen og Sjosida

Sikker utskrift

For å auke sikkerheita og minke volumet vart sikker utskrift testa ut og innført på rådhuset. Helse- og omsorgsetaten står for tur.

Timeregistrering

Gamal teknologi vart erstatta med touch-basert timeregistrering. Prosjektet held fram i 2015.

Nettverk i skulen

Opprusting av trådløst nettverk/svitsjar i skulesektoren er fullført.


IT-avdelinga

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	4,5
Tilsette	5

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjettet	Avvik mot budsjett	-0,04 mill.
Investeringsdisiplin	Gjennomføre alle planlagde investeringar (100 %)	Andelen gjennomførte investeringar	64%
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Overordna brukartilfredsheit	Oppnå 5,5 av 6,0 i gjennomsnittsscore på brukartilfredsheit	Score på intern brukarundersøking	4,1 (ikkje gjennomført 2014)
Service og responstid	Svare på alle førespurnader frå hjelp@ innan 24 timar	Tal på førespurnader som har fått innan 24 timar av totalt tal på førespurnader	1044 av totalt 1374 (76%)
	Svare på alle førespurnader frå vakttelefon innan to timar	Tal på førespurnader som har fått svar innan to timar av totalt tal på førespurnader	100%
Driftsstabilitet	Ingen driftstans på grunn av straumbrot	Talet på driftstansar grunna straumbrot	0
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Driftsstabilitet	Teste nødstraumsaggregatet minst to gongar pr. år	Tal på gjennomførte testar	4 (testa ifbm straumbrot)
Samhandling, forventingsavklaring og kompetanseheving	Gjennomføre fire IT-kurs for superbrukarar i skulen	Tal på gjennomførte kurs	2014: 1
	Gjennomføre samhandlingsmøte med kvar etat to gongar årleg (totalt seks møte pr. år)	Tal på gjennomførte møte	2014: 0

NETTO RESULTAT





LEIAR: ASBJØRG GARSHOL

Kommunikasjonsavdelinga

Eininga og tenestene

Kommunikasjonsavdelinga omfattar einingane Servicetorg, Postmottak, Sentralarkiv og Turistinformasjon. Avdelinga har også ei sentral rolle i samband med beredskap/kriseleiing. Førhandsrøystinga ved kommunestyreval og stortingsval føregår i Servicetorget. Servicetorget/sentralbordet har ope måndag – fredag frå kl. 08.00 – 16.00.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Sikre god informasjon og tilgjengelegheit, enten det er via web, telefon eller i direkte møte med publikum. Servicetorget skal bidra til at Ulstein kommune vert opplevd som ei profesjonell, effektiv og serviceorientert verksemd.
- ▶ Gjennomføre årlege brukarundersøkingar for dei ulike tenesteområda i kommunen, samt innbyggjarundersøking annakvart år, jf. plan.
- ▶ Fokus på internkontroll og personvern.
- ▶ Kompetanseheving. Den elektroniske og digitale kvardagen og døgnopen forvaltning, inneber nye arbeidsprosessar og ny kunnskap.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I 2014 vidareførte vi arbeidet vi starta i 2013 med prioritet på personvern og internkontroll. Kommunikasjonsleiaren har også rolle som sikkerheitsansvarleg i kommunen, og gjennomførte mellom anna kursing og opplæring i sikkerheitstiltak for tilsette i alle etatar/avdelingar. Oppfølginga skjer no ute i etatane, og sikrar opplæring av nyttilsette og dei som ikkje hadde høve til å delta på kursa som vart gjennomført i 2013/2014.

Nytt telefonsystem vart teke i bruk i januar, og rapportane viser at svarprosenten etter dette har gått vesentleg opp og ventetida er redusert. Vi reknar elles med at talet på telefonhenvendelsar etter kvart vil avta mykje fordi vi aktivt nyttar nettsida til informasjon, og ikkje minst at vi i 2014 fekk på plass fullelektroniske skjema for søknader om ulike tenester frå kommunen. Tidlegare har vi hovudsakleg hatt elektroniske søknadsskjema for ledige stillingar, medan vi frå 2014 har elektroniske skjema på alt frå tekniske tenester, barnehage, SFO, skjenkesaker, kulturmidlar til tenester innan helse og omsorg. Erfaringa viser at dette har vorte godt motteke av innbygarane/

brukarane, vi har fått meir effektiv ekspedering av søknadene og vi har fått frigitt tid til andre oppgåver.

I 2014 melde Statsarkivet at dei kom på tilsyn, og i juni vart det teke ein gjennomgang av arkivplanen, vårt elektroniske arkivsystem og dei fysiske papirarkiva ved rådhuset, herunder fjernarkivet. Statsarkivet sin tilstandsrapport låg føre i oktober, og viste at vi generelt har gode rutinar, men at vi også har eit klart forbettringspotensiale. Mellom anna gjeld dette systematisering av eldre papirarkiv/mapper frå perioden 1967-1990 og deponering av desse til Interkommunalt arkiv (IKA) i Ålesund. Arbeidet med å gjennomføre forbetringstiltaka vart sett i gong umiddelbart, og målet er å vere ajour i løpet av 2015.

Ulstein kommune gjennomførte mange brukarundersøkingar i 2014, og 12 av desse vart praktisk gjennomført av kommunikasjonsavdelinga. Vi prøvde dette året å finne smidigare og rimelegare ordningar for å nå målgruppene, mellom anna ved å sende ut elektroniske spørreskjema via e-post. Vi ser at svarprosenten på mange av undersøkingane likevel er etter måten lav, i enkelte tilfelle for lav til at

resultatet kan presenterast. Korleis vi skal få opp svarprosenten på dei nye brukarundersøkingane i 2015 vert ei utfordring.

Hausten 2014 vart administrering av Bustøtteordninga, Parkeringsbevis for rørslehemma og TT-kort (Transportteneste) overført frå NAV til Kommunikasjonsavdelinga. Dette har gått fint. Vi har ordna det slik at minst to av våre tilsette kan ta seg av desse oppgåvene og vi sikrar på denne måten effektivitet og vi unngår sårbarheit.

Arbeidet med å få Ulstein kommune til å framstå endå meir profesjonell og tydeleg pågår heile tida. Vi jobbar mellom anna mykje med språket for å sikre at vi skriv korrekt nynorsk, og kanskje endå viktigare at vi har ei skriftleg framstillingsevne som gjer at saker og plandokument er til å få forstand av. Vi gjennomførte kurs i språk og dokumentlære for 20 tilsette hausten 2014, og skal gjennomføre nytt kurs i 2015.

Økonomisk er vi i balanse, noko vi har fått til ved å ha ekstra budsjettfokus. Mellom anna valde vi ein periode å køyre med redusert bemanning (vakant stilling).


Kommunikasjonsavdelinga

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	3,55
Tilsette	5

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Vi er tilgjengelege	Svare på alle anrop på sentralbordet	Svarprosent	82%
		Gjennomsnittleg svartid	25 sek
Vi er serviceinnstilte	Oppnå minst 75 av 100 på Forbrukerrådets kommunetest på servicegrad	Score på forbrukerrådets kommunetest	2013: 51,5
	Oppnå minst 5,0 av 6,0 på tilfredsheit med kommunen sitt Servicetorg	Score på innbyggjarundersøkinga (slik undersøking vert gjennomført annakvart år)	2013: 4,8
Vi er attraktive og informative	Oppnå 600 unike besøk på våre nettsider pr. vekedag	Tal på unike besøk på nettsida www.ulstein.kommune.no snitt pr. vekedag	480
	Oppnå minst 5,0 av 6,0 på tilfredsheit med kommunen sine nettsider	Score på innbyggjarundersøkinga (slik undersøking vert gjennomført annakvart år)	2013: 4,1
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Brukarinvolvering	Gjennomføre 15 brukarundersøkingar pr. år, sjå plan	Tal på gjennomførte undersøkingar	14
Kommunikasjons-strategi	Rullering av Kommunikasjonsstrategisk plan (godkjend 29.09.2011) i løpet av 2015, evaluering og ny tiltaksplan	K-vedtak	Ikkje målt før
Internkontroll	«Sikker print» vert innført. I løpet av 2. halvår 2014/vår 2015 har alle tilsette fått elektronisk adgangskort/identitetskort		Nytt 2014
	Årleg rullering av Arkivplanen	Ja/Nei	Ja
Kompetansebehov/ Arrangere arena for opplæring	Alle nyttilsette som skal nytte sakshandsamingssystemet (f.t. ePhorte) får i løpet av dei to første arbeidsveke internt kurs/ opplæring i programvara, arkivdanning og dokumenthandtering generelt.	Tal på deltakarar i høve til nyttilsette/ tilsetjingstidspunkt	5/5
	Alle nyttilsette får i løpet av dei to første vekene tilbod om kurs med fokus på Personvern og lovverk knytt til den elektroniske/ digitale kvardagen	Tal på deltakarar i høve til nyttilsette/ tilsetjingstidspunkt	Ikkje målt før

NETTO RESULTAT





LEIAR: HEIDI STRAND

Omsorg – sone 1

Eininga og tenestene

Sone 1 sine hovudoppgåver:

- ▶ Heimeteneste med heimesjukepleie og heimehjelp
- ▶ Avdeling for psykisk helse og rus
- ▶ Tre bustader for utviklingshemma
- ▶ Ergoterapi/hjelpemiddelformidling
- ▶ Koordinerende eining
- ▶ Administrasjon av omsorgsløn og brukarstyrt personleg assistanse

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Sikre kvalitet og likeverdige tenestetilbod i heimetenesta med fokus på brukarorientering og særleg i arbeid med unge brukarar, rusmisbrukarar, dei med psykiske helseproblem og ved demens.
- ▶ Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ God samhandling og skjerpa internkontroll.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Heimetenestene: Dette året har vi framleis auke i talet på vedtak og nye brukarar. Vi merkar at samhandlingsreforma fungerer, og at pasientar frå sjukehus vert raskare utskrivne og må ha ferdigbehandling i heimen. Dette krev stadig meir kompetanse og raskare handtering av inn- og utskrivningar i tenesta. I mai fekk vi e-link til sjukehus og legekontor, og vi har slik fått betre informasjon/kommunikasjon og pasientbehandlninga går lettare. Vi har så langt klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar utan bøter frå sjukehusa.

Psykisk helse og rus: Pasientstraumen er veksande og vi ser at rus og psykiske helseproblem er aukande. Særleg

ser vi auke av yngre brukarar som har diagnosar og problem som krev omfattande tiltak frå kommunen. Det har vore godt samarbeid med ambulans og akutt-team frå helseføretaket. Det vart overført ei stilling frå NAV i 2014. Denne stillinga hadde med seg oppgåver som økonomisk frivillig forvaltning og rustenester. All rusomsorg er no er samla i Sone 1.

Tenester til utviklingshemma: Vi hadde god drift og god tilgang på personale i 2014. Bebuarane i to av bustadane skal flytte til nye leiligheiter og det har vore ein prosess i høve den føreståande flyttinga. Både brukarane og dei tilsette gled seg til nye og betre lokalitetar. Overflyttinga gir også betre arbeidstidsordningar og betre samordning av tenesta.

Koordinerende eining: Har ansvar for å kartlegge og koordinere tilbodet til brukarane. Dette omfattar ansvarsgrupper, rehabilitering og å vere kontaktperson for utskrivingsklare pasientar. Eininga har også sakshandsaming knytt til brukarstyrt personleg assistanse og omsorgsløn. Eininga fekk overført eit årsverk frå NAV i 2014 saman med oppgåver som støttekontakt og avlastningsordning.

Ergoterapi/hjelpemiddelformidling: Ergoterapitenesta skal bidra til betre meistring av kvardagen for personar som på grunn av sjukdom, skade eller av andre årsaker har fått redusert funksjonsevne.





Omsorg – sone 1

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	33,7
Tilsette	57

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Økonomisk resultat	Halde budsjettet	Avvik mot budsjett	-1,2 mill. kr
Offensiv satsing på tenesteinnovasjon	Få tilskot til minst to prosjekt pr. år	Tal på tildelingar av totalt tal på søknader	5/5
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Tenestetilbodet vert opplevd trygt og forsvarleg	Oppnå 5 av 6 i snitt på brukaren si heilheitsvurdering av tenestene	Brukarundersøkingar	4,2/4,5
Demens vert oppdaga tidlegast mogleg	Alle over 80 år skal få heimebesøk	Tal på heimebesøk 80+ i høve til totalt tal på innbyggjarar 80+	Ikkje målt før
Brukarar skal få bu i eigen heim lengst mogleg	80% av brukarane skal få helsehjelp i eigen bustad	Prosent av brukarar som får hjelp i heimen/omsorgsbustad	77 %
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi et godt arbeidsmiljø	Alle tilsette skal svare på medarbeidarundersøkinga	Tal på svar av totalt tal på tilsette	51%
	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,6
	Sjukefråvær < 8,0%	Sjukefråvær i %	10,92%
Kompetanseutvikling	Styrking av forvaltningskompetanse, særleg innan helserett.	Tal på kursdeltakarar på relevante kurs	1 av 10 (10%)
Vi er gode på IT-systema vi brukar	Innan ein måned frå tilsetting skal alle nyttilsette gjennomføre opplæring i bruk av Gerica	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring innan ein måned	10 av 10 (100%)
	Innan ein måned frå tilsetting skal nyttilsette gjennomføre opplæring i Risk Manager	Tal på nyttilsette som har gjennomført opplæringa innan ein måned etter tilsetting	10 av 10 (100%)
Vi er gode på tverrfagleg samarbeid	Ansvarsgrupper og individuell plan – nytte torsdagsmøtet som ledd i samordninga	Tal på avvik når det gjeld samhandling	1
Vi har god internkontroll	Unngå at same type avvik skjer fleire gongar	Tal på avvik av same type	Ikkje målt før

Lønsmidlane til dei to stillingane som vart overført frå NAV frå 01.07.2014 vart overført først frå 2015. Dette forklarar overskriddinga for heimetenesta på totalt 1,2 mill. kr.



	2013	2014
Tal på aktive brukarar	511	625
Tal på utlevert hjelpemiddel	1043	1335
Samla verdi for utlevering	4 152 273,-	5 683 045,-



LEIAR: GUNN HOFSET

Omsorg - sone 2

Eininga og tenestene

Sone 2 har ansvar for:

- ▶ USAS (Ulstein sanse- og aktivitetssenter) - Dagsenter for 15 psykisk utviklingshemma menneske. Dagaktivitetar, sanserom, arbeidstrening
- ▶ Avalstningsleiligheit med periodiske døgntilbod til to funksjonshemma barn som bur heime
- ▶ Omsorgsbustadar i Petterbakken for seks bebuarar
- ▶ Omsorgsbustadar på Ulshaugen for 47 bebuarar og dagtilbod på Bygdastova tre dagar i veka
- ▶ Psykiatribustadar for sju bebuarar

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Iverksetting av innovasjonsprosjektet Holsekerdalen.
- ▶ Levere trygge og gode tenester.
- ▶ Fokus på å forhindre vald og truslar på arbeidsplassen.
- ▶ Ivareta godt arbeidsmiljø og arbeidsglede.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Gjennom heile året har vi jobba med prosessar i høve ei stor omorganisering av tenester knytt til 41 nye omsorgsbustader i Holsekerdalen. Vi har jobba aktivt med å informere og involvere hovudtillitsvalde, verneombod og tilsette som skal skifte arbeidsstad og få nye oppgåver. Svært mange av omsorgsetaten sine tilsette er involverte sidan omorganiseringa omfattar både

butenesta, heimetenesta og nattenesta. Det har blitt gjennomført mange informasjonsmøte, undervisning og samarbeids-/personalmøte. Vi har jobba mykje med nye turnusar og nye samarbeidsformer. Det har også blitt jobba med informasjon og brukarmedverknad for alle bebuarane som skal flytte på seg. Det er lagt ned eit stort arbeid i høve tunge flytteprosessar og vi meiner at vi har handtert

prosessane på ein bra måte. Personalet har stå-på vilje og vi har eit svært godt arbeidsmiljø.

Vi har i 2014 også jobba mykje med tiltak i høve vald og truslar sidan vi har ein del utagerande åtferd både i bustader og på dagsenter for psykisk utviklingshemma. Vi har hatt undervisning og opplæring av tilsette og tett oppfølging ved hjelp av avviksmeldingar.

BRUKARUNDERSØKING

- ▶ USAS – gjennomsnitt brukarundersøking; 4,6
- ▶ Petterbakken/avlastning-gjennomsnitt brukarundersøking; 5,0
- ▶ Ulshaugen – gjennomsnitt brukarundersøking; 4,9




Omsorg - sone 2

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	24,56
Tilsette	45

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Økonomisk resultat	Halde budsjettet	Avvik mot budsjett	-0,98 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Alle brukarar av helse- og omsorgstenester skal oppleve tilbodet som trygt og godt	Oppnå minimum 5 av 6 i snitt på brukaren si vurdering av tenestene	Score frå brukarundersøkingar	Ikkje målt i 2014
Fagkompetanse	Minimum 70% tilsette med fagutdanning	Prosentvis del av tilsette med fagutdanning	Ikkje målt i 2014
Brukarundersøking	Oppnå 5.0 av 6.0 på brukarmedverknad	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	Ikkje målt i 2014
	Oppnå 5,5 av 6.0 på trygghet	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	Ikkje målt i 2014
	Oppnå 5.0 av 6.0 i «total tilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	Ikkje målt i 2014
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeitartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeitarundersøkinga	4,8
	Nedgang i avvismeldingar på utagerande åtferd/vald/truslar	Tal på avvik i Avviksystemet	86
	Sjukefråvær på 8%	Sjukefråvær i %	9,98%
Samordne nye personalgrupper og skape eit godt miljø for både tilsette og brukarar	Oppnå minimum 5 av 6 på heilheitsvurdering av tenesta	Resultat frå medarbeitarundersøkingar	5,0
	Opplæring i §9A Bruk av Makt og tvang til alle som arbeider med psykisk utviklingshemma	Tal på personar som har fått opplæring siste året	20
Vi er gode på IT-systema vi brukar	Innan ein månad skal alle nytilsette ha fått opplæring i bruk av Gerica, GRS Min arbeidsplan og Risk Manager	Tal på nytilsette som har gjennomført opplæring innan ein månad	10 av 10 (100%)

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: GUNN SÆTRE

Omsorg - sone 3

Eininga og tenestene

Sone 3 sine oppgåver:

- ▶ HI-fløya omsorgsbustader på Alvehaugen er 21 bustader for eldre og yngre brukarar som treng tilgang på døgnkontinuerlege tenester og med stort omsorgsbehov. To av bebuarane er sær s ressurskrevjande, slik at dei har 1:1 bemanning.
- ▶ G-fløya på sjukeheimen er ei korttidsavdeling med 18 plassar, derav eit rom er avsett til øyeblikkeleg hjelp opphald. Avdelinga tek imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og pasientar frå heim og bustader som treng rehabilitering eller pleie og omsorg ved livets slutt. Det er stor aktivitet i avdelinga.
- ▶ Dagsenter for eldre på Alvehaugen og Ulshaug gir tilbod til heimebuande om sosial aktivisering og trening. Dagtilbodet på Alvehaugen er ope fem dagar pr. veke og på Ulshaug tre dagar pr. veke. Det er ca 45 personar som nyttar dagplasstilbodet, i tillegg kjem dei som bur i omsorgsbustadane på Alvehaugen og på sjukeheimen som har glede av fellesaktivitetane.
- ▶ Ambulerande serviceteneste har ansvar for formidling og reperasjon av hjelpemiddel, køyre brukarar til og frå dagtilbod, middagsombringning og anna sjåførarbeid.
- ▶ Fysioterapiteneste (0,5 stilling) til pasientar på sjukeheimen og pasientar som har rett til fysioterapi i heimen.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Avdeling G (korttidsavdeling) skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fastsett frist.
- ▶ Lever gode og verdige tenester.
- ▶ Fokus på å ivareta godt arbeidsmiljø og arbeidsglede. Behov for kompetanseauke.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Vi har hatt stort press på tenestene heile året, og lange periodar med overbelegg på korttidsavdelinga.

I 2014 hadde vi i tillegg to sær s ressurskrevjande brukarar med berre nokre månaders opphald slik at vi

ikkje nådde opp i nivået for refusjon for ressurskrevjande brukarar. Dette forklarar meirforbruket.

I 2014 tok G-fløya imot 27 pasientar til øyeblikkeleg hjelp/opphald. 59 pasientar frå sjukehus og 88 heimebuande fekk rehabiliteringsopphald eller pleie ved livets slutt.

Det har vore jobba mykje med sjukefråværsoppfølging.

Utbygging av dagsenter for demente startar 2015. Vi har så langt likevel klart å gi tilbod til alle som ønskjer dagplasstilbod, også demente.




Omsorg - sone 3

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	29,72
Tilsette	56

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Unngå avvik mot budsjett	Avvik mot budsjett	0,61 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Vere ein pålitelig aktør i samhandlingskjeda	Ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som treng korttidsopphald på sjukeheim	Tal på pasientar utan bøter av totalt tal på pasientar	0 av 59
Fagkompetanse	Ha minimum 30% tilsette sjukepleiarar	Andel sjukepleiarar	20%
Tenestetilbodet vert opplevd som trygt og godt	Oppnå gjennomsnittsscore på 5.5 av 6.0 på brukarundersøkinga (sjukeheim)	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	2014:snitt: 4,6, Heilheitsvurd.: 5,6
God tilrettelegging for demente	Starte dagplasstilbod for heimebuande demente på Alvehaugen	Tal på demente som har tilbod om dagplass	Oppstart 2015
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøking	4,8
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmålet om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøking	4,9
	Sjukefråvær på 8,0 %	Sjukefråvær	11,21%
Vi er gode på IT-systema vi brukar	Innan ein måned frå tilsetting skal alle ha fått opplæring i bruk av Gerica	Tal på nytilsette som har gjennomført opplæring innan ein måned etter tilsetting	alle har fått tilbod om opplæring
Internkontroll	Innan ein måned frå tilsetting skal alle ha fått opplæring i bruk av Risk Manager	Tal på nytilsette som har gjennomført opplæringa innan ein måned	arr. Opplæring x 4/år

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Omsorg - sone 4

Eininga og tenestene

E og F er langtidsavdelingane på Alvehaugen.

Avdeling E har åtte plassar og avdeling F har 16 plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt, somatisk sjukdom. På eine gruppa er det mogleg å få forsterka skjerming for inntil tre bebuarar. Innan demensomsorga er det store utfordringar med omsyn til bruk av tvang og vurderingar av samtykkekompetanse. Bebuarane har tilbod om å nytte seg av dagplasztilbodet på Alvehaugen

Nattevaktsteam: Nattevaktene på Alvehaugen, heimetenestene er organisert i eit eige team med fem personar på vakt kvar natt.

Vaskeriet: Har ansvar for vask av alt personaltøy, institusjonstøy, privatstøy til bebuarar på institusjon, og andre som har vaskeriteneste.

Storkjøkken: Lagar og leverer ca. 160 middagar kvar dag. Leverer i tillegg tørrmat til alle avdelingar. Kjøkkenet har ein del cateringverksemd til møte, arrangement og liknande.

Sone 4 administrerer vikarbanken.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Styrke demensomsorga.
- ▶ Styrke arbeidsmiljøet og redusere sjukefråværet.
- ▶ Ta i bruk datasystem for merking og bestilling av matvarer (AIVO) på kjøkkenet.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Sone 4 har jobba spesielt med oppbygging av ei forsterka skjerma eining og utvikling av demensomsorga. Vi er godt fornøgd med at vi no har fått moglegheiter for forsterka skjerming av inntil tre bebuarar.

Vi har hatt meir fokus på å bruke dagplasztilbodet.

Vi har handsama alle inngåande saker innan tidsfristar. Målet vårt var å redusere avvik på utagerande åtferd. Dette har vi klart etter at det vart sett inn auka bemanning på ein bebuar. Det viser ein tydeleg samanheng mellom avvik og bemanning.

Medarbeidarundersøkinga viste ein gjennomsnittleg score for avdelingane E/F som var betydeleg lavare enn målet,

og vi er ikkje fornøgd med resultatet. Score frå brukarundersøkinga låg litt i underkant av fastsett mål, og vi er rimeleg fornøgd med dette resultatet.

Det har vore jobba med sjukefråværsoppfølging gjennom heile året.




Omsorg - sone 4

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	30,89
Tilsette	62

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Unngå avvik mot budsjett	Avvik mot budsjett	-0,85 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
	Behandle alle inngående søknader innan tidsfristen ift. lovverket	Tal på søknader med for lang sakshandsamingstid av totalt tal på søknader	1 av 100 (1%)
Tenestetilbudet vert opplevd trygt og godt	Oppnå minimum 5.0 av 6.0 i snitt på brukaren si vurdering av tenestene	Score frå brukarundersøkinga	Score pårørande 4.5 Score bebruarane 4.6
Betre livskvalitet for menneske med demens sjukdom/kognitiv svikt	Auke bruk av dagplass for menneske med demens/kognitiv svikt i institusjon	Tal på personar som nyttar seg av dagplasstilbod	8
	Redusere avvik på utagerande åtferd	Tal på avvik pr. år	22/underrapportert
	Gjennomføre pårørandskule i lag med demensforeininga 2. kvart år	Ja/Nei	Ja
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå minimum 5,0 av 6,0 i gjennomsnittleg score	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	3.6
	8,0% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	14,53%
Vi er gode på IT-systema vi brukar	Innan ein måned skal alle nyttilsette ha fått opplæring i bruk av Gerica	Tal på nyttilsette som har gjennomført opplæringa innan ein måned	10 av 10 (100%) Alle tilsette har fått tilbod
Fagutvikling	Etablere demensteam innan 2015	Ja/nei	Nytt
	Ta i bruk og få implementert AIVO i organisasjonen	Ja/nei	Nytt

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: ANNE KARIN URKE OSNES

Det lokale NAV-kontoret har to styringslinjer – kommunal og statleg, og leverer hovudsakleg tenester knytt til arbeidsretta oppfølging av brukarane. Kommunen har ansvar for økonomisk sosialhjelp, dvs. bidrag og lån til vanskelegstilte. Sosialhjelpa er hovudsakleg ei mellombels økonomisk hjelp til personar utan arbeidsinntekt og/eller trygd.

Dei kommunale tenestene som minimum inngår i NAV-kontoret er: Opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, mellombels butilbod, individuell plan og Kvalifiseringsprogrammet (lavterskeltilbod til personar med nedsett arbeids- og inntektsevne).

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Å gi alle høve til å kome i arbeid.
- ▶ Å gi alle barn og unge høve til å delta og utvikle seg.
- ▶ Å betre levekåra for vanskelegstilte.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

NAV Ulstein har god måloppnåing på dei fleste indikatorane i 2014. Tett samarbeid med næringslivet og god oppfølging av brukarane (arbeidssøkjjarar, sjukmelde, personar med nedsett funksjonsevne mm) har gitt god måloppnåing. Overgang til Minimumsløysing har vore krevjande, men ei rett avgjerd sett i lys av den komande kommunereforma.

Rekneskapen for økonomisk sosialhjelp viser eit stort meirforbruk, og ein stor auke i høve til fjoråret.

Det er samansette årsaker til dette. Ulstein kommune har kjenneteikn på eit pressområde: Stram arbeidsmarknad, høge bustadprisar, mange attraktive tilbod innan fritid og kultur og tilflytting frå inn- og utland. Ulstein er både ein vekst- og velstandskommune, men skilnadane mellom dei som lukkast og dei som fell utanfor vil ofte vere tilsvarande stor. Vi ser såleis ein aukande andel ungdom under 30 år som ikkje får innpass i arbeidslivet på grunn av sjukdom og/eller mangelfull kompetanse. Mange av flyktningane våre har også store utfordringar med å få innpass i arbeidslivet grunna språkproblem, kulturskilnader og lav utdanning. Eit tverretatleg prosjekt

«Frå flyktning til arbeidstakar» arbeider med den sistnemnde utfordringa.

Til saman var det 179 personar som fekk økonomisk sosialhjelp i Ulstein kommune i 2014, av dette 53 flyktningar. Utbetalt sosialhjelp var på ca. 5,8 mill. kr, herav 3 mill. kr til flyktningar. Vi ser såleis at flyktningane har behov for meir hjelp over lengre tid før dei blir sjølvforsørge.


Rekneskapen går likevel i balanse då vi har hatt vakante stillingar i tillegg til at ein del midlar ikkje vart overført til helse og omsorg i samband med overgang til Minimumsløysing.



BEMANNING	2014
Årsverk	2,5
Tilsette	3

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Unngå avvik mot budsjett	Avvik mot budsjett	0,35 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Fleire i arbeid	80% skal gjennomføre dialogmøte 2 innan 26 veker.	Prosentvis del gjennomførte møte	58%
	60% av alle arbeidssøklarar skal ha kome i arbeid innan 6 månader etter avgang NAV	Prosentvis del med overgang til arbeid	56%
	45% av personar med nedsett arbeidsevne skal ha kome i arbeid innan 6 månader etter avgang NAV	Prosentvis del med overgang til arbeid	49%
	Minimum 80% oppfølging av arbeidssøklarar dei siste 3 månadene	Prosentvis del arbeidssøklarar med oppfølging	80%
	Minimum 80% oppfølging av personar med nedsett arbeidsevne dei siste 6 månadene	Prosentvis del personar med nedsett arbeidsevne med oppfølging	89%
Samspel med verksemder	Stillingar meldt til NAV med tilvising skal vere 90%	Prosentvis del stillingar meldt til NAV med tilvising	100%
	Andel verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand frå NAV skal totalt vere 20% (marknadsandel)	Prosentvis del verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand	14,2
Service	Andel «kontakt brukar» innan 48 timar skal vere 80%.	Prosentvis del «kontakt brukar» innan 48 timar	74%
Betre levekår for vanskelegstilte og auke kunnskap om levekår og sosiale utfordringar i kommunen	Sikre at åtte personar i målgruppa får tilbod om Kvalifiseringsprogrammet	Tal på personar i målgruppa med tilbod	9
	Sikre gode bustader for vanskelegstilte: 12 møte i året med UEKF	Tal på møte	Kvar mnd
	Informere kommunalsjef gjennom rapportering om utviklingstrekk	Tal på rapporteringar	Tertial
	Gjennomføre samarbeidsmøte med det øvrige hjelpeapparatet i kommunen: Flyktningetjeneste, Ulstein Kompetansesenter, barnevern, rus- og psykiaritjeneste og torsdagsmøte	Tal på møte	-
Arbeid først	Høg yrkesdeltaking, lav arbeidsløyse (under 2,5%)	Arbeidsløyse i %	1,7
	Lavt sjukefråvær (under 5%)	Sjukefråvær i %	4,4
Aktive brukarar	Auke bruk av nettbaserte tenester til minimum 80%	Andel bruk av nettbaserte tenester	75%
Løysingsdyktig organisasjon	Alle tilsette skal delta på obligatoriske opplæringsløp: Arbeidsmarkedsplattforma og veiledningsplattforma samt tilbod kurs Fylkesmannen	Deltaking på opplæring	
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Alle tilsette skal svare på medarbeidarundersøking	Svarprosent	Ikkje målbart – for få tilsette
	Oppnå 4,5 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score på medarbeidarundersøking	Ikkje målbart – for få tilsette
	Oppnå 4,5 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over eigen arbeidsplass	Score på medarbeidarundersøkinga	Ikkje målbart – for få tilsette
	Maks 1% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	Ikkje målbart – for få tilsette

NETTO RESULTAT





Under legetenesta ligg fastlegetenesta, fysioterapitenesta, veterinærtenesta og samfunnsmedisinske tenester.

Fastlegetenesta skal sikre at innbyggjarane i kommunen får nødvendige allmennlegetenester og at alle som ynskjer det kan få ein fast allmennlege å forhalde seg til.

Fysioterapeutane gir behandling, og bidreg i habilitering og rehabilitering ved sjukdom og skade. Fysioterapeutane har gruppetilbod, og fleire har spesialiseringar som psykomotorisk fysioterapi og manuell terapi.

Veterinærane bidreg gjennom dagleg arbeid og vaktarbeid til god dyrehelse og forsvarleg dyrevern.

Samfunnsmedisinsk kompetanse vert nytta til medisinsk-fagleg rådgjeving, særleg aktuelt innan folkehelsearbeid, miljøretta helsevern, smittevern og helseberedskap.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Ei fagleg god fastlegeteneste for innbyggjarane: Tilgang til fastlege for alle og godt tverrfagleg samarbeid med resten av helse- og omsorgstenesta.
- ▶ God kvalitet og kort ventetid i fysioterapiordninga.
- ▶ Få på plass dei lovpålagde planane og oppgåvene innan samfunnsmedisin (smittevernplan, beredskapsplan for helse, miljøretta helsevern og folkehelseoversikt).

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I løpet av året kom vi i mål med utvidinga av fastlegekapasiteten i kommunen, og vi har no driftsavgifter med ni fastlegar. Dei nye kontora ved Ulstein legesenter vart tekne i bruk i desember og ga eit løft til både fastlegetenesta og legevakta.

Kapasiteten i fysioterapiordninga vart vurdert, utan at det førte til endringar

så langt. Kapasiteten er forsvarleg, men knapp. Vi har 5,5 fysioterapiheimlar.



Veterinærtenesta fekk endra driftsform i løpet av året. Vi har no avtale med to veterinærar som driv praksis på dagtid, og ei vaktordning fordelt på fire veterinærar.

Den første folkehelseoversikta kom på plass og smittevernplanen vart revidert. Nettsidene vart oppdatert på informasjon om miljøretta helsevern.

BEMANNING	2014
Årsverk	17,2
Tilsette	20

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Økonomisk resultat	Halde budsjettet	Avvik mot budsjett	-0,03 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Kapasitet i fastlegeordninga	Ha minimum to opne lister pr. år	Tal på opne lister med ledig kapasitet	2-3
Førebyggjande arbeid	Ha 12 samarbeidsmøte med folkehelsekoordinator og frisklivssentral pr. år	Tal på møte pr. år	6
	Delta på minimum eitt rektormøte pr. år	Tal på møte med deltaking	1
	Delta på minimum eitt barnehagestyrarmøte pr. år	Tal på møte med deltaking	1
	Delta på minimum eitt møte med teknisk etat pr. år	Tal på møte med deltaking	0
Miljøretta helsevern	Utarbeide rutinar for gjennomføring av tilsyn etter miljøretta helsevern innan 2014	Ferdigstilling	Ja
Tilsyn	Gjennomføre fire tilsyn pr. år innan miljøretta helsevern	Tal på tilsyn pr. år.	2
Folkehelse	12% av innbyggjarane skal ta influensavaksine	Prosentvis del av innbyggjarar som har teke vaksine	8%
Beredskapsplan	Revidere beredskapsplanen for helse- og sosial	Ja/nei	Nei
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Styrka samarbeid	Gjennomføre åtte møte med fastlegane pr. år	Tal på møte	8
	Gjennomføre to møte med samarbeidsutvalet (fastlegar-kommune) pr. år	Tal på møte	0
	Gjennomføre to møte med fysioterapeutane pr. år	Tal på møte	2
	Gjennomføre eitt møte mellom fysioterapeutar og legar pr. år	Tal på møte	1

NETTO RESULTAT



Helsestasjonstenesta

Eininga og tenestene



LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjonen er lokalisert på Reiten. Her er sju helsesøstre, to helsestasjonslegar, jordmor, foreldrerettleiar og Ålesund familievernkantor har kontor her. Helsestasjonen har fokus på førebyggjande arbeid.

Helsestasjonen følgjer alle barn som vert født i Ulstein kommune fra fødsel til og med vidaregåande skule - i samsvar med nasjonale retningslinjer både ift. helsestasjon og skulehelseteneste.

Her er forsterka helsestasjon som er eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som misbrukar rusmidlar, vi har eiga helsesøster til asylsøkjjarar og flyktningar og vi har helsestasjon for ungdom.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ 100% oppslutning om helsestasjonen av aktuelle brukargrupper.
- ▶ Likeverdig helsestasjons-/ skulehelsetilbod til alle barn i kommunen.
- ▶ Ha spesiell fokus på avdekke/ førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre.
- ▶ Kome tidleg inn og tilby foreldrestøttande tiltak til foreldre som har behov for å styrke foreldrefunksjonen.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I tråd med nasjonale føringar og det vi ser i vårt daglege arbeid, har vi i 2014

satsa på skulehelsetenesta der vi no er på 50% av nasjonal bemanningsnorm. Vi har også vore med på ei interkommunal satsing og skulert oss i å oppdage rus,

vald i nære relasjonar og mødre med psykiske problem. Helsestasjonen har fått sentrale midlar til forsterking av skulehelsetenesta.




Helsestasjonstenesta

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	7,73
Tilsette	11

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	-0,02 mill. kr
Søke midlar til å utvide drifta	Søke på prosjektmidlar til skulehelseteneste, 2015, slik at det er 100% stilling på Ulstein vidaregåande skule	Stilling til stades på Ulstein vidaregåande skule	55%
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Optimal oppslutning om helsestasjonen	Gjennomføre heimebesøk til alle nyfødde	Prosentvis del nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst (SSB Kostra)	96%
	Gjennomføre seks-vekers kontroll med alle barn innan 8. leveveke.	Prosentvis del gjennomførte seks-vekers kontrollar i høve til talet på nyfødde (SSB Kostra)	100%
	Gjennomføre to-års kontroll med alle barn	Prosentvis del gjennomførte to-års kontrollar i høve til talet på nyfødde (SSB Kostra)	94%
God tilgjengelegheit, lett å nå helsestasjonen	Betre informasjon om helsestasjon på nettsider og gjennom brosjyrar	Score på brukarundersøkinga	5,1 av 6,0
Samarbeid mellom helsesøster, jordmor og helsestasjonslegar	Fokus på «Tidlig Inn», avdekking av vald, rus og psykiske problem blant gravide/ småbarnsforeldre	Tal på avdekte saker med tverrfagleg samarbeid	Oppstart haust 2014
Forsterka helsestasjon	Tilby rustesting til gravide og småbarnsforeldre med behov for å bli rusfri	Tal på rustestingar pr. år	185
Alle barn får individuelt tilpassa skulehelseteneste	Nok ressursar til skulehelseteneste ift. nasjonale normeringar	Ressursar i Ulstein ift. Nasjonal norm	50%
Optimal vaksinasjonsdekning	Alle barn i Ulstein vert vaksinert i samsvar med det nasjonale vaksinasjonsprogrammet	Vaksinasjonsdekning i %	95%
Utvikle eit godt tilbod til overvektige barn/ ungdom	Oppnå fleire normalvektige i 3. og 7. klasse, gjennom mellom anna prosjektet «Leik og Latter»	Tal på barn med BMI meir enn 30	Tal ikkje klart enno
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,5 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,8
	Oppnå 5,5 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,1

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: KJELL RUNDE

Haddal skule

Eininga og tenestene

Haddal skule er den minste av fem barneskular i Ulstein. Elevane kjem frå Eiksund, Garnes og Haddal. Skulen er 4-delt og har 70 elevar i 1. – 7. årssteg. Elevane i 1. og 2. årssteg går saman, det gjer også 3. og 4. årssteg og 5. og 6. årssteg. 7. årssteg går åleine. Haddal skule har SFO-tilbod til om lag 19 barn. Haddal skule gir undervisningstilbod i samsvar med Opplæringslova for elevar i barneskulen.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Fokus på klasseleiing.
- ▶ Utvikle eit positivt skulemiljø.
- ▶ Betre faglege resultat.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Haddal skule har hatt særlig fokus på lesedugleik, og vi har brukt spesialpedagog som har undervist mindre grupper med godt resultat. Vi har brukt kartleggingsprøver, nasjonale prøver og testar, samt brukt Vokal for å analysere elevresultata for å gi tett

oppfølging til kvar elev. På nasjonale prøver gjorde Haddal skule det godt, over gjennomsnittet.

Vi jobbar også mykje med klasseleiing og elevmiljø, då god klasseleiing og godt elevmiljø gir betre trivsel og læring for elevane. Brukarundersøkingane viser at vi er på rett veg, men dette må det

likevel jobbast systematisk med kvart år.


Økonomien gjekk nesten i balanse, avviket skuldast i stor grad overflytting av personell utan at lønnsutgiftene følgde med.




BEMANNING	2014
Årsverk	11,33
Tilsette	16

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	- 0,42 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape gode resultat i basisfaga	På nasjonale prøver ligge på landsgjennomsnittet i lesing 5. steg	Landsgjennomsnittet lesing, 5. steg i nasjonale prøver	For lavt elevtal- sjå kommuneresultat
	På nasjonale prøver ligge på landsgjennomsnittet i engelsk 5. steg	Landsgjennomsnittet engelsk, 5. steg i nasjonale prøver	For lavt elevtal- sjå kommuneresultat
	På nasjonale prøver ligge på landsgjennomsnittet i lesing 5. steg	Landsgjennomsnittet rekning, 5. steg i nasjonale prøver	For lavt elevtal- sjå kommuneresultat
Vere gode på klasseleiing	90% av elevane vert aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	Resultat frå elevundersøkinga	90%
	90% av elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd	Resultat frå elevundersøkinga	90%
Skape eit positivt skulemiljø	Målet er at elevane trivst svært godt eller godt på 5.-7. steget, måltal er mellom 4 og 5	Resultat frå elevundersøkinga	4,2
	At elevar vert aldri eller sjeldan mobba på 5.-7. steget, måltal mellom 1 og 1,5 (1 er 0 mobbing)	Resultat frå elevundersøkinga	1,3
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,9
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmålet om stoltheit over eigne arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,9
	5% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	15,72%

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR



Hasund skule

Eininga og tenestene



LEIAR: BJØRN DAHL

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 197 elevar på årsstega 1.-7. klasse. Desse er i skuleåret 2014-15 organisert i 10 klassar. 2 av klassane har eit elevtal komande skuleår opp mot delingsgrensa på 28. Elevtalet har dei siste 2-3 åra vore aukande. Skulen har SFO-tilbod til om lag 40 barn. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6 – 12 år.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Fokus på fagleg utvikling. Skulen legg vekt på å halde fokus på den faglege utviklinga til elevane.
- ▶ Positivt skulemiljø. Det vert arbeidt målmedvite for å førebygge
- og forbetre elevmiljøet. Skulen har gode resultat på elevundersøkinga med omsyn til mobbing og trivsel.
- ▶ Godt arbeidsmiljø. Hasund skule arbeider systematisk med
- helse, miljø og sikkerheit og har plan for HMS med tilhøyrande årshjul for dette arbeidet.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Skulen har hatt fokus på fagleg arbeid og særleg elevvurdering. Vi har gjennomført testar og kartleggingsprøver som ligg i det kommunale årshjulet for elevvurdering. Vi har brukt dataverktøyet Vokal for å analysere resultatata til å drøfte vidare utvikling for elevane. Det andre

fokusområdet er arbeid med utvikling av eit positivt skule- og klassemiljø. Vi har gjennom skuleåret friska opp verktøya vi har på dette området. Vi har hatt erfaringutveksling frå dei ulike klassane og understreka kor viktig det førebyggjande og systematiske miljøarbeidet er. Vi har sett oss mål om at klassemiljø skal vere på timeplanen minimum ein time pr. veke i alle klassar.


Vi har sett ei positiv utvikling i høve dei ulike driftsmåla vi har. Resultata frå medarbeidarundersøkinga har vore gode. Skulen har gode resultat på nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning (sjå tabell). Elevundersøkinga på 6. og 7. steg viser gode resultat på snittet for kommunen eller betre. Vi scorar litt dårleg på fysiske miljøfaktorar.



BEMANNING	2014
Årsverk	24,57
Tilsette	40

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	-0,03 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape gode resultat i basisfaga	På nasjonale prøver, oppnå landsgjennomsnittet eller betre i lesing 5. steg	Meistringsnivå i lesing, 5. steg i nasjonale prøver	Ligg over landsgj.sn.
	På nasjonale prøver, oppnå landsgjennomsnittet eller betre i engelsk 5. steg	Meistringsnivå i engelsk, 5. steg i nasjonale prøver	Ligg godt over landsgj.sn
	På nasjonale prøver, oppnå landsgjennomsnittet eller betre i rekning 5. steg.	Meistringsnivå i rekning, 5. steg i nasjonale prøver	Ligg på landsgj.sn
Vere gode på klasseleiing	90% av elevane vert aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	Resultat frå elevundersøkinga for 6. og 7. steg	85%
	90% av elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd	Resultat frå elevundersøkinga for 6. og 7. steg	90%
Skape eit positivt skulemiljø	100% av elevane trivst svært godt eller godt	Resultat frå elevundersøkinga for 6. og 7. steg	100%
	100% av elevane vert aldri eller sjeldan mobba	Resultat frå elevundersøkinga for 6. og 7. steg	96%
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 4,6 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,7
	Oppnå 5,2 av 6,0 på spørsmålet om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,9
	5% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	6,33%
Skape ei god SFO ordning for brukarane	Alle barn skal trivast godt i SFO	Resultat frå foreldrekartlegginga	For lav svarprosent
	Sikre ein god dialog mellom SFO og føresette	Resultat frå foreldrekartlegging	For lav svarprosent

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: BERIT BRUNVOLD

Ulstein skule

Eininga og tenestene

Ulstein skule er skulen for krinsane Skeide, Ulstein og Flø. I 2014 hadde skulen 109 elevar fordelt på 1. – 7. trinn. Skulen hadde to avdelingar på SFO med eit samla barnetal på 33 elevar. Vår teneste skal gi eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte elev i tråd med Opplæringslova.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Fagleg utvikling og betre læringsresultat. Ulstein skule skal jobbe og satse på læringsmiljøet, med fokus på å auke alle elevane sin motivasjon og innsats.
- ▶ Positivt skulemiljø – “Saman om meistring og mangfald”. Ulstein skule skal gi elevane ei trygg ramme for sosial vekst og modning.
- ▶ Godt arbeidsmiljø. Vi skal fremme arbeidslyst og trivsel på Ulstein skule gjennom mellom anna å ha fokus på open og god dialog, med takhøgde for å ta opp problem og ein konstruktiv tilbakemeldingskultur.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Skulen har hatt eit aktivt arbeid knytt opp mot teneste- og utviklingsmåla våre.

Fagleg utviklingsarbeid i 2014 har bestått av rettleia lesing, praktisk matematikk og prosjektet DUB «Dei utfordrande barna» med kollegarettleing som verktøy.

Positivt skulemiljø er på dagsorden til kvar ei tid og resultatata frå elevundersøkinga frå 5.-7. trinn viser at vi gir elevane ei trygg ramme for sosial vekst og modning. Vi jobbar for at alle elevane skal ha ein meiningfull kvardag uansett føresetnader.

Resultat frå medarbeiderundersøkinga viser at vi har lukkast med å fremje arbeidslyst og trivsel gjennom

open dialog og konstruktiv tilbakemeldingskultur. Tilsette ved Ulstein skule er stolt av eigen arbeidsplass og delingskulturen er svært høg.


Negativt avvik i høve budsjett skuldast auke i utgifter knytt til framandspråklege elevar, samt eit noko høgt korttidssjukefråvær.



BEMANNING	2014
Årsverk	13,22
Tilsette	20

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	-0,05 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape gode resultat i basisfaga	Nasjonale prøver, oppnå resultat på landsgjennomsnittet eller betre i lesing 5. steg	Meistringsnivå (kommunalt resultat basert på elevtal)	49 poeng
	Nasjonale prøver, oppnå resultat på landsgjennomsnittet eller betre i engelsk 5. steg	Meistringsnivå (kommunalt resultat basert på elevtal)	53 poeng
	Nasjonale prøver, oppnå resultat på landsgjennomsnittet eller betre i rekning 5. steg	Meistringsnivå (kommunalt resultat basert på elevtal)	54 poeng
Vere gode på klasseleiing	Oppnå 4,5 av 5,0 av arbeidsro i timane.	Resultat frå elevundersøkinga	4,0
	Oppnå 4,8 av 5,0 av elevane som opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	Resultat frå elevundersøkinga	4,8
Skape eit positivt skulemiljø	Oppnå 5,0 av 5,0 av at elevane trivst svært godt eller godt	Resultat frå elevundersøkinga	4,8
	Oppnå 0 av 100 elevar som vert aldri eller sjeldan mobba	Resultat frå elevundersøkinga	1,1
SFO	Oppnå 5,0 av 6,0 på «trivsel til barnet» i SFO	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøking	4,7
	Oppnå 4,5 av 6,0 på samarbeid mellom SFO og heimen	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøking	3,9
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,3 av 6,0 på «total medarbeidarilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,1
	Oppnå 5,7 av 6,0 på spørsmålet om stoltheit over eigne arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,6
	5 % sjukefråvær	Sjukefråvær i %	6,88%

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: VEGARD SÆTER GURSKVIK

Ulsteinvik barneskule

Eininga og tenestene

Ulsteinvik barneskule ligg sentralt til midt i Ulsteinvik sentrum. Skulen hadde i 2014 om lag 440 elevar i fordelt på 20 klasser. Det vart gitt SFO-tilbod til i overkant av 100 barn. Skulen har tilhald i hovudbygget samt i tre klasserom i brakkerigg. Det er eiga klasse for minoritetsspråklege barn utan tilstrekkeleg norskkunnskapar.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Fagleg utvikling. Ulsteinvik barneskule arbeider målretta for å auke elevane sitt læringsutbytte. Dette inneber god tilpassa opplæring for alle elevar.
- ▶ Godt skulemiljø. God relasjonell

klasseleiing sikrar elevane eit godt og trygt skulemiljø. Skulen har, og vil framleis arbeide hardt for at lærarane får auka kompetanse på dette feltet og at elevane opplever dei vaksne på skulen som gode

støttespelarar i sitt læringsarbeid.

- ▶ Godt arbeidsmiljø. Ulsteinvik barneskule skal vere ein god og trygg arbeidsplass. Arbeidsmiljøet skal fremje helse, miljø og trivsel.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Ulsteinvik barneskule har hatt eit aktivt arbeid knytt opp mot dei tre teneste- og utviklingsmåla våre. Fagleg utviklingsarbeid har stått i fokus gjennom heile 2014. Vi har frå leiinga si side lagt opp til å utvikle

skulen som ein lærande organisasjon med brei kompetansbygging knytt til arbeidet med dei grunnleggande dugleikane til elevane. Vidare har arbeidet med positivt skulemiljø hatt kontinuerleg fokus der Miljøveka, aktivt faddersamarbeid, elevrådsarbeid og førebyggjande arbeid særleg har

stått i fokus. Skulen si satsing på godt arbeidsmiljø vart i 2014 heidra med Ulstein kommune sin HMS-pris. Ulsteinvik barneskule har eit minimalt negativt avvik i høve budsjett. Dette skuldast at inntektene på SFO er noko lavare enn budsjettet.




Ulsteinvik barneskule

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	50,88
Tilsette	78

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	-0,1 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape gode resultat i basisfaga	På nasjonale prøver, oppnå landsgjennomsnittet eller betre i lesing 5. steg	Meistringsnivå i lesing, 5. steg i nasjonale prøver	48 poeng
	På nasjonale prøver, oppnå landsgjennomsnittet eller betre i engelsk 5. steg	Meistringsnivå i engelsk, 5. steg i nasjonale prøver	52 poeng
	På nasjonale prøver, oppnå landsgjennomsnittet eller betre i rekning 5. steg	Meistringsnivå i rekning, 5. steg i nasjonale prøver	54 poeng
Vere gode på klasseleiing	90% av elevane vert aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	Resultat frå elevundersøkinga	92,4 %
	90% av elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	Resultat frå elevundersøkinga	96,2 %
Skape eit positivt skulemiljø	100 % av elevane trivst svært godt eller godt	Resultat frå elevundersøkinga	95,2 %
	100 % av elevane vert aldri eller sjeldan mobba	Resultat frå elevundersøkinga	97,2 %
SFO	Trivsel for barnet ditt. Oppnå 5,0 eller betre av 6,0.	Resultat frå brukarundersøkinga	-
	Samarbeid mellom heim/SFO. Oppnå 5,0 eller betre av 6,0.	Resultat frå brukarundersøkinga	-
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå minst 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,1
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmålet om stoltheit over eigne arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	25,1
	Maks 5% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	7,43%

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: JOSTEIN VARTDAL

Ulstein ungdomsskule

Eininga og tenestene

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik. Skulen har 362 elevar i alderen 13-16 år fordelt på fjorten klasser. Vi har særskild norskopplæring for asyl, flyktning og elevar med arbeidsinnvandringsbakgrunn. Skulen har rektor, to inspektørar, rådgjevar, sosiallærer i ca. 20%, kontorfullmektig i 80% og bibliotekar i 50%. Skulen har 40 lærarar og fire fagarbeidarar. Vi tilbyr elevane leksehjelp fire dagar i veka.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Positivt skulemiljø. Skulen har plan for positivt skulemiljø. Planen inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skulemiljø. Arbeidet med MOT er med å betre skulemiljøet.
- ▶ Lesing og rekning i alle fag. Skulen er med i ungdomsskulesatsinga, dette er eit prosjekt som vil gå ut 2015. Vi har fire ressurslærarar som saman med leiinga vil drive prosjektet. Målet er at lesing og rekning skal vere implementert i planane til alle fag og betre resultata til elevane i alle fag.
- ▶ Faglege resultat. Ulstein ungdomsskule ynskjer å oppnå gode resultat ved å gi elevane framovermeldingar i fag, sosial kompetanse og i orden og åtferd. Målet er auka læringsutbytte for elevane.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Aktivitetsnivået har vore høgt også i 2014. Vi har 362 elevar, klassetalet har gått ned til 14. Vi har for første

gang valfag på alle trinn. Skulen har hatt tilsyn på «elevane sitt utbytte av opplæringa». Vi opplevde tilsynet som nytting og lærerikt, vi fekk ingen pålegg om endringar. Skulen har knapt

med plass både for tilsette og elevar. Vi slit med varme- og luftregulering, i elevundersøkinga var det desse to punkta vi kom dårlegast ut på. Vi har eit positivt avvik på 0,8 mill. kr.




Ulstein ungdomsskule

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	41,97
Tilsette	48

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Økonomisk resultat	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,55 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape gode resultat i basisfaga	På nasjonale prøver, oppnå minimum landsgjennomsnittet i lesing på 8. steg 9. steg: På nasjonale prøver, oppnå minimum landsgjennomsnittet i lesing	Gjennomsnitt i lesing, 8. og 9. steg i nasjonale prøver	UUS 49 Nasj. 50 UUS 53 Nasj. 54
	På nasjonale prøver, oppnå minimum landsgjennomsnittet i rekning på 8. steg 9. steg: På nasjonale prøver, oppnå minimum landsgjennomsnittet i lesing	Gjennomsnitt i rekning, 8. og 9. steg i nasjonale prøver	UUS 51 Nasj. 50 UUS 54 Nasj. 53
	På nasjonale prøver, oppnå minimum landsgjennomsnittet i engelsk på 8. steg	Gjennomsnitt i engelsk, 8. steg i nasjonale prøver	UUS 50 Nasj. 50
	Oppnå minimum nasjonalt nivå/fylkesnivå på grunnskulepoeng	Resultat grunnskulepoeng (10-60, 60 er best) Land 40,4/fylke 40,4	UUS 40,3 M&R 40,4 Nasj. 40,3
Vere gode på klasseleiing	90% av elevane synest det er det er arbeidsro i timane	Resultat frå elevundersøkinga	60
	90% av elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtfærd	Resultat frå elevundersøkinga	72,4%
Skape eit positivt skulemiljø	100% av elevane trivst svært godt eller godt	Resultat frå elevundersøkinga	84,6%
	100% elevar vert aldri eller sjeldan mobba	Resultat frå elevundersøkinga	94,2%
Godt samarbeid med lokale bedrifter	Gjennomføre fem arrangement for å styrke samarbeid mellom elev og lokale bedrifter	Talet på gjennomførte arrangement	2013: 5
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,8
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmålet om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,0
	Under 5% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	5,23%

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR



PPT

Eininga og tenestene



LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) for Ulstein og Hareid arbeidar med førskulebarn, elevar i grunnskulen, VGO og vaksne. PPT skal hjelpe skulane med kompetanseheving og organisasjonsutvikling for å utvikle gode læringsmiljø og slik tilpasse opplæringa betre for alle elevar. PPT har kompetanse på ulike tema som til dømes psykiske vanskar/symptom, skulevegving, mobbing, spesifikke fagvanskar, språkvanskar, læreplansvanskar eller autismespekterforstyrring. PPT gjer utgreiing, samarbeider og rettleiar skulane og barnehagane om tiltak rundt elevar og barn som har spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. PPT er kommunen sin sakkunnige instans.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Vere tilgjengelege i skule og barnehage og bidra til heilheit og samanheng i pedagogisk arbeid.
- ▶ Bidra til tidleg innsats i barnehage og skule, med større fokus på systemarbeid.
- ▶ Arbeide førebyggjande og vere ei fagleg kompetent teneste.
- ▶ PPT ønskjer å delta i kommunen sine satsingsområde på organisasjonsnivå.
- ▶ PPT skal ha eit godt arbeidsmiljø og arbeide i tråd med ein lærande organisasjon.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

PPT har fokus på kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Målet er å vere tettare på, bygge kompetanse i læringsmiljøet og dermed få redusere behovet for spesialundervisning. PPT er samarbeidspart på satsingsområda til barnehagane og skulane på organisasjonsnivå. PPT har meir fast samarbeidstid med skulane, og på nokre skular har PPT bidrege med kompetanseheving på leiing, psykiske

vanskar, språkvanskar og fagvanskar. Psykiske vanskar har hatt stort fokus gjennom kompetanseheving på depresjonsmeistring hjå unge jenter (DU) og vidareføring av «dei utfordrande barna» (DUB prosjektet) med ulike tema der det autoritative perspektivet på leiing har stått sentralt. PPT vidareutviklar kompetanse på språk og språkvanskar og deltek i språknettverk og utvidar kartleggingskompetansen på einspråklege og fleirspråklege.

PPT ønskjer å få til eit tverrfagleg samarbeid med andre etatar på eit tidlegare tidspunkt enn i dag, for å kome tidleg inn og førebygge at utfordringar utviklar seg. Brukarar som vert tilvist til PPT har ofte utfordringar på fleire plan, noko som krev god tverretatleg samhandling. Dette har vi så langt ikkje lukkast med.



PPT arbeidar også for å få til eit tettare samarbeid med psykolog eller få tilsett psykolog på kontoret.

BEMANNING	2014
Årsverk	7,95
Tilsette	12

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Økonomisk resultat	Unngå avvik mot budsjett	Avvik mot budsjett	-0,31 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Klientsaker	Behandle alle nye klientsaker	Tal på klientsaker	478
Systemsaker	Auke talet på systemsaker til 30	Tal på systemsaker	23
Sakshandsamingstid nye klientsaker	60 dagar	Tal på dagar/månader med sakshandsaming	80 dagar
Ventetid	Redusere/unngå ventetid	Tal på månader ventetid	5-6 månader
Redusere ventelistene	Redusere talet på brukarar på venteliste i løpet av eitt år til maks ti	Tal på brukarar som står på venteliste	20
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Minimum score 5,0 på medarbeidartilfredsheit	Medarbeidartilfredsheit	4,9
	Minimum score 5,0 på stoltheit over eigen arbeidsplass	Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,8
	Maks. 5% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	2,69%
Organisasjonsutvikling	Fast samarbeidstid med skulane på organisasjonsnivå	Tal på skular: 10	8 av 10

Kommentar til økonomisk avvik.

Vi ser at det er sendt for lavt refusjonskrav til samarbeidskommunar for 2. halvår 2014. Det vert no sendt avrekning basert på rekneskap, og ført på 2015. Dette medfører at PPT har eit negativt avvik i 2014 på 300 000, medan det skulle vore 100 000 i pluss.





LEIAR: BJØRNAR URKE

Ulstein kompetansesenter

Eininga og tenestene

Ulstein Kompetansesenter (UKS) skal vere ein synleg og aktiv leverandør av tenester på områda:

- ▶ Norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar
- ▶ Spesialpedagogikk for vaksne på grunnskulen sitt område
- ▶ Kommuneloped for alle aldersgrupper
- ▶ Snoezelen sansesenter
- ▶ BKA (Basiskompetanse for arbeidslivet)
- ▶ Opplæring i grunnleggjande ferdigheiter
- ▶ Nært samarbeid med flyktingtenesta om introduksjonsprogrammet for flyktningar for å fremje integrering gjennom kvalifisering

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Systematisk skuleutvikling
- ▶ Kompetanseheving gjennom fylkesnettverket
- ▶ Vurdering for læring
- ▶ Utvikling av arbeidsmiljø og elevdeltaking

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I 2014 avvikla UKS for første gang skriftleg og munnleg eksamen i norsk, og eksamen i samfunnskunnskap. Talet på eksamenskandidatar vil stige i 2015

grunna kravet om eksamen innan tre år frå 2012. Skulemiljøutval med elevdeltaking vart oppretta i 2014.

Saman med Datawaves starta UKS i 2014 BKA-kurs for kommunetilsette og

private. Det er gitt tilsagn på åtte kurs. Talet på elevar har vore aukande, og frå hausten 2015 vil det vere behov for fleire undervisningsrom og fleire lærarar.


Ulstein kompetansesenter

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	13,5
Tilsette	20


ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett, handlingsrom innanfor budsjetttramma.	Avvik mot budsjett	1,9 mill. kr
Gjennomføre norskkurs for arbeidsinnvandrere	Ha minimum 12 betalende elevar pr. kveldskurs		360.000
Inntekt	Auka aktivitet på sal av eksterne kurs og BKA kurs		Tilsagn på 8 BKA kurs
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape god integrering gjennom kvalifisering	Gjennomføre kveldskurs på alle lovpålagte nivå, A1, A2, B1 og B2, til saman ti kurs på 40 timar. Auke veketimetallet på norskopplæringa, så den blir i samsvar med intensjonane i Introduksjonslova.	16/20 t/veke for norsk/introelevar	Ca. 150 elevar på dag og kveldstid 12 kurs i 2014
	80% av deltakarane med plikt til å ta avsluttande prøve, skal bestå Norskprøve 2 innan treårsfristen. Starte opplæring på B2 nivå.	Prosent av deltakarane med frist dette året	Starta opplæring på B2 nivå 3. semester
	70% av deltakarane med plikt til å ta prøve i 50 timar samfunnskunnskap skal bestå prøva innan treårsfristen	Prosent av deltakarane med frist dette året	69% bestått skriftleg samfunnskunnskapsprøve
Døropnar for vidareutvikling	Vaksne elevar med enkeltvedtak etter §4A-2 i opplæringslova, skal sikrast opplæring i høve til sine føresetnader.	Evaluering av opplæringa gjennom vurdering og eigenvurdering, og rapportering av konkret framgang	20 elevar med vedtak 16 elevar på Snoezelen, derav 11 betalingselevar
	Utvikle den kommunale logopedtenesta i høve til oppgåvene i førskule, skule, vaksne og rehabilitering	Kapasitet, tal på brukarar	Ca. 50 brukarar
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå min. 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	4,7
	Oppnå min score 5,0 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,2
	Under 2% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	4,08%
	Etablere samarbeid med andre vaksenopplæringscenter om grunnskule for vaksne, og realkompetansevurdering på grunnskulens område. Etablere rådgiving i høve utdanning og arbeid	Ja/nei	Samarbeid med Hareid ressurscenter om grunnskule for vaksne

NETTO RESULTAT



UKS hadde auka inntekter i 2014 grunna større elevgrunnlag. Førskuleteamet gjekk ut av organisasjonen.

SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: GRY NORDAL

Flyktning og innvandrarar

Eininga og tenestene

Flyktningtenesta har ansvar for å koordinere arbeidet med busetting og integrering av nye flyktningar i kommunen. Dette skjer etter avtale med IMDI på bakgrunn av vedtak i kommunestyret. Målet vårt er å gi flyktningane ein god start på sitt nye tilvære, gi økonomisk og sosial tryggleik og høve til å kvalifisere seg til arbeid eller utdanning gjennom introduksjonsordninga. Flyktningtenesta er lokalisert ved Ulstein kompetansesenter. Her møtast dagleg tilsette og brukarar i eit spennande fleirkulturelt miljø.

Avdelinga har eit positivt avvik i høve budsjett på 1,3 mill. Dette skuldast større statleg tilskot enn budsjettert.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Arbeide aktivt med busetting/integrering, og ha som mål å knyte alle flyktningar til ein eller fleire fritids-/kulturaktivitetar innan seks månader etter busetting.
- ▶ 70% av alle flyktningar ut i jobb eller utdanning etter fullført Introduksjonsprogram.
- ▶ Heve kompetansenivået for Flyktningarbeidet i Ulstein kommune i alle etatar.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Trass i at 2014 var prega av utskifting av personale og det vart brukt store ressursar på opplæring av nyttilsette, tok vi imot til saman 27 personar frå land som Eritrea, Somalia og Syria. I juni fekk flyktningteamet auka bemanning med 30% stilling på miljøterapi og 40% stilling på programrådgjeving. Dette ga høve til tettare oppfølging av deltakarane på introduksjonsprogrammet og til

å oppnå betre resultat enn i 2013. I 2014 har 14 personar slutta på introduksjonsprogrammet, av desse har ni gått over i jobb/utdanning, fire har gått over i ulike NAV-tiltak, og ein person vart avslutta på grunn av høgt fråvær. Leiargruppa har bestemt at prosjektet «Frå flyktning til arbeidstakar» vert vidareført og at arbeidsgruppa vert utvida. Hovudformålet med prosjektet er at endå fleire og helst alle flyktningar kjem seg i arbeid eller utdanning. Arbeidsgruppa skal revidere

flyktningopplegget, reorganisere flyktningteamet og sjå på nytt på samarbeidet med andre etatar. I januar 2014 vart leksehjelptiltaket sett i gang. Frivillige hjelper dei som har behov for det med leksene ein dag i veka.

Ulstein kommune er framleis med i satsinga «God og effektiv busetting av flyktningar» arrangert av Husbanken. Vi er i målgruppa for deira satsing for å bidra til ei god og effektiv busetting av flyktningar.




Flyktning og innvandrarar

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	3
Tilsette	3

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Ingen negative økonomiske avvik ift. budsjett	Avvik mot budsjett	1,31
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Busette flyktningar	Busette 20 flyktningar pr. år	Tal busette flyktningar	15
Familiesameining av flyktningar	Gjennomføre seks familiesameiningar pr. år	Tal på familiesameiningar	12
Kompetanseheving	Syte for god kunnskapsutveksling mellom etatane minimum to gongar pr. år	Tal på gjennomførte møte	10
Arbeidsretting	Delta på minimum eit kurs pr. år i regi av departementet	Tal på gjennomførte kurs	3
	Oppfølging språkpraksis/arbeidspraksis 4 gongar pr. år	Tal på oppfølgingar	7
	Praktisk norskopplæring 45 veker i året	Tal på opplæringsveker	38
	Yrkesretta norsk for deltakarar med mål om å kome i arbeid 45 veker i året	Tal på yrkesretta undervisningsveker	38
Skuleretting	70% av deltakarane skal over i jobb/skule etter endt Introduksjonsprogram	Prosentdel av deltakarar som kjem over i jobb/skule	57%
	Undervisning i grunnskulefag 45 veker pr. år	Tal på undervisningsveker	38
	Tilby leksehjelp 45 veker pr. år	Tal på veker med leksehjelp	38
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Integrering	Alle flyktningar skal få delta i ein eller fleire fritidsakt innan seks månader etter busetting	Prosentdel av flyktningar som deltek på fritidsaktivitetar etter busetting	65% av dei vaksne



Sundgotmarka barnehage

Eininga og tenestene



LEIAR: NORA WINGSTERNES

Sundgotmarka barnehage ligg på Sundgot. Vårhalvåret hadde barnehagen 105 barn fordelt på fem avdelingar. Avdeling Varleite var i drift fram til 01.08 2014, og vi var fordelt på tre hus. Hausthalvåret hadde barnehagen tre avdelingar og 71 barn fordelt på to hus. Barnehagen har no ei 0-3 års avdeling (18 barn), ei avdeling for barn i alderen 2-4 år (26 barn), og ei 3-5 års avdeling (29 barn).

Barnehagen er open kl. 06.45-17.00 kvar dag, elleve månader i året.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ **Leing i grupper.** Barnehagen har jobba med dette på pedagogisk leiarnivå dei to siste åra. Barnehagen har store grupper, og mange barn som treng særskilt tilrettelegging. Det er difor viktig å jobbe med rammene våre, slik at alle barn får eit godt læringsutbytte.
- ▶ **Prosjekt saman med PPT.** Barnehagen skal vere med på eit prosjekt PPT starta opp hausten 2014 som går på systemforbetring for dei utfordrande barna.
- ▶ **Redusert sjukefråvær.** I januar 2014 starta vi eit samarbeid med NAV om sjukefråværsoppfølging. Målet er å kome ned på 10% sjukefråvær i løpet av 2014.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014


Vi har jobba med kvalitetsnormer for arbeidet vårt, der barnesyn og vaksenrolle er sentrale moment. I arbeidet med personalet har ansvarleggjering, sjølvleing og autoritative vaksne vore vektlagt. Tre assistentar deltok på Kompass; kompetanseheving for assistentar. Vi har også jobba mykje med kommunikasjon og rammer og struktur for drifta.

Barnehagen har samarbeidd med NAV Arbeidslivssenter når det gjeld sjukefråværsproblematikk. Dei to siste åra har vi hatt høgt sjukefråvær i personalgruppa. Dette kan i stor grad sjåast i samband med belastningar knytt til flyttingar og drift i mellombelse lokale.

Positivt avvik i høve budsjett på 0,3 mill. kr. Budsjett og drift i hausthalvåret har

ikkje vore tilpassa reelle behov i god nok grad. Dette skuldast manglande fullføring av tilpassing etter avslutta mellombels drift av to avdelingar.

SJUKEFRÅVÆR




Sundgotmarka barnehage

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	16,77
Tilsette	20

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,32 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Leiing i grupper	Ha minimum to foreldresamtalar årleg	Tal på foreldresamtalar	1
	Evaluering på nær- og ansvarsgrupper (enkeltbarn), to pr. år	Tal på evalueringar	4/2
Likestilte tenester	Tema likestilling på personalmøte, fire pr. år	Tal på møte med tema likestilling	1
	Tema likestilling på foreldremøte, to pr. år	Tal på møte med tema likestilling	0
	Tema på styrarsamling med private barnehagar, fire pr. år		0
Førebygging	Prosjekt med PPT, handtering og førebygge utfordrande arbeid - åtte dagar i 2014	Tal på dagar brukt til prosjekt	3
Arbeidsmiljø	Kvalitetssatsing på barnehageområdet: utviklingsarbeid på planleggingsdagar og styrarsamling fem dagar pr. år	Fem dagar pr. år	5
	Nærværarbeid ift. til sjukefråvær på ped.leiarmøte elleve pr. år	Tal på møte med nærværarbeid ift. sjukefråvær	4
	Få til rammer for ped.leiarmøte i arbeidstida elleve pr. år	Tal på ped.leiarmøte i arbeidstida	3
Godt heim-barnehage-samarbeid	Ha to foreldremøte pr. år	Tal på møte	1
	Ha to møte med foreldreutvalet pr. år	Tal på møte	2
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Oppnå 5,0 av 6,0 på total medarbeidar tilfredsheit	Score på medarbeidarundersøkinga	4,2
	Oppnå 5,0 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over eigen arbeidsplass	Score på medarbeidarundersøkinga	4,5
	Sjukefråvær < 5%	Sjukefråvær i %	13,35%

NETTO RESULTAT



Kulturavdelinga

Eininga og tenestene



LEIAR: LEIF RINGSTAD

Kulturavdelinga vart oppretta som eiga avdeling frå august 2014. I kulturavdelinga finn vi kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus og kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligsentralen. Etaten er også koordinator for Ungdomsrådet.

Kulturkontoret si hovudoppgåve er generelt kulturarbeid og tilrettelegging for det lokale kulturlivet, med vekt på barne- og ungdomsaktivitet. Oppgåvene er mellom anna handsaming av søknadar om kulturmidlar, spelemidlar, utleige av hallar og andre bygningar, tildeling av treningstider, kulturtilbod i skulen (kulturnista), konsertar og teaterarrangement, ungdomsarrangement, kulturminnevern, stimulere frivillig arbeid (Frivilligsentralen) m.m.

Øvingslokale for band, Bell Ungdomsklubb og Ungdomsrådet er viktige ungdomstiltak som er administrativt lagt til Kulturetaten. Ei anna viktig oppgåve er å legge til rette for idrett og fysisk aktivitet, der kommunedelplan for Idrett og friluftsliv (KIF-planen) er eit viktig verktøy. Planen inneheld handlingsprogram med prioriterte tiltak innan idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Det vert stilt krav om prioritert i KIF-planen for å få tilskot frå spelemidlane.

Kulturkontoret driftar også Sjøborg kulturhus og kino som ein viktig del av kulturtilbodet i Ulstein. Sjøborg kultur skal vere eit kulturhus for alle, med eit godt og variert tilbod for alle aldersgrupper, med både lokale, nasjonale og internasjonale artistar. Kulturhuset skal vere ein viktig arena for det lokale kulturliv.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Kulturkontoret skal legge til rette for gode anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, samt sikre gode rammevilkår for barne- og ungdomsidretten/-aktiviteten.
- ▶ Ungdomsrådet skal sjå til at ungdommen vert høyrte i saker som vedkjem ungdommen i kommunen, og kulturkontoret skal vere koordinator for rådet.
- ▶ Bell ungdomsklubb skal vere ein møtestad for ungdom, på ungdommen sine premisser.
- ▶ Ta i vare kulturminne i kommunen og legge til rette for eksisterande og nye kulturopplevingar.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I tillegg til den ordinære drifta har året vore prega av ein del større prosjekt/arbeidsoppgåver, som t.d. samarbeidet med NRK – «Då KORK kom til bygda», ferdigstilling av nye Ulsteinhallen og rulleringa

av KIF med tilhøyrande mengd spelemiddelsøknadar, med tilskot i storleik 54 mill. kr. I tillegg må arbeidet med etablering av Skatepark på Vikholmen, ferdigstilling av turvegen Vikemarka - Gamleeidet og oppstart på turvegen over Bugardsmyra nemnast

som positive tiltak dette året. For Arena Ulstein vart endeleg detaljprosjektering fullført og prosjektet vart lagt ut på anbod.

Kulturavdelinga har eit positivt økonomisk resultat.


Kulturavdelinga

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	5,6
Tilsette	8

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Budsjett/rekneskap i balanse	Avvik mot budsjett	0,45 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Informasjon/ samarbeid med lag og organisasjonar	Arrangere ope møte med lag og organisasjonar minimum ein gong pr. år	Tal på gjennomførte møte	1
Tildeling av treningstider i idrettshallane og øvingstid på Reiten	Alle som søker treningstider for organisert idrett og øving til kor/korps får tildelt tid	Alle som søker får tildelt trenings- og øvingstid	Alle
Frivilligsentralen skal medverke til betre integrering	Gjennomføre internasjonal kvinnekafé 40 gongar i året	Tal på arrangement	40
	Gjennomføre Mat og Prat ti gongar pr. år	Tal på arrangement	Integrert i internasjonal kvinnekafe 2014
Bell Ungdomsklubb sitt arbeid	Besøktal på 100 pr. veke fordelt på to kveldar (tysdag/fredag)	Tal på besøkande	100
	Gjennomføre ti arrangement pr. år (turar, konsertar, prosjekt, kurs m.m.)	Tal på arrangement	10
Eit aktivt ungdomsråd	Minimum 20 saker til handsaming pr. år	Handsama saker pr. år	15
	60 deltakarar på UKM kvart år	Tal på deltakarar	44
	Gjennomføre tre ungdomsarrangement pr. år	Tal på arrangement	3
Smak av Ulstein	Gjennomføre tre til fire arrangement på Sjøborg eller andre lokale	Tal på arrangement	5
	Fast samarbeid med næringsliv/butikkgruppa		Ja

NETTO RESULTAT





LEIAR: ASTRID DAGESTAD

Ulstein kulturskule

Eininga og tenestene

Ulstein kulturskule er lokalisert på Reiten og hadde 430 elevplassar i 2014. Skulen underviser i musikk, ballett og forming. Elevmassen er for det meste i aldersgruppa 6 til 18 år. Kulturskulen sel dirigenttenester til kor, korps og barnehagar i kommunen og er ein aktiv deltakar ved ulike arrangement.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Oppretthalde elevmassen og behalde kompetansen vi hadde i 2013.
- ▶ Tettare samarbeid og støtte til skulekorpsa i kommunen.
- ▶ Breiare faginnhald.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I 2014 hadde kulturskulen 34 elevkonsertar/medverknadar ved andre arrangement. Det er fire meir enn målet, og med betydeleg mindre elevmasse å arbeide med. Vi har hatt våre månadlege huskonsertar, vi

gjennomførte to ferskingkonsertar og temakonserten «Folkemusikk». Vi hadde opningskonserten på «Smak av Ulstein» der vi presenterte ein Prøysenkabaret i høve 100-års dagen for Alf Prøysen sin fødsel. Ballettelevane våre deltok også på «Open dag» i Hareidhallen.

Det vart ein markant nedgang på nye elevar til hausten 2014. Dette meiner vi kan ha samband med 25% auke i elevbetalinga. Ventelistene vart «skrapa» for å fylle opp lærarane sine stillingar inneverande skuleår.




Ulstein kulturskule

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	8
Tilsette	15

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,07 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Utvikle eleven sine evner	Arrangere 30 elevkonserter pr. år	Tal på elevkonserter pr. år	34
Kulturskuletilbod til alle	Ha mellom 450-500 elevar pr. skuleår	Tal på elevar som nyttar kulturskulen sine tilbod	430 elevplassar 330 unike elevar
	Ha god nok søkjarmasse til å unngå tap av kompetanse	Tal på venteliste	48
Nye tilbod	Kome i gang med kul-mat (undervisning i tradisjonsmat)	Ja/nei	Nei
Fungerande skulekorps	Klare å oppretthalde tre fungerande skulekorps med minimum 13 aspirantar pr. korps	Tal på aspirantar pr. skulekorps	5
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Alle tilsette skal svare på medarbeidarundersøkinga	Svarprosent	27%
	Oppnå 4,6 av 6.0 på «total medarbeidertilfredsheit»	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,1
	Oppnå 5,2 av 6.0 på spørsmålet om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score frå medarbeidarundersøkinga	5,7
	Maks 2% sjukefråvær	Sjukefråvær i %	1,19%
Medarbeidarsamtalar	Gjennomføre medarbeidarsamtalar med alle tilsette	Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar	14/14

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: ANN-MARI HARKJERR

Ulstein bibliotek

Eininga og tenestene

Ulstein bibliotek er eit lavterskeltilbod og ein uformell møteplass. I 2014 fekk vi ebokutlån i tillegg til vanleg medieutlån.

Vi arbeider aktivt for å profilere biblioteket til alle som bur i kommunen: barn, ungdom, foreldre og gamle frå mange nasjonalitetar. Ved å ha ulike arrangement som til dømes «Eventyrstunder», får vi nye og fleire som kjem innom biblioteket. Prosjektet «Internasjonal myldring på biblioteket» har ført til større besøk av innvandrargrupper.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Auka besøk og aktivitet. Biblioteket skal arbeide vidare med Leseombodsordninga (høgtlesingstilbod til eldre og funksjonshemma). Biblioteket vil arbeide ut mot skular, barnehagar, Ulstein kompetansesenter, flyktningmottak og mållag,
- ▶ Auka økonomiske rammer til gode for brukarane. Digital utvikling og endringar set krav til aktivitet, jf. Biblioteklova. For å dekke utgiftene må vi bruke av bokbudsjettet, noko som medfører færre bøker, og som igjen kan føre til mindre utlån.
- ▶ Merkevarerbygging. Biblioteket skal vere synleg i lokalsamfunnet, både i lokalavisa, på websider og i sosiale medium.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

- ▶ 20 Eventyrstunder
- ▶ Fem forfattarbesøk
- ▶ Lesekonkurranse («Boksummer») med avslutningsfest
- ▶ Klassebesøk med bokprat
- ▶ Lesevekeprosjekt i samarbeid med skulane
- ▶ Påskekonkurranse
- ▶ Teiknekonkurranse

Prosjekt

- ▶ «Internasjonal myldring på biblioteket»: Trylleshow/oppningsfest med sveler til alle.
- ▶ Faste besøk av norskgrupper frå kompetansesenteret, innføringssklasse frå Ulstein vidaregåande skule, innvandrarar frå barneskulen i lag med elevar frå 9. steg i Valfaget «Innsats for andre».

- ▶ Oppussing av fantasyrom - «Innsats for andre»

Samarbeidspartnarar 2014

- ▶ Mållaget
- ▶ Flyktningkontoret
- ▶ Link
- ▶ Ulstein ungdomsskule
- ▶ Ulsteinvik barneskule

Gjennom heile året har vi arbeidd for å få leseombod og vi har no sju personar som er i full sving med høgtlesing for eldre.

Vi har hatt eit særskilt år med merkevarerbygging og profilering. Vi har stort oppmøte på arrangement og er fornøgd med resultatet. Medieoppslag i lokalavisa har vi fått om lag kvar månad i 2014.

Biblioteket har eit økonomisk avvik i 2014. Størstedelen er knytt til lønn; etterbetaling av kvelds- og laurdagstillegg og lønnstillegg. Elles

har boktransporten auka monaleg i pris, ebokavgift (nytt i 2014) og lisensar på webbløysingar, Mikromarc o.a. har i 2014 hatt eit høgt prishopp. I tillegg har vi hatt store utgifter på kopling mot kommunalt nettverk, trådløst nett og utskifting av PC i skranke. Vi måtte ha ny programvare for å få oppgradere Mikromarc. Bokbudsjettet har gått til mykje anna enn bøker.

BIBLIOTEKSTATISTIKK OG BRUKARUNDERSØKING

Bibliotekstatistikk :
Ulstein bibliotek hadde ein auke på 10,4% i medieutlån og ein besøksauke på 2,2%


Spørjeundersøking: Dei fleste som svarte var fornøgd med bibliotektenesta, men ga uttrykk for ønske om nytt bibliotek, ny datamaskin til brukarane, meir engelske bøker og meir nynorske bøker.

Ulstein bibliotek

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	2
Tilsette	3

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	-0,05 mill. kr
Skaffe prosjektmidlar	Få tilskot til minimum eitt prosjekt pr. år	Tal på nye prosjekt med finansiering	1
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Auke aktiviteten i biblioteket	Utvikle biblioteket som ein sosial og kulturell møteplass, med minst 18 000 besøkande pr. år	Tal på besøkande	16 100
	32.000 medium skal utlånast på tradisjonell måte, 1000 som e-utlån	Tal på tradisjonelt utlån/e-utlån	33162 Ebok 467
	Alle skuleklasser i Ulstein skal minimum besøke biblioteket ein gong pr. år	Tal på klasser på besøk i høve til totalt klassetal	60
	Minimum 30 barnehagebesøk pr. år	Tal på barnehagebesøk	52
	Minimum 15 innvandrarbesøk pr. år	Tal på besøk av innvandrargrupper	15
	Etablere minimum fem leseombod gjennom prosjektet «Bok for alle»	Tal på leseombod	7
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Informere lokalsamfunnet om biblioteket sine tenester	Ti nyheitsartiklar i lokalavisa pr. år der biblioteket er med	Tal på artiklar i Vikebladet	17 nettsidaVP 10
	Skal publisere 40 nyheiter pr. år på nettsida til biblioteket/kommunen	Tal på nyheiter på nettsida	12





KINOSJEF KRISTINE BRUNGOT

Sjøborg kulturhus og kino

Eininga og tenestene

Kulturkontoret driftar Sjøborg kulturhus og kino med over 40.000 besøkande pr. år.

Sjøborg kulturhus er eit kulturhus for alle, og har eit godt og variert tilbod for alle aldersgrupper med både lokale, nasjonale og internasjonale artistar. På programmet finn vi både konsertar, teaterframsyningar og ulike show. Kulturhuset er ein viktig arena for det lokale kulturlivet.

Sjøborg kino har om lag 30.000 besøkande i året. Kinoen har ein sal med 119 stolar. Kinoen har framsyningar 6-7 dagar pr. veke, om lag 700 framsyningar med eit snittbesøk på 40 og kring 100 filmtitlar pr. år.

Ein stor del av brukarane av kinotilbodet er barn og ungdom.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Sjøborg kulturhus skal vere eit kulturhus for alle, med godt og variert tilbod for alle aldersgrupper, med både lokale, nasjonale og internasjonale artistar.
- ▶ Kulturhuset skal vere ein viktig arena for det lokale kulturliv.
- ▶ Sjøborg kino skal vere ein kino for alle, med eit godt og variert filmtilbod for alle aldersgrupper, med hovudvekt på barn og ungdom.
- ▶ Sjøborg kino skal vere ein moderne kino, med kvalitet i alle ledd, som gir publikum ei god kinooppleving «frå A til Å».
- ▶ Sjøborg kino og kulturhus har gode besøkstal som målsetjing, både årleg og pr. arrangement/framsyning.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Kinoen hadde eit godt driftsår med stabilt personale og eit bra besøk trass noko nedgang på grunn av eit generelt

dårlegare filmår enn 2013 (nedgang på landsbasis). Kinoen har hatt god aktivitet, med "Den store kinodagen" som årets høgdepunkt med mange

framsyningar, gode besøkstal, gratis frukost og fornøgd kinobesøkande. Vi har også hatt fleire skulekinovisningar.




Sjøborg kulturhus og kino

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	2,2
Tilsette	7

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Budsjett/rekneskap i balanse for begge områda	Avvik mot budsjett - kino	-0,21 mill. kr
		Avvik mot budsjett kulturhus	0,22 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Kvalitet	Nytt moderne lydanlegg i kinoen (Dolby Atmos)	Ja/ Nei	Nei, tiltak lagt fram/ikkje prioritert
Kinotilbod til alle	Vise om lag ti «smale filmar» (kvalitet) pr. år	Tal på smalare (kvalitet) filmar	8
	Vise om lag fem seniorfilmpr. år	Tal på seniorfilm	0 (grunna problem med å få folk til å vise film på dagtid, samt få aktuelle filmtitlar)
	Leggje til rette/tilby to til tre skulefilmpr. år	Tal på skulefilmpr.	3
Sjøborg kino - attraktivitet	Besøktal på minimum 27000 pr. år	Besøktal årleg	27.000
	Besøktal på minimum 35 pr. framsyning	Besøktal pr. framsyning	39
	Tilby ti framsyningar på laurdagskveld pr. år	Tal på framsyningar på laurdagskveld	17
God marknadsføring/ godt omdøme	Ein til to filmomtalar i Vikebladet pr. måned	Filmomtalar Vikebladet	0,5 – 1/ mnd
	Arrangere Den store kinodagen – sju framsyningar og 500 besøkande	Tal på framsyningar/ besøkande	2013: 7 / 330 (for få store publikumsfilmpr. på programmet)
Sjøborg kulturhus – utleige og attraktivitet	Fem til seks lokale kulturarrangement pr. år	Tal på utleige	8
	Tre til fire større konsertar i eigen regi pr. år	Tal på konsertar	6
	Utleige til kommersielle aktørar fem til seks gongar pr. år	Tal utleige	5
	Arrangere Club Sjøborg fire til seks gongar pr. år	Tal på arrangement	2
	Besøktal på 12000 pr. år	Besøktal	9288
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Medarbeidarundersøking	Resultat 5/6 for tilsette i Sjøborg kino	Resultat medarbeidarundersøking	?

NETTO RESULTAT





LEIAR: ARNE RUNAR VIK

Ulstein brannvesen

Eininga og tenestene

Brannvesenet omfattar brannberedskap/redning, brannførebygging, feiing og tilsyn i bustadane, sivilforsvar og vern mot akutt forureining. I beredskapen inngår vaktstyrke med kontinuerleg dreiarande fire-delt vakt á fire personar, og i tillegg befalsvakt/teknisk vakt, til saman 20 personar.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Beredskapen skal takle utfordringar ut frå dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak.
- ▶ Det førebyggjande arbeidet skal redusere brannrisiko og redusere konsekvensar av brann.
- ▶ Feie- og tilsynstenesta i bustadane skal utførast i tråd med framdriftsplan basert på lov, forskrifter og retningslinjer. Sal av tenester til Herøy skal vidareførast.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

I 2014 var der ingen større brannar eller ulukker. Brannvesenet hadde fleire samøvingar med politi, ambulanse og industri (øving i Selvågtunnelen, Blåhuset og Kleven Verft). Varm røykdykkarøving vart gjennomført i samarbeid med Herøy brannvesen.

Det førebyggjande arbeidet vart i grove trekk utført i samsvar med årsplan. Der vart utført vesentleg færre tilsyn

med fyringsanlegg i bustadane i Ulstein enn målsettinga. Årsaka til dette er permisjon utan vikar og pensjonering. Det vart utført nokre færre tilsyn i særskilde brannobjekt enn føresett. Hovudårsakene er eigarskifte og riving/ombyggingar som tilsa at tilsyn ikkje kunne gjennomførast.

Der var eit meirforbruk innanfor brannvernområdet på om lag 100.000 kr i 2014. Nye reglar førte til at utgiftene til pensjon vart over 300.000 kr høgre

enn budsjettet, og der ligg dermed også hovudårsaka til overskridinga. Så har der vore noko mindre forbruk på andre område. Feiinga går med om lag 150.000 kr i pluss. Det skal setjast av til bunde driftsfond. Underdekninga blir dermed om lag 100.000 kr.




Ulstein brannvesen

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	3,34
Tilsette	22

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,04 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Brannførebygging	Gjennomføre alle lovpålagde tilsyn i særskilde brannobjekt	51 objekt	44 av 51
	Feiing i halvparten av pipene	2800 piper / 2 = 1400 piper	1250
	Tilsyn i ¼ av husvære med fyringsanlegg	2800 objekt / 4 = 700	240
Tryggleik for brukar	Ingen avvik ved tilsyn frå DSB	Tal på avvik	Ingen tilsyn
	Halde utrykkingstidene i brannordninga	Fire minutt på dagtid, seks minutt om natta	13 av 38 dag 6 av 9 natt
	Gi god informasjon til innbyggarane	Delta på minst to nasjonale kampanjar pr. år	2
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Fagleg utvikling	Alle i beredskaper skal ha forskriftsfastlagt opplæring	Andel med nødvendige kurs	11/20
	Ta del på alle samarbeidsmøte innanfor brannførebygging Søre Sunnmøre	Tal på samlingar med deltaking i høve talet på samlingar	3 av 3
	Ta del på alle brannsjefsmøte på Søre Sunnmøre	Tal på møte i høve talet på samlingar (starta i 2013)	2 av 2
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Ingen skadar eller ulukker	Tal på skadar eller ulukker som fører til fråvær	0
	Alle i meir enn 50% stilling skal ha fått tilbod om medarbeidersamtale	Tal på gjennomførte medarbeidersamtalar	2
	Arbeidsnærvær > 98 %	Sjuefråvær i %	1,93 %
Øvingsaktivitet	Minst 10 øvingar pr. år, derav 1 varm øving for røykdykkarane	Gjennomførte øvingar pr. år	10 øvingar, 1 varm røykd.øving
	Årleg samøving med industrien	Minst ei øving pr. år	1
Sal av feietenester	Feiing og tilsyn i bustadane i Herøy kommune.	Gjennomført etter plan.	900 av 1800
	Objekt med feiing:	Feiing: ½ pr. år	550 av 3000
	Objekt med tilsyn:	Tilsyn: ¼ pr. år	

NETTO RESULTAT



Anlegg og drift

Eininga og tenestene



LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Under anlegg og drift ligg grøntanlegg og uteseksjonen. Grøntanlegg har gartnar, fagarbeidar og sommarhjelper (skuleelevar) som tek seg av drift og vedlikehald av kommunale plenar, bed, parkanlegg, tre m.m. Uteseksjonen utfører tenester innanfor vatn, avløp, veg, hamn, grøntanlegg og utbyggingsområde.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Ha akseptabel standard på grøntanlegg i sentrum.
- ▶ Utvikle spesialkompetanse ytterlegare for å spisse hovudansvarsområde for medarbeidarar på uteseksjonen.
- ▶ Effektivt og moderne materiell og utstyr.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Grønt

Stor aktivitet med grøntanlegga i sentrum (Sjøgateutbygginga) – ordinær aktivitet på øvrige grøntanlegg i kommunen. Avdelinga har også ansvar for vedlikehald av alle grøntanlegga til UEKF (skular – sjukeheim m.m.) Resultat er tilfredstillande, men det er ei utfordring med første slåttan grunna tidleg vår og mangel på sommarhjelper så tidleg på sommaren.

Veg

Sommar- og vintervedlikehald har gått etter plan. Det er gjort ein god innsats med skifting av stikkrenner og rydding langs veg. Asfaltering etter politisk prioritet.

Godt resultat.




Anlegg og drift

Utviklingsmål


BEMANNING	2014
Årsverk	8
Tilsette	8

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	-0 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Skape trivsel i kommunens grøntområde	Kommunale plenar i sentrum skal vere slått minimum ein gong pr. veke i sommarhalvåret	Tal på plenslåttar pr. veke	1
	Grøntområde utanfor sentrum skal haldast ved like minst to gongar i løpet av sommarhalvåret	Tal på gjennomførte vedlikehald av totalt tal på grøntområde (10 område)	20 av 20 (100%)
Integrering	Etablere samarbeid med flyktningmottak for arbeid/arbeidstrening	Om prosjektet er kome i gong	nei
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Alle tilsette skal svare på medarbeidarundersøkinga	Tal på svar i høve til samla tal på tilsette	6 av 9 (67%)
	Oppnå minimum 5,0 av 6,0 på «total medarbeidartilfredsheit»	Gjennomsnittleg score på medarbeidarundersøkinga	4,9
	Oppnå minimum 5,0 av 6,0 på spørsmål om stoltheit over eigen arbeidsplass	Gjennomsnittleg score på medarbeidarundersøkinga	5,4
	Arbeidsnærvær > 98 %	Sjukefråvær i %	3,08 %
	Gjennomføre medarbeidarsamtale med alle tilsette som ynskjer det	Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar av totalt antal som ynskjer å gjennomføre medarbeidarsamtale	2013: 8/8

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: ANITA SUNDNES

Plan- og bygningsavdelinga

Eininga og tenestene

Avdelinga har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing innanfor lovverket som avdelinga forvaltar. Søknadar om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen er løpande oppgåver. Kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata er også eit betydeleg fagfelt. I tillegg forvaltar avdelinga kommunale låne- og tilskotsordningar (Husbanken), og sal og tilrettelegging av kommunale bustad- og næringsstomter.

Avdelinga førebur saker for avgjerd i teknisk utval, formannskap og kommunestyre.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Utarbeide planstrategi og kommunale reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan, overordna styringssignal og politiske vedtak med sikte på god og langsiktig arealforvaltning.
- ▶ Å oppfylle krava for planlegging og forvaltning som er nedfelte i plan- og bygningslova på ein god fagleg og ressurseffektiv måte.
- ▶ Å kunne rettleie, gi fagleg gode råd knytt til privat reguleringsarbeid og søknadsprosessar i bygge- og frådelingssaker og oppmålingstenester. Brukarane skal oppfatte informasjon og sakshandsaming som forutsigbar, korrekt, objektiv og at avdelinga opptrer profesjonelt.
- ▶ Ha eit ajour digitalt kartverk som grunnlag for tenestene vi utfører.
- ▶ Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar og fristar for utføring av oppmålingstenester.
- ▶ Få tilrettelagt nye bustad- og næringsareal slik at målsetjingane i overordna planverk om tomtetilgang kan oppnåast.
- ▶ Legge til rette for god fagleg utvikling blant medarbeidarane gjennom deltaking på lokale, regionale og nasjonale seminar og fagsamlingar.
- ▶ For Husbanken sine låne- og tilskotsordningar må kommunalt regelverk samordnast med endringane Husbanken innførte våren 2014. Informasjon og sakshandsaming må tilpassast dette og om mogleg forenklast/effektiviserast.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Avdelinga hadde som mål å få gjennomført full adressering i 2014, men dette fekk vi ikkje til, då det vart prioritert å arbeide med beredskap

og få på plass gode system på dette området. Vi har fått ny kartløyning for web og mobil/nettbrett, herunder nye sunnmørskart og andre kartportalar både internt og som temakart for alle. Talet på oppmålingsforretningar

er markert lavare enn 2013. Då var det mange kurante oppmålingar av kommunale bustadtomter, medan det i 2014 har vore færre, men store og tidkrevjande saker.


Plan- og bygningsavdelinga

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	6,9
Tilsette	7

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,11 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Adressering	99 % av alle eigedomar skal ha tildelt vegadresse innan 2015	Tal frå sentral matrikkel	86%
Digitalt kartverk	Bustadhus som har fått bruksløyve skal vere innmålt og lagt inn i kartet	Prosentvis del av godkjende tiltak med bruksløyve som er målt inn	85 %
Kommunale bustadtomter	Til ei kvar tid ha kommunale bustadtomter klar for sal	Tal på selde tomter/ framleis ledige kommunale tomter registret i kartverk	20 / 16
Kommunale næringstomter	Til ei kvar tid ha område for næring klar for sal	Tal på byggeklart og ledig næringsareal	33 daa
Sakshandsaming byggesak	Utføre sakshandsaming av alle byggesaker innanfor lovfastlagde fristar	Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for søknader med tre vekers svarfrist	12 dagar
Tilsyn byggesak	Utføre tilsyn i alle nye bueningar før bruksløyve	Prosentvis del av av utførte tilsyn i nye bueningar	97%
	Følgje opp alle ulovlege tiltak som ein får kjennskap til/oppdagar	Tal på oppfølgde tiltak av dei vi er merksame på	3/3
Oppmålingstenesta	Utføre oppmålingsarbeid innanfor lovfastlagd frist	Tal på utført innanfor fristen av totalt antal utførte oppmålingar	59/61
Brukarundersøking byggesak	Oppnå 5.0 av 6.0 på informasjon	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	4,5
	Oppnå 5,2 av 6.0 på respektfull handsaming	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	5,1
	Ha eit totalt snitt på 4,8 av 6.0 på brukarundersøkinga	Gjennomsnittleg score frå brukarundersøkinga	4,7
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Fagleg utvikling	Medarbeidarane skal ta del på minst ei nasjonal, regional eller lokal samling/kurs pr. år	Tal på medarbeidarar som har delteke på kurs/snitt tal på kurs pr. medarbeidar	7 / 4

NETTO RESULTAT





LEIAR: ODD KÅRE WIIK

VA - Vatn og avløp

Eininga og tenestene

Vassforsyning

Ny hovudplan for vassforsyning 2014 – 2019 vart vedteken av kommunestyret 25.9.2014

Mål: Nok vatn – Godt vatn – Sikker vassforsyning.

Avløp

Mål: Sikker drift for alle kommunale avløpsanlegg. God kapasitet og ikkje forureining (ukontrollerte utslepp).

Teneste og utviklingsmål

- ▶ God og trygg vassforsyning til alle abonnentane (heile kommunen).
- ▶ Utbyggingar i samsvar med hovudplan for vassforsyning og for avløp.
- ▶ Avløpsanlegg som er utbygde, fungerer og vert drifta i samsvar med alle relevante krav i forhold til standard og miljø.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Vatn

Hovudvassleidningar i Ulsteinvik, Sjøgata og til Dimnøya fullført. Like eins vart det gjort eit stort arbeid med vassbehandlingsanlegga på Gamleidet og på Flø (nye filter). Det var lagt ny inntaksleidning i Mosvatn. Målet oppnådd.

Avløp

Kloakkanlegg/pumpestasjon for nye Sjøside i Ulsteinvik. Sanering av overvatn (vatn i kloakken). Starta arbeidet med ny hovudplan for avløp. Vi er godt nøgde med resultatet. Ikkje avvik på økonomi. Målet oppnådd.




VA - Vatn og avløp

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	2
Tilsette	4

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	1,08 mill. kr
	Gjennomføre alle tiltak etter hovudplanane for vatn og avløp	Avvik mot planlagde prosjekt målt i kr	
	Ha ei moderat gebyrendring frå år til år	Avgiftsændring i %	Vatn: 12,8% Avløp: 25,5%.
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Du får god service frå teknisk etat	Oppnå minimum 5,5 av 6,0 på gjennomsnittleg brukertilfredsheit	Gjennomsnittleg score på brukarundersøkinga	4,9
	Oppnå minimum 5,0 av 6,0 på spørsmål om tillit, respekt og service frå våre brukarar	Gjennomsnittleg score på brukarundersøkinga	4,6
	Oppnå minimum 5,0 av 6,0 på spørsmål om informasjon frå våre brukarar	Gjennomsnittleg score på brukarundersøkinga	4,9
Sikre tilgang til kvalitetsmessig godt vatn	Vi skal unngå uføresette driftsavbrot i vassforsyninga	Tal på driftsavbrot pr. år	7
	Alltid tilby kvalitet på drikkevandet i samsvar med drikkevassforskriftene	Tal på avvik på bakteriologiske prøver	0
Nulltoleranse til forureining	Ingen uforutsette driftsavbrot som medfører at kloakken går i overløp	Tal på driftsavbrot som medfører forureining	0
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Sjå skjema anlegg og drift			

NETTO RESULTAT



Talet på årsverk og tilsette må sjåast i samanheng med skjemaet Anlegg og drift



LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Veg og hamn

Eininga og tenestene

Drifte vegar og hamner på ein trygg og tilfredstillande måte. Vegar skal vere opne for allmenn ferdsel heile året.

Bygge gang- og sykkelvegar i samsvar med trafikktryggingsplan og kommunedelplan for veg.

Teneste og utviklingsmål

- ▶ Drifte vegar, kaier og hamner på ein trygg og tilfredstillande måte. Vegar skal vere opne for allmenn ferdsel heile året. God og framkomeleg veg heile året. Vegstandard skal vere av ein slik kvalitet at det sikrar trafikktryggleiken for alle trafikantar.
- ▶ Bygge ut gang- og sykkelvegar i samsvar med gjeldande trafikktryggingsplan. Ruste opp kommunekaia i sentrum – større investering.
- ▶ Gjere punktutbetringar av vegnettet med fokus på trafikktrygging.

AKTIVITET OG RESULTAT 2014

Utbetring av siktsoner langs veg og i vegkryss. Bygge ut veg i Saunesmarka.

Bygge ut fortau langs Øvrevegen (bak Bugarden). Vere aktive og ta del/legge til rette i utbygging av Sjøgata i Ulsteinvik.

Prosjekta er gjennomførte etter plan og innanfor ramme, og vi er godt nøgde med resultatet.




Veg og hamn

Utviklingsmål

BEMANNING	2014
Årsverk	0,5
Tilsette	2

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
God økonomisk styring	Halde budsjett	Avvik mot budsjett	0,14 mill. kr
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Brukaren i fokus	Oppnå minimum 4,5 av 6,0 på spørsmål om transport og tilgjengelegheit frå våre brukarar	Gjennomsnittleg score på brukarundersøking	Ikkje gjennomført brukarundersøking
Sikre god framkomst på kommunale vegar ved snøfall	Alle kommunale vegar som gjennom natta har blitt dekt med meir enn ti cm tørr snø skal vere brøyta innan kl. 07:00 på alle kvardagar	Tal på innmelde avvik til servicetorget	Statistikk ligg ikkje føre
Halde brukarane orientert om forhold som kan vere av interesse	Publisere informasjon og innlegg på nettsidene til kommunen minimum ein gong pr. måned	Tal på innlegg pr. måned	1,5 pr. måned
ORGANISASJON	MÅL	INDIKATOR	RESULTAT 2014
Vedlikehald	Skifte/etablere minimum fem nye stikkrenner pr. år	Tal på nye/utskifta stikkrenner	4
Oppretthalde standard på Ulsteinvik kommunale kai	Gjennomføre forprosjekt for avklaring av vedlikehald		Ikkje løyvd pengar til dette
Sjå elles skjema anlegg og drift			

NETTO RESULTAT



Interkommunalt barnevern

Årsmelding med rekneskapsversikt for barneverntenesta
Hareid, Volda, Ørsta, Ulstein

Brynhild Solvang
interkommunal barnevernsjef

1.1.2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. Denne årsmeldinga omhandlar det aller første driftsåret med denne organisasjonsmodellen. Dei fire samarbeidskommunane gjekk inn i dette med ei forståing om at 2014 må sjåast som eit "utprøvings- og etablerings-år", der det etterkvart vil vise seg kva konsekvensar den interkommunale barnevernsteneste vil gi på ulike område.

ÅRSVERK

Ved utgangen av 2014 var det vel 60 årsverk i tenesta; 31,3 av desse var i den lovpålagte barneverntenesta (barnevernssjef, kontorfagleg personale, fagteamleiarar, barnevernskonsulentar og tiltakskonsulentar). I tillegg til desse var omlag 30 årsverk knytt opp mot arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta (fagteamleiar, administrativt personale, miljøarbeidarar og miljøterapeutar).

ORGANISERING

Personalet vart i starten av året organisert og oppdelt i fagteam, organisert etter fasane i ei barnevernssak. Kvart fagteam har sin leiar. I tillegg har vi øymerka 100 % stilling fordelt på to personar som skal fokusere på førebyggjande og tverrfagleg arbeid i samarbeidskommunane. Ved sida av den daglege drifta og ivaretaking av mellom 300 og 350 barn i ulike fasar/tiltak, har vi dette året hatt fokus på å bygge og etablere ein heilt ny organisasjon. Fire ulike praksisar, rutinar og arbeidsmåtar har kravd mykje oppryddings-, samordnings- og samkøyringsarbeid. Ved sida av omorganiseringsprosessar

og driftsutfordringar, har vi likevel søkt å ha hovudfokuset på barna, som vår aller viktigaste prioritet. Personalet har også delteke i ulike typar kurs, og vi har hatt interne opplærings- og fagdagar. Kurs arrangert av Fylkesmannen og det regionale nettverket "Mission Possible" har vore prioritert. Barnevernssjefen og fagteamleiarane har delteke i KS sitt nasjonale nettverk for utvikling av barnevernet. Dette er eit utviklingsarbeid, og ein prosess som skal avsluttast til sommaren 2015 med ei skriftleg "teneste og kvalitetsanalyse".

MELDING OG UNDERSØKING

Det er ei utfordring å halde fristane i alle saker, og ein har ikkje i løpet av året kome ajour i dette arbeidet. Dette har fokus, og det vert arbeidd med strategiar for å takle denne utfordringa.

Nye meldingar, tal frå barnevernet sitt fagsystem, «Familia»:

	2014	2013
Hareid	61	53
Ulstein	55	38
Volda	90	81
Ørsta	75	116
Samla	281	288

BARN MED TILTAK UTAFOR HEIMEN

(tala i parentes er einslege mindreårige flyktningar):

	Barn i fosterheimsom eit frivillig hjelpetiltak	Barn under omsorg (i fosterheim eller institusjon)	Barn med etterverns-tiltak (oppfølging etter fylte 18 år)
Hareid	2	15	0
Ulstein	6	14	12
Volda	5	14	5 (+ 12)
Ørsta	0	17	4 (+ 4)
Samla	13	60	21 (+16)

Kravet i barnevernslova om at alle barn i fosterheim skal ha sin eigen omsorgsplan, og at dei skal ha fire besøk pr år frå barneverntenesta, er ikkje oppfylt. Vi har arbeidd mykje med dette i 2014, og har oppnådd betre resultat enn kva tilhøva var tidlegare år. Dette vil det bli arbeidd vidare med i 2015.

Barn som har vore i omsorgstiltak og som når myndighetsalderen på 18 år, har rett til ettervern fram til dei fyller 23 år. Erfaringane tilseier at mange ønskjer og har behov for det. Det er ei utfordring for barneverntenesta å få andre kommunale tenester til å "overta" tenesteytinga når barna når myndighetsalder, og dermed har krav på tenester etter andre lovverk enn Lov om Barnevernstenester. Avklaringar kring desse spørsmåla, i samarbeid med andre kommunale tenester i våre kommunar, vil verte høgt prioritert frå vår side i 2015.

REKNESKAP

Kostra 251 (tiltak i heimen) og Kostra 252 (barn som bur utafør heimen):

Desse dekker ulike tiltak for enkeltbarn, og kan som nemnt vere vanskeleg å

forutsjå. Kostra 251 og 252 kan også vere vanskeleg å skilje eksakt, fordi eit barn kan variere mellom tiltak i og utanfor heime i løpet av eit år. I det følgjande ser vi desse utgiftene samla, i samheng med kva utgifter kommunane hadde i 2013 og 2014, samt kva som har vore budsjettert. Beløpa er i heile millionar kroner:

	Rekneskap 2013 (nto driftsutgifter – SSB-tal)	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Hareid	8,2	6,4	6,7	6,8
Ulstein	11,0	11,3	9,5	9,7
Volda	10,1	8,3	9,1	9,3
Ørsta	8,2	9,3	8,0	8,1
Samla	37,5	35,0	33,3	33,9

I tabellen over ser vi at Ulstein er underbudsjettert i forhold til behovet som rekneskapstala for både 2014 og 2013 syner. Ulstein har hatt eit overforbruk på tiltakssida på ca 1,8 millionar kroner for 2014. I forhold til talet på barn i tiltak pr i dag, er budsjetteringa også for 2015 marginal.

Ulstein har dei høgaste utgiftene til tiltak av dei fire samarbeidskommunane. Men Ulstein er også den kommunen som har flest barn plasserte utafør heimen, og flest unge mellom 18 og 23 år i ettervernstiltak. Nokre av desse tiltaka er omfattande og gir store utslag på kostnadssida. I tillegg hadde Ulstein tre nye omsorgsovertakingar/plasseringar i 2014. Desse barna er plasserte i “forsterka fosterheimar”, forholdsviss kostbare tiltak, sjølv om BUF-etat refunderer utgiftene som overstig kr 360 000 pr år.


Ulstein har også, som fleire andre kommunar, barn plassert i fosterheimar, der fosterforeldre er frikjøpte frå sitt vanlege arbeid for å ta seg av barna. I slike tilfelle kompenserer barnevernet for tapt løn. Eit slikt tiltak kostar omtrent det same som ein institusjonsplass pr år, men er på den andre sida ei fagleg god løysing for barnet.

Ulstein skil seg også ut ved å ha hatt fire ungdommar på institusjon gjennom heile 2014 (og 2013). Eitt av desse tiltaka vart avslutta i desember 2014 då barnet fylte 18 år, og i februar 2015 vil ytterlegare eit slikt tiltak verte avslutta. Såframt det ikkje kjem nye barn som må plasserast i institusjon, vil Ulstein kunne få omlag 1,6 millionar mindre i direkte utgifter til institusjonsopphald i 2015 enn i 2014.

Prosentvis vekst i sysselsettinga 2009 - 2013

© Møre og Romsdal fylkeskommune

- Vekst over 5 prosent
- Vekst 0-5 prosent
- Nedgang < 5 prosent
- Nedgang > 5 prosent



Møre og Romsdal
fylkeskommune
www.mrfylke.no/statistikk

Sammensetning av innvandrere i BA Ulstein 2010 og 2015

Innvandrere 2010		Innvandrere 2015	
Polen	458	Polen	688
Sri Lanka	131	Litauen	439
Romania	126	Romania	343
Tyskland	92	latvia	201
Thailand	87	Sri Lanka	129
Filippinene	78	Thailand	106
Russland	56	Filippinene	102
Litauen	53	Tyskland	86
Irak	50	Russland	82
Nederland	43	Estland	71
Storbritania	41	Eritrea	70
Andre	605	Andre	1028
Totalt	1820	Totalt	3345
Antall nasjonaliteter	75	Antall nasjonaliteter	89



ULSTEIN - der baug bryt bære



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik, Norway

Tel.: +47 70 01 75 00

Fax.: +47 70 01 75 11

www.ulstein.kommune.no